



DET KONGELIGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2022–2023)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2023

Utgiftskapitler: 1–2, 500–595, 2412, 2445

Inntektskapitler: 3500–3595, 5312, 5570, 5607, 5615–5616



DET KONGELIGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2022–2023)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2023

Utgiftskapitler: 1–2, 500–595, 2412, 2445

Inntektskapitler: 3500–3595, 5312, 5570, 5607, 5615–5616

Innhold

Del I	Innleiande del	9	Programområde 13 Statsforvaltning og kommunesektoren mv.	46
1	Satsingsområde	11	<i>Programkategori 13.00 Administrasjon</i>	46
1.1	Ein heilskapleg politikk for heile Noreg	11	Kap. 500 Kommunal- og distriktsdepartementet	51
1.2	Berekraftig utvikling	12	Kap. 502 Tariffavtalte avsetninger mv.	56
1.3	Omstilling og fornying i offentleg sektor	13	Kap. 505 Boliglånsordningen i Statens pensjonskasse	57
1.4	Digitalisering og ny teknologi – desentralisering i praksis	14	Kap. 3505 Boliglånsordningen i Statens pensjonskasse	59
1.5	Vidareutvikling av bustadpolitikken	16	Kap. 5607 Renter av boliglånsordningen i Statens pensjonskasse	60
1.6	Ein aktiv distriktpolitikk	17	Kap. 506 Yrkesskadeforsikring	60
2	Det økonomiske opplegget for kommunesektoren	20	Kap. 3506 Yrkesskadeforsikring	61
2.1	Kommunesektoren sine inntekter i 2022	20	Kap. 507 Gruppelivsforsikring	61
2.2	Kommunesektoren sine inntekter i 2023	20	Kap. 3507 Gruppelivsforsikring	62
3	Oppfølging av oppmodingsvedtak	24	Kap. 510 Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon	62
4	Oversikt over budsjettforslaget	36	Kap. 3510 Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon	64
4.1	Utgifter fordelt på programkategori og kapittel	36	<i>Programkategori 13.25 Statsforvalterne</i>	65
4.2	Inntekter fordelt på programkategori og kapittel	38	Kap. 525 Statsforvalterne	70
4.3	Budsjettgevinstar frå endra jobbreisevanar	40	Kap. 3525 Statsforvalterne	74
4.4	Kompensasjonsutrekningar i samband med innføring av ny premiemodell for statlege verksemder frå 2022	40	<i>Programkategori 13.30 Statlege byggjeprojekt og eigedomsforvaltning</i>	75
Del II	Budsjettforslag	41	Kap. 530 Byggjeprojekt utanfor husleieordninga	78
5	Nærmere om budsjettforslaget mv.	43	Kap. 531 Eigedomar til kongelege føremål .	80
Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar	43	Kap. 532 Utvikling av Fornebuområdet	81	
<i>Programkategori 00.10 Det kongelege hus</i>	43	Kap. 533 Eigedomar utanfor husleieordninga	81	
Kap. 1 H.M. Kongen og H.M. Dronninga	44	Kap. 3533 Eigedomar utanfor husleieordninga	82	
Kap. 2 H.K.H. Kronprinsen og H.K.H. Kronprinsessa	45	Kap. 2445 Statsbygg	82	
		Kap. 5446 Sal av eigedom, Fornebu	88	
		Kap. 5447 Sal av eigedom utanfor statens forvaltningsbedrifter	88	
		<i>Programkategori 13.40 Forvaltningsutvikling, IT- og ekompolitikk</i>	89	
		Kap. 540 Digitaliseringsdirektoratet	92	
		Kap. 3540 Digitaliseringsdirektoratet	98	
		Kap. 541 IT- og ekompolitikk	99	
		Kap. 542 Internasjonalt samarbeid	104	
		Kap. 3542 Internasjonalt samarbeid	106	
		Kap. 543 Nasjonal kommunikasjonsmyndighet	107	
		Kap. 3543 Nasjonal kommunikasjonsmyndighet	111	

Kap. 5570 Sektoravgifter under Kommunal- og distriktsdepartementet	111	Kap. 5312 Husbanken	185
		Kap. 5615 Husbanken	186
<i>Programkategori 13.45 Personvern</i>	113	<i>Programkategori 13.90</i>	
Kap. 545 Datatilsynet	114	<i>Planlegging, byutvikling og geodata</i>	187
Kap. 3545 Datatilsynet	115	Kap. 590 Planlegging og byutvikling	190
Kap. 546 Personvernemnda	116	Kap. 595 Statens kartverk	195
		Kap. 3595 Statens kartverk	197
<i>Programkategori 13.50</i>		Del III Omtale av særlege tema	199
<i>Distrikts- og regionalpolitikk</i>	117	6 Samfunnstryggleik og beredskap	201
Kap. 553 Regional- og distriktsutvikling	120	7 Klima- og miljørelevante saker	206
Kap. 554 Kompetansesenter for distriktsutvikling	135	8 Oppfølging av berekraftsmåla i Kommunal- og distriktsdepartementet	209
		9 Lønsvilkår o.a. til leiarar i heileigde statlege verksemdar	216
<i>Programkategori 13.60 Samiske formål</i>	139	10 Likestilling	217
Kap. 560 Samiske formål	140	10.1 Likestilling i staten	217
Kap. 563 Internasjonalt reindriftssenter	142	10.2 Likestilling i verksemdene	220
Kap. 3563 Internasjonalt reindriftssenter	143	11 Gjennomgang av byggjeprojekt i statleg sivil sektor ...	222
<i>Programkategori 13.67 Nasjonale minoriteter</i>	144	Forslag	225
Kap. 567 Nasjonale minoriteter	145	Vedlegg	
<i>Programkategori 13.70 Kommunesektoren mv.</i>	150	1 Den breie distriktspolitikken	238
Kap. 571 Rammetilskudd til kommuner	153	2 Pågåande byggjeprojekt der Stortinget har godkjend kostnadsrammene	246
Kap. 3571 Tilbakeføring av forskudd 157		3 Gjeldande romartalsvedtak frå tidlegare år	247
Kap. 572 Rammetilskudd til fylkeskommuner	157		
Kap. 3572 Tilbakeføring av forskudd 158			
Kap. 573 Kommunestruktur	166		
Kap. 575 Ressurskrevende tjenester	166		
Kap. 577 Tilskudd til de politiske partier	168		
Kap. 578 Valgdirektoratet	170		
Kap. 579 Valgutgifter	171		
Kap. 5616 Kommunalbanken AS	171		
<i>Programkategori 13.80 Bolig, bomiljø og bygg</i>	172		
Kap. 581 Bolig- og bomiljøtiltak	174		
Kap. 585 Husleietvistutvalget	179		
Kap. 3585 Husleietvistutvalget	180		
Kap. 587 Direktoratet for byggkvalitet	180		
Kap. 3587 Direktoratet for byggkvalitet	182		
Kap. 2412 Husbanken	182		

Digitale vedlegg

Prográmmakategoriija 13.60 Sámi ulbmilat
Oppfølging av berekraftsmåla i Noreg

Tabelloversikt

Tabell 2.1	Auke i kommunesektoren sitt handlingsrom i 2023	21	Tabell 5.10	Områdesatsinger – forslag til bevilgninger i 2023	192
Tabell 2.2	Realvekst i kommunesektoren sine samla inntekter i 2023	21	Tabell 10.1	Prosentdelen kvinner og menn i alle leiarstillingar og toppleiarstillingar i statleg sektor 2017–2021	218
Tabell 2.3	Kommunane og fylkeskommunane sine frie inntekter	22	Tabell 10.2	Tal på menn og kvinner og gjennomsnittleg løn for menn og kvinner i utvalde yrkeskategoriar	219
Tabell 2.4	Kommunesektoren sine inntekter i 2023	23	Tabell 10.3	Tal på årsverk og gjennomsnittleg månadsforteneste per årsverk 2016-2021	220
Tabell 3.1	Oversikt over oppmodingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer	24	Tabell 10.4	Tilstandsrapportering i Kommunal- og distriktsdepartementet og underliggende verksemdar	221
Tabell 5.1	Utviklingen i boliglånsordningen i Statens pensjonskasse	58	Vedlegg		
Tabell 5.2	Byggjeprojekt utanfor husleigeordninga – under oppføring	79	Tabell 1.1	Økonomisk politikk	239
Tabell 5.3	Ordinære byggjeprojekt – vidareføring	85	Tabell 1.2	Næringspolitikk	239
Tabell 5.4	Balansen til Statsbygg	87	Tabell 1.3	Infrastruktur	241
Tabell 5.5	Satser for distriktstilskudd Sør-Norge 2023	154	Tabell 1.4	Velferd, oppvekst og miljø	242
Tabell 5.6	Satser for distriktstilskudd Nord-Norge 2023	155	Tabell 1.5	Særskilde tiltak for Finnmark og Nord-Troms	244
Tabell 5.7	Satser for Nord-Norge-tilskudd 2023	157	Tabell 1.6	Tiltak som prioriterer Nord-Noreg og rammetilskot til kommunane	245
Tabell 5.8	Tilskudd gjennom inntektsystemet i 2022 og 2023	159			
Tabell 5.9	Endringer i rammetilskuddet til kommuner og fylkeskommuner som følge av endringer i oppgavefordelingen, regelendringer, innlemming av øremerkede tilskudd mv.	160			

Figuroversikt

Figur 5.1	Organisasjonskart for Kommunal- og distriktsdepartementet med underliggende etater og tilknyttede virksomheter	52	Vedlegg		
Figur 5.2	Ressursfordeling per departementsområde for 2021	71	Figur 1.1	Utvikling i den breie distriktpolitikken 2008–2023	238

Oversikt over bokser

Boks 2.1	Inntektene til kommune- sektoren i 2023	23	Boks 5.1	Radiostøykontrollen	112
			Boks 5.2	Virkemidler	121



DET KONGELIGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2022–2023)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2023

Utgiftskapitler: 1–2, 500–595, 2412, 2445

Inntektskapitler: 3500–3595, 5312, 5570, 5607, 5615–5616

*Tilråding fra Kommunal- og distriktsdepartementet 23. september 2022,
godkjent i statsråd samme dag.
(Regjeringen Støre)*

Del I
Innleiande del

1 Satsingsområde

1.1 Ein heilskapleg politikk for heile Noreg

Noreg er eit vidstrakt land med store geografiske forskjellar i samfunns- og næringsliv. Vi har eit velutvikla nasjonalt, regionalt og lokalt folkestyre og eit samfunn med høg tillit og relativt små forskjellar. Demokratiseringa av landet med Grunnlova frå 1814 og formannskapslovene frå 1837, parlamentarismen i 1884, utvidinga av stemmeretten og nasjonalt sjølvstende i 1905, er òg historia om korleis dette samfunnet blei skapt. Det er ein bærande idé i samfunnet vårt at innbyggjarane, folket, skal kunne påverke utviklinga i samfunnet, nasjonalt, regionalt og lokalt. Det lokale folkestyret, både i kommunar og fylkeskommunar, gir innbyggjarane innverknad på utviklinga av sine lokalsamfunn og si framtid. Motivasjonen for å delta i lokalpolitikken og i det lokale organisasjonslivet er ein gjensidig avhengigheit og solidaritet i samfunnet. Dei lokale folkevalde har dessutan ein kunnskap om dei lokale forholda som gjer det mogleg å tilpasse politikken til innbyggjarane sine ønskjer og lokalsamfunnet sine føresetnader. Nett derfor er det viktig at einingane ikkje blir for store, og at dei omfattar eit geografisk område som er hensiktsmessig og som har lokal oppslutning. Dette fører til ein variasjon som er verdifull og som avspeglar ulike preferansar i befolkninga. Det er ikkje, og det bør heller ikkje vere, eit mål at lokalsamfunn, alle kommunar og fylkeskommunar skal gjere dei same vala og tilpasse seg på same måte. Variasjon og mangfald er eit sjølvstendig mål.

Tenester nær folk i heile landet er eit grunnleggjande mål for denne regjeringa. Kommunane har ansvar for mange av dei viktigaste velferdsoppgåvene, og bidrar til å sikre gode levekår og tilgang til grunnleggjande tenester både i bygd og by i heile Noreg.

Kommunesektorens samla inntekter utgjer om lag 19 pst. av BNP for fastlands-Noreg. Kvar femte sysselsette i landet er tilsett i kommunal sektor. Storleiken på kommunesektoren inneber at utviklinga i sektoren er av stor betydning for utviklinga i norsk økonomi, og sektorens samla ressursbruk har stor verknad på heilskapen i øko-

nomien. Det økonomiske opplegget for kommunesektoren er omtala i pkt. 2.

Det er store forskjellar mellom kommunane når det gjeld kva for utfordringar dei står overfor, og det er kommunane sjølv som er best i stand til å vurdere kva som trengs mest i deira kommune. Det kommunale sjølvstyret gir rom for skreddarsydd løysingar for kvart einskilt lokalsamfunn. Derfor skal kommunesektoren i all hovudsak vere rammefinansiert og hovudsakeleg bli gitt frie midlar. Øyremarka tilskot skal som hovudregel vere forbeholdt viktige nasjonale prioriteringsområde i ein oppstartsfase, eller finansiering av oppgåver som få kommunar har ansvar for. Regjeringa er oppteken av å gi kommunane handlingsrom til å løyse oppgåvene lokalt.

Rammefinansiering skal framleis vere berebjelken i finansieringa av kommunesektoren. Kommunane sitt inntektssystem skal utjamne dei økonomiske skilnadene mellom kommunar, og det samla finansieringssystemet skal sikre godt samsvar mellom inntekter og oppgåver for den enkelte kommune. Regjeringa tar sikte på å leggje fram forslag til nytt inntektssystem for kommunar og fylkeskommunar våren 2023.

Større handlingsrom for kommunar og fylkeskommunar og meir fagleg fridom for førstelina legg til rette for meir velferd og betre tenester til innbyggjarane. Regjeringa har derfor satt i gang ei tillitsreform i offentleg sektor. I tråd med tillitsreforma ser regjeringa også på korleis ein kan etablere ei frikommuneordning, der kommunar og fylkeskommunar kan søkje om fritak frå lover og reglar innan utvalde område.

Gode fellesskapstenester som er tilgjengelege for alle, reduserer ulikskap og skilnader i levekår. Talet på byområde med barnefattigdom har auka. Regjeringa vil ta tak i utfordringar knytte til levekår, sosial mobilitet og barnefattigdom i byane. Dei kommunane som har dei største utfordringane, slik som nokre av dei større bykommunane, har ei sentral rolle i dette arbeidet og vil vere viktige samarbeidspartnarar for regjeringa. Regjeringa vil forsterke områdesatsingane og utvide dei til nye område.

Det skal vere tre folkevalde nivå i Noreg. Ei eventuell grunnleggjande endring av denne strukturen ved å fjerne fylkeskommunen vil også føre til ei omfattande kommunesamanslåing og sentralisering. Kostnadane ved ei slik omorganisering av Noreg vil bli svært store, og dette er ikkje gjennomført i andre land som det er naturleg å samanlikne seg med.

Regjeringa meiner eventuelle kommunesamanslåingar skal vere frivillige. Tida for overkøying av lokalsamfunn er over. I juni vedtok Stortinget deling av tvangssamanslåtte fylkeskommunar og Ålesund kommune. Ved lokalvalet hausten 2023 skal innbyggjarane igjen få stemme i val til fylkestinga i Finnmark, Troms, Telemark, Vestfold, Buskerud, Akershus og Østfold fylker, og til kommunestyret i Haram.

Fylkeskommunen har ansvar for mange viktige tenester for folk og lokalsamfunn. Regjeringa vil bidra til at vi har eit velfungerande folkestyre på regionalt nivå og styrkje fylkeskommunen som samfunnsutviklar. Utviklinga av det lokale og regionale demokratiet skjer mellom anna gjennom desentralisering av oppgåver, og regjeringa vurderer derfor å overføre enkelte oppgåver frå statsforvaltarane til fylkeskommunane.

1.2 Berekraftig utvikling

Berekraftsmåla blei vedtatt av FN-landa i 2015. Kommunal- og distriktsdepartementet har frå 2020 ansvar for den nasjonale koordineringa av arbeidet med berekraftsmåla.

Stortinget drøfta berekraftsarbeidet i april 2022, jf. Meld. St. 40 (2020–2021) og Innst. 218 S (2021–2022). Regjeringa arbeider no med å følgje opp berekraftsmåla, mellom anna gjennom eit forum der toppleiarar frå næringslivet, academia, kommunesektoren, frivillige organisasjonar og partane i arbeidslivet deltek, og gjennom etatsstyringa av statlege verksemdar.

Innsatsen frå kommunesektoren er også nødvendig for å motvirke sentraliseringa og i arbeidet med å nå dei ambisiøse klimamåla våre. Kommunar og fylkeskommunar er avgjerande for arbeidet med å realisere ei berekraftig samfunnsutvikling. Regjeringa har derfor inngått ein samarbeidsavtale med KS om berekraft og innovasjon. Gjennom avtalen skal partane mellom anna arbeide saman om ei felles forståing av kva berekraftsmåla inneber for kommunar og fylkeskommunar og korleis dei kan operasjonaliserast, slik at dei speglar utfordringane nasjonalt, regionalt og lokalt.

Regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane legg berekraftsmåla, lokalt folkestyre og desentralisering til grunn for samfunns- og arealplanlegginga. Planlegging etter plan- og bygningslova er eit viktig verktøy i dette arbeidet. Oppdatert kunnskap, opne planprosessar og tilrettelegging for å kunne delta i planprosessane, aukar kvaliteten på planane. Dette inneber at planarbeidet sikrar demokratisk forankring og nødvendig samordning og samarbeid med andre styresmakter og aktørar.

Kommunane har eit stort ansvar for berekraftig planlegging som varetar sosiale, miljømessige og økonomiske behov for innbyggjarane, natur og næringsliv. Det lokale sjølvstyret er viktig, og statlege og regionale styresmakter skal leggje vekt på lokaldemokratiet når det vurderast om det skal fremjast motsegn eller innvending. Statlege motsegner må bli færre og samordnast betre.

I NOU 2020: 12 *Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn* blir utfordringane for ei berekraftig utvikling i distrikta gjort greie for. Denne utgreiinga viser korleis ulike næringar som utnyttar naturressursane kan styrkje utviklinga i distrikta og i lokalsamfunna dersom myndigheitene legg til rette for dette. Utvalet trekker og fram ei rekke forslag som kan forbetre planprosessane, styrkje kommuneøkonomien, fremje næringsutvikling og busetnad. I NOU 2020: 15 *Det handler om Norge – utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene* blir berekraft drøfta, og utvalet held fram at det er viktig for Noreg at folketalet i distriktskommunar med spreidd busetnad vert halde oppe. Samstundes peikar utvalet på at nedgang i folketal også må løysast gjennom planlegging og organisering for å gi gode tenester og desentralisering.

Valet i 2023 vil gi nye kommune- og fylkesting. Regjeringa legg fram nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging i forkant av at fylkeskommunane og kommunane skal utarbeide regionale og kommunale planstrategiar. Dokumentet skal formidle dei viktigaste prioriteringane til regjeringa på planområdet for å fremje ei desentralisert og berekraftig utvikling. Dette skal bidra til at fylkeskommunane og kommunane kan gjennomføre samfunns- og arealplanlegginga effektivt og utan for mange konflikhtar. Departementet har ansvar for statlege planretningslinjer, som òg er viktige for å tydeleggjere den nasjonale politikken. Departementet støttar vidare opp om planarbeidet i fylkeskommunane og kommunane gjennom kompetansetiltak, kunnskapsdeling og ved å utvikle nye verktøy.

Departementet har fått evaluert dei statlege planretningslinjene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Målet er å praktisera arealpolitikken slik at den er tilpassa regionale og lokale forhold, og slik at det kan leggjast til rette for ny vekst og sterkare utvikling i område med svak eller negativ utvikling i folkesetnaden. Sentralisering er ikkje berekraftig utvikling. Alle kommunar skal ha moglegheit til å utvikle små og store lokalsamfunn, både gjennom spreidd busetnad og i kommunesenter. Særleg i dei områda der folketalet går ned eller står stille må det verte rom for større vekt på dei lokale vurderingane og prioriteringane.

Regjeringa prioriterer den offentlege plan- og arkitekturkompetansen ved å styrkje høgare utdanning og forskning. Det er over heile landet tilbod om rettleiing og etter- og vidareutdanning, i samarbeid med offentlege og private aktørar. Regjeringa oppmodar kommunane til samarbeid gjennom interkommunale plankontor og andre former for interkommunalt plansamarbeid for å styrkje kapasiteten og kompetansen til å drive samfunnsutvikling.

Det blir vist til omtale i del III pkt. 8 om oppfølging av berekraftsmåla i Kommunal- og distriktsdepartementet.

1.3 Omstilling og fornying i offentleg sektor

Regjeringa ønskjer ein sterk og effektiv offentleg sektor som gir innbyggjarar gode tenester, valfridom og medverknad. Regjeringa sine mål for desentralisering og fornying av offentleg sektor er å oppnå meir velferd og mindre administrasjon, meir lokal fridom og mindre detaljstyring. Alle skal ha tilgang til tilpassa velferdstenester av god kvalitet gjennom det offentlege.

Arbeidet med regjeringa si tillitsreform er ein integrert del av regjeringa sitt arbeid med å fornye og utvikle offentleg sektor. Dei to andre områda i fornyingsarbeidet er innovasjon og digitalisering. For arbeidet med digitalisering, sjå pkt. 1.4 under.

Målet med tillitsreforma er å gi brukarane og innbyggjarane betre velferd og betre tenester til rett tid. For å få til dette, må ein gi dei tilsette meir rom og meir tid til å utføre arbeidsoppgåvene, og ein må styrkje samarbeidet mellom partane.

Tillitsreforma gjeld heile offentleg sektor, både staten og kommunesektoren. Den er eit felles prosjekt for regjeringa. Det er dei enkelte departementa som skal iverksette reforma i sine

sektorar. Kommunal- og distriktsdepartementet har ansvar for eigen sektor og det overordna ansvaret for kommunesektoren. I tillegg har Kommunal- og distriktsdepartementet ansvar for å setje rammene for, koordinere og sjå til at dei ulike elementa i tillitsreforma går inn i ein heilskap og dessutan å sjå til at tiltaka i dei ulike sektorane heng saman. Kommunal- og distriktsdepartementet har som ein del av denne overordna rolla kontakt med dei sentrale partane i arbeidslivet i offentleg sektor om tillitsreforma; LO, YS, Unio, Akademikerne, KS og Spektet.

Det er krevjande å setje gode mål, og det er vanskeleg å måle og vurdere resultat i etterkant. Mål- og resultatstyringa må utviklast slik at dei tilsette sitt faglege sjølvstende ikkje blir avgrensa unødig, til dømes gjennom å ikkje setje for detaljerte mål. Tillitsbasert leiing vil etter regjeringa sitt syn gjere det lettare å redusere talet på mål, og gjere dei meir overordna – både mellom og i verksemdene. Statstilsetteundersøkinga frå 2021 viser at dei som er i førstelinja og i operativ teneste, er dei som gir lågast skår på spørsmål om dei får brukt kompetansen i jobben, og på om dei opplever at dei har stor grad av sjølvbestemming. Ein viktig del av tillitsreforma er derfor at tillitsbasert leiing, der myndigheit blir delegert og handlingsrommet til den enkelte medarbeidar blir auka, blir brukt meir gjennomgåande i staten. Slik skal medarbeidaren kunne skape betre resultat gjennom å utnytte kompetansen sin betre, ta større ansvar og nytte det auka handlingsrommet til beste for brukaren.

Det må leggjast til rette for at leiarar i staten har opplæring i den norske arbeidslivsmodellen, medbestemming og partssamarbeid. Kommunal- og distriktsdepartementet har bede Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) om å innarbeide opplæring i medbestemming, partsamarbeid og tillitsbasert leiing i leiarutviklingstilbodet retta mot leiarar på ulike nivå.

Staten skal ha vilkår som gjer det mogleg å rekruttere leiarar med god og rett kompetanse, samstundes som lønsutviklinga for leiarar ikkje skal overskride det som er gjennomsnittleg lønsutvikling i samfunnet. Regjeringa vil prioritere å utarbeide nye retningslinjer for leiarlønningar og andre typar godtgjersle for leiarar i staten, som legg til rette for reduserte lønsskilnader.

Eit viktig tiltak i tillitsreforma er å auke graden av innovasjon, og mellom anna setje i verk forsøk og pilotar. Regjeringa ønskjer å byggje og vidareutvikle ein kultur for innovasjon i offentleg sektor. Leiarar må utvikle kultur og kompetanse for innovasjon, og gi medarbeidarar fridom til å finne fram

til nye løysingar. Dette bør baserast på innsikt og forståing for kva som kan vere mest effektivt, og i samarbeid med brukarane av tenestene. Kommunal- og distriktsdepartementet vil samarbeide både med Kunnskapsdepartementet og DFØ for å leggje til rette for at statlege verksemdar møter framtida sitt kompetansebehov, mellom anna innanfor digitalisering, forvaltningskompetanse og tillitsbasert leiing.

Det er behov for å leggje til rette for meir radikal og grunnleggjande nyskaping, òg å finne betre tilnærmingar for å løyse dei store samfunnsutfordringane. Regjeringa vil derfor teste ut lokale forsøk og pilotar for fornying i offentleg sektor. Regjeringa vil også auke kommunalt sjølvstyre med større grad av innovasjon, og dessutan endre regelverk og praksis for offentlege anskaffingar, slik at dei støttar viktige mål som berekraft, gode løns- og arbeidsvilkår, bruk av lærlingar og lokale ringverknader. Departementet har bedt Digitaliseringsdirektoratet om faglege råd om korleis verkemidla for nyskaping i offentleg sektor kan utviklast vidare, slik at dei er betre tilpassa dagens og framtidas behov.

Samfunnet har blitt meir komplekst, og fleire politikkområde femner fleire sektorar. Derfor må forvaltninga sjå heilskapen og samanheng på tvers, og finne nye og meir innovative måtar å jobbe saman på. Utvikling og oppfølging av politiske vedtak skal bli betre samordna, i dei tilfella der dette er nødvendig. Forsøk med ei ny tverrgående arbeidsform, kalla kjernegrupper, skal gjere departementa betre i stand til å møte særleg komplekse utfordringar. Det er sett i gang kjernegrupper innanfor klima og omstilling, utsette barn og unge, kunnskap for kriser og kompetanse i staten og departementa. DFØ følgjer kjernegruppene og vil levere ein erfaringsrapport i 2023.

Statsforvaltaren skal arbeide for best mogleg samarbeid mellom kommunar, fylkeskommunar og statleg verksemd i fylket. For å styrkje samordningsrolla til statsforvaltarane har Kommunal- og distriktsdepartementet, mellom anna som del av oppfølginga av tillitsreforma, teke initiativ til å forenkle og forbetre styringa. Dei ulike departementa som styrer statsforvaltaren, er oppmoda om å fastsette færre krav til styring og rapportering, å gi fleire felles oppdrag, og meir lik og felles utforming av styringskrava.

I 2021 brukte statsforvaltninga 13 mrd. kroner på konsulenttenester. Lønsutgiftene i statsforvaltninga var i same år 143 mrd. kroner. Konsulentandelen varierer betydeleg mellom ulike statlege verksemdar. Regjeringa vil kutte i konsulentbruk i staten, og har i tildelingsbreva for 2022 pålagt stat-

lege verksemdar å arbeide for å redusere konsulentbruken på område der det ligg til rette for å nytte interne ressursar og kompetanse. Utover informasjons- og haldningskampanjar skal tenester frå kommunikasjonsbransjen som hovudregel ikkje nyttast. Verksemdene skal rapportere om konsulentbruken i årsrapporten for 2022.

Det er også gevinstar å hente ut gjennom felles innkjøpsavtaler. DFØ ved Statens innkjøpssenter inngår og forvaltar felles innkjøpsavtaler på vegne av staten. I 2022 blei det inngått ei avtale om flyreiser, og DFØ har estimert eit potensial for at avtala kan spare staten for minst 70 mill. kroner i året. DFØ skal i 2023 jobbe vidare med tiltak for å realisere gevinstar av alle inngåtte fellesavtaler for innkjøp.

Regjeringa ønskjer ei betre demokratisk styring og kontroll av velferdstenestene. Derfor har regjeringa sett ned eit utval som skal vurdere alternative løysingar til kommersiell drift for den delen av dei skattefinansierte velferdstenester som vert levert av private, kommersielle aktørar. Føremålet med utvalet er å greie ut korleis kommersiell drift kan fasast ut i ulike skattefinansierte velferdstenester, og legge fram ein eigen nullproffittmodell for kvar slik sektor. Utvalet skal òg greie ut ein juridisk definisjon for ideelle driftsformer. Alternativa til kommersiell drift kan vere at slike tilbod vert tilbakeført i offentleg eigenregi, at det vert eit større innslag av ideelle aktørar, eller ein kombinasjon av desse alternativa. Men ei utfasing kan òg innebere moglegheiter for framleis innslag av kommersielle aktørar med utgangspunkt i ei strengare regulering av verksemda deira enn i dag. Utvalet skal levere utgreiinga innan 1. juni 2024.

1.4 Digitalisering og ny teknologi – desentralisering i praksis

Ny teknologi gir store moglegheiter for desentralisering og styrking av busetnad og næringsutvikling i heile landet. For å lykkast med vidare digitalisering som legg til rette for verdiskaping og gode tenester i heile landet, er det viktig med ein god digital grunnmur i botn. Noreg har gode og sikre elektroniske kommunikasjonsnett i internasjonal målestokk, men tilbodet er betre i byar og tettstader enn i distrikta. Regjeringa ønskjer derfor ei kraftig utbygging av breiband- og mobildekning i heile landet.

Denne infrastrukturen og dei digitale tenestene legg til rette for nye løysingar som kan bidra til å løyse nokre av dei største utfordringane sam-

funnet står ovanfor, som behovet for auka produktivitet, ny velferdsteknologi i møte med ein aldrende befolkning og ny teknologi som kan bidra til å redusere klimaavtrykket i ei rekke næringar.

Mobil- og breibandsnett har blitt ein av dei viktigaste infrastrukturane i samfunnet og tilgang overalt er avgjerande for å sikre busetjing og verdiskaping i heile landet. Stadig større verdiar blir lagt inn i netta, på tvers av alle samfunnssektorar. Utbygginga av høghastigheits breiband går raskt i Noreg. Samstundes er det framleis betydelege geografiske forskjellar i breibandsdekninga. Per første halvår 2022 hadde 93,6 pst. av husstandane tilbod om breiband med hastigheit på minst 100 Mbit/s nedlasting, og i tillegg hadde 92,5 pst. tilbod om gigabitbreiband. I tettbygde strøk hadde heile 97 pst. av husstandane tilbod om gigabitbreiband, medan berre 70 pst. hadde slikt tilbod i spreiddbygde strøk.

Det er viktig å motverke at nokre område systematisk heng etter i utbygginga av breiband, og prioritere at alle husstandar og verksemdar så raskt som mogleg har tilbod om minimum 100 Mbit/s nedlastingshastigheit. Regjeringa har som mål at alle skal ha slikt tilbod innan utgangen av 2025. Det viktigaste verkemiddelet for å nå alle med raskt breiband er å leggje til rette for kommersiell utbygging. I nokre område byggjer ikkje marknadsaktørane ut på kommersielt grunnlag, og i slike område aukar regjeringa innsatsen. Forslaget om 412,7 mill. kroner i 2023 vil innebære den høgaste løyvinga til breibandutbygging som har vore i Noreg nokon gong.

Den teknologiske utviklinga går raskt. 5G-utbygginga har skote fart i 2022, og over to tredelar av befolkninga har no tilbod om 5G der dei bur. Regjeringa legg til rette for utbygging, og tilbydarane sine mål tilseier at det skal vere nasjonal dekning om lag på nivå med 4G-dekninga i løpet av 2023 eller tidleg i 2024. I tillegg legg regjeringa til rette for behova til industrien, både gjennom frekvensforvaltning og 5G-industriforum. Mobilnetta, og spesielt 5G, er eit viktig supplement til kabelbasert breiband, og kan bidra til å nå alle i heile landet med raskt breiband. Desse netta, saman med sensorar som kan koplast til internett (Tingas Internett (IoT)) og kunstig intelligens, legg også til rette for nye løysingar i industrien, auka produktivitet og reduserte klimautslepp, som følgje av forbetring og automatisering av prosessar. I tillegg blei breibandstilbod over lågbane-satellittar lansert i Sør-Noreg hausten 2022, og det er forventat at tilbodet blir utvida til heile landet. Dette vil kunne bidra til eit breibandtilbod med

god kapasitet og auka tilgjengelegheit mange stader, spesielt i distrikta.

I tillegg til høg kapasitet, er det viktig at netta er sikre og robuste. Kommunal- og distriktsdepartementet og Nasjonal kommunikasjonsmyndighet følgjer opp dette gjennom krav i ekomlova og sikkerheitslova, og gjennom tilsyn, pålegg og rettleiing. Departementet har i 2022 hatt på høyring endringar i ekomlova som legg til rette for auka sikkerheit i datasenter. I tillegg vidarefører regjeringa arbeidet med å styrkje samarbeidet mellom kraftsektoren og ekomsektoren, som har avhengigheit til kvarandre.

Generelt har norske nett høg tilgjengelegheit, men regjeringa vil gjere meir for å redusere sårbarheiter, ikkje minst i distriktsområde der det manglar kommersielt grunnlag for reserveløysingar. Regjeringa foreslår derfor å styrkje satsinga på telesikkerheit og beredskap i 2023. Programmet forsterka ekom held fram. Gjennom programmet får sårbare kommunar etablert eit område i kommunen med forsterka reservestraum på tre døgn og ofte alternative føringsveggar. Dette gir vesentleg auka beredskap for lokal kriseleiing og befolkninga elles. Vidare foreslår regjeringa midlar til å styrkje infrastrukturen i Nordland. Med dette vil både Finnmark, Troms og Nordland ha fått slike målretta tiltak. I tillegg foreslår regjeringa midlar til systemet for mobilbasert befolkningsvarsling i dei norske mobilnetta og vil også prioritere den nye reserveløysinga for kommunikasjon til Svalbard.

Den auka kapasiteten og sikkerheita desse tiltaka i den digitale grunnmuren bidrar til, gjer at det ligg til rette for vidare utvikling av digitale tenester. Den høge digitale kompetansen i befolkninga støttar opp om slik utvikling.

I eit stadig meir digitalt samfunn, er det viktig at ingen blir halde utanfor. Noreg skårar høgast på områda brukarorientering og digital infrastruktur i internasjonale undersøkingar. Regjeringa har høge ambisjonar for digitalisering av offentleg sektor og ønskjer å gjennomføre eit taktskifte i digitaliseringa av offentleg sektor. Dette skal bidra til gode tenester for innbyggjarar, næringsliv og frivillig sektor, uansett kvar i landet ein held til. Digitalisering skal bidra til ein sterk og effektiv offentleg sektor. Digitalisering skal òg vera eit verktøy for å jobba smartare internt i offentleg sektor.

Under pandemien auka digitaliseringstakta i offentleg sektor. Dei digitale fellesløysingane har spelt ei avgjerande rolle i denne raske utviklinga av nye digitale tenester. Digitaliseringsdirektoratet har starta arbeidet med å fornye den tekniske

plattforma for fellesløysingane slik at dei er rusta for vekst, og skal prioritere dette arbeidet i 2023.

Regjeringa vil òg leggje til rette for at Noreg utnyttar moglegheitene bruk av teknologi og data gir for auka verdiskaping, innovasjon og berekraftig utvikling. Det er viktig å ha gode rammevilkår som støttar utvikling og bruk av digitale tenester, mellom anna deling av offentlege data for innovasjon og nye forretningsmodellar i næringslivet og sivilsamfunnet. Regjeringa vil òg jobbe for at kompetansen i små og mellomstore bedrifter blir styrkt, slik at dei kan ta del i den datadrivne økonomien. Samstundes vil regjeringa følgje med på utviklinga i internasjonalt regelverk, mellom anna knytt til kunstig intelligens.

Regjeringa vil leggje fram ein handlingsplan som følgjer opp strategien *Digital hele livet*. Som ein del av arbeidet har Kommunal- og distriktsdepartementet og KS i 2022 inngått ein ny samarbeidsavtale om å vidareføre arbeidet med kommunale hjelpetilbod for å auke den digitale kompetansen til innbyggjarane. Alle skal kunne bruke dei offentlege digitale tenestene, uavhengig av alder, funksjonsevne og utdanningsnivå. Regjeringa foreslår for 2023 at det blir sett av midlar til både tilskot til hjelpe og rettleiingstilbod til innbyggjarar med manglande eller låg digital kompetanse, tilskot til Seniornett og midlar for å legge til rette for krav om synstolking, jf. omtale under programkategori 13.40.

Befolkninga må ha tillit til digitale løysingar for at dei skal vere villige til å ta løysingane i bruk. Eit godt personvern er sentralt for denne tilliten. Regjeringa vil gjere den regulatoriske sandkassa for personvern og kunstig intelligens permanent frå 2023. Sandkassa er eit tiltak for å stimulere til utvikling av personvernvenlege og rettferdige tekniske løysingar, og både offentlig og privat sektor kan få rettleiing i arbeidet med å ivareta personvernet i nye og innovative løysingar.

Regjeringa vil vidareutvikle den nasjonale infrastrukturen for geografisk informasjon for å styrkje deling og bruk av data på tvers av offentlig og privat sektor. I 2023 blir det foreslått 36 mill. kroner ekstra til arbeid knytt til matrikkelen, med utvikling av ein ny modul for overføring av store mengder data i samband med deling av fylke og kommunar og oppstart av eit arbeid for å verdifastsette fritidsbustadar. Løyvinga vil bidra til generell heving av kvaliteten på matrikkelen og følgjer opp oppmodingsvedtak frå Stortinget. Ein matrikkel med høgare kvalitet og betre tekniske løysingar er viktig for arbeidet med forenkling og innsparingar i stat, kommunar og næringsliv.

Ein nasjonal detaljert høgdemodell er ferdigstilt og bidrar til betre grunnlag for avgjerder i både offentlig og privat sektor, og store innsparingar knytt til temakartlegging, klimatilpassing, beredskap, planarbeid og infrastrukturutbygging.

1.5 Vidareutvikling av bustadpolitikken

Regjeringa ønskjer ein aktiv bustadpolitikk, og har fire hovudsatsingar:

- fleire skal få moglegheit til å eige eigen bustad
- utvikle gode bustadmiljø
- leggje til rette for å byggje fleire bustader
- ha ei klimavenleg byggjenæring

Regjeringa vil leggje fram ei melding til Stortinget om ein heilskapleg bustadpolitikk. Meldinga vil både ta for seg både leige- og eigarmarknaden.

Vi har, i realiteten, ikkje berre éin bustadmarknad i Noreg, men fleire. Det er store forskjellar mellom kommunar, og mellom by og distrikt. Sentraliseringa forsterkar dette biletet. Dermed er også løysingane lokale, og kommunane har ei viktig rolle i arbeidet med å jamne ut sosiale og geografiske forskjellar i bustadmarknaden.

Det å eige sin eigen bustad kan gi økonomisk tryggleik. Denne økonomiske tryggleiken går ofte i arv mellom generasjonane. Samstundes er føresetnadane for stabile og trygge bustadforhold større for dei som eig enn for dei som leiger bustad. For mange er det å kjøpe bustad vegen til ein trygg og stabil bustadsituasjon. Eigarlinja ligg fast i norsk bustadpolitikk, og regjeringa vil bidra til at fleire skal kunne kjøpe sin eigen bustad. Eit av spørsmåla regjeringa skal sjå på i meldinga til Stortinget, er om det er for vanskeleg å kome inn på bustadmarknaden for nokre grupper og i nokre delar av landet.

Regjeringa er oppteken av å finne gode løysingar for kommunar i distrikta med lav nybygging, samstundes som det er mangel på bustader som er tilpassa folk sine behov. Når det er få aktørar i bustadmarknaden, er behovet for at kommunane tar ei aktiv rolle spesielt stort. Regjeringa vil styrkje det distriktsretta arbeidet i Husbanken, og foreslår å setje av midlar til kommunane til å teste ut nye verkemiddel og samarbeidsformer for å fremje gode bustadtilbod i distriktskommunar i 2023.

Sentraliseringa forsterkar forskjellane i bustadprisar mellom sentrum og utkanten. Høge bustadprisar i pressområda gjer det vanskeleg for barnefamiljar og personar med låge inntekter å

etablere seg, og det kan oppstå ei opphoping av dårlege levekår. Regjeringa er oppteken av å finne løysingar for pressområde med høg prisvekst på bustader. Det kan vere behov for nye måtar å jobbe på, og regjeringa foreslår å setje av midlar til forsøk i pressområde i 2023.

Trygge og gode bustadforhold er viktig for å bidra til å jamne ut forskjellar i levekår og sikre gode vilkår for oppvekst for barn og unge.

Ei sentral utfordring i bustadpolitikken er at ikkje alle hushald sjølv klarar å skaffe seg og behalde ein eigna bustad. Statistisk sentralbyrå (SSB) anslår at om lag 165 600 personar var vanskelegstilte på bustadmarknaden i 2021. Dette er personar som har låg inntekt, og i tillegg er trongbudde og/eller har høg gjeldsbelasting. Dette var ein nedgang på om lag 10 000 personar frå 2020. Regjeringa ønskjer å vidareføre denne utviklinga, og har lagt fram eit nytt lovforslag for å hjelpe vanskelegstilte på bustadmarknaden, jf. Prop. 132 L (2021–2022) *Lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet*. Lovforslaget klargjer kva plikter kommunane har på det bustadsosiale feltet, og kan bidra til betre og meir likeverdig hjelp til vanskelegstilte på bustadmarknaden.

Bustøtta er eit viktig verkemiddel for å sikre personar med låge inntekter og høge buutgifter ein høveleg bustad. I mai 2022 tok regjeringa imot ein rapport frå ei ekspertgruppe som har evaluert bustøtteordninga og foreslått ei framtidig innretting av ordninga. Rapporten vil bli viktig i arbeidet med å vidareutvikle bustøtta.

Regjeringa vil ha ei klimavenleg byggjenæring, samstundes som byggjekostnadane skal vere så låge som mogleg. Regjeringa har mellom anna innført krav om at nye bygg skal vere tilrettelagde for seinare demontering, og at materialar skal vere kartlagde for ombruk ved endringar i eksisterande bygg. Kravet til sortering av avfall ved tiltak i nye og eksisterande bygg er auka frå 60 pst. til 70 pst.

Regjeringa vil bidra til auka energiproduksjon og energieffektivisering i eksisterande og nye bygg. Regjeringa arbeider med fleire tiltak, og vil som ein del av arbeidet også vurdere endringar i plan- og bygningsregelverket. Regjeringa vil sjå tiltak i samanheng slik at dei gir best mogleg verknad, og balansere omsyn til energiutfordringar, miljø og klima og byggjekostnadar. Regjeringa har vidare sett av til saman 480 mill. kroner årleg til energitiltak gjennom Husbanken, slik at Husbanken frå 2023 kan gi støtte til energitiltak i kommunalt eigde utleigebustader, sjukeheimar og omsorgsbustader, og studentbustader. Sjå omtale under kap. 581, post 60 og kap. 270, post 76 i Prop.

1 S (2022–2023) for Kunnskapsdepartementet. Støtta til energitiltak i kommunalt eigde utleigebustader vil kome hushald med låge inntekter til gode.

Regjeringa har i mange år hatt samarbeid med dei store byane om områdesatsing i område som har opphoping av levekårsutfordringar. Regjeringa er oppteken av at alle nabolag skal vere gode og trygge stader å bu og vakse opp i. Det er derfor satt av midlar til områdesatsingar i byar, sjå omtale under kap. 590, post 65. I 2023 foreslår regjeringa å auka midlane til områdesatsingar med 15 mill. kroner til nye samarbeidsavtaler om områdesatsingar.

NOU 2020: 16 *Levekår i byer – Gode lokalsamfunn for alle* viser at det er tendensar til auka skilnader mellom nabolag i byane, særleg på Aust- og Sørlandet. Nokre område har ein svært høg del barn i fattige familiar, som mellom anna kan gi krevjande oppvekstforhold. Regjeringa vil våren 2023 leggje fram ei melding til Stortinget om levekår i byar.

1.6 Ein aktiv distriktpolitikk

Regjeringa vil leggje til rette for at folk skal kunne bu, arbeide og leve gode liv i heile landet og at alle innbyggjarar, uansett bustad, har eit velfungerande tenestetilbod. Det viktigaste er trygt arbeid til alle, god beredskap og velferdstenester nær folk. Regjeringa vil sikre eit godt og desentralisert tenestetilbod. Ein omfordelende skatte- og avgiftspolitik, gode offentlege tenester, infrastruktur og satsing på teknologi, omstillingsevne og kunnskap er nødvendig for å sikre busettjing og verksemdar i heile Noreg. Regjeringa vil våren 2023 leggje fram ei melding til Stortinget om distriktpolitikk, og mellom anna vurdere tilrådingar gitt av distriktsdemografiutvalet og distriktsnæringsutvalet.

Eit hovudverkemiddel i distriktpolitikken er den differensierte arbeidsgjevaravgifta. Regjeringa vidarefører denne ordninga. Regjeringa vil gå gjennom det distriktpolitiske verkemiddelapparatet for å sikre at det fungerer best mogleg.

For å skape nye jobbar og kutte utslapp, vil regjeringa føre ein aktiv grøn næringspolitikk, og satse på område som karbonfangst, -bruk og -lagring, havvind, hydrogen, batteriteknologi, grøn skipsfart, landtransport, og skog, treforedling og andre fornybare næringar. Dette er viktige distriktsnæringsar som vil gi viktige bidrag til grøn omstilling. Regjeringa er oppteken av at fylkeskommunane og kommunane bidrar til god tilgang på attraktive og berekraftige næringsareal som

sikrar vekst og utvikling i alle delar av landet. Lokalisering og planlegging av næringsareal må gjerast på bakgrunn av eit heilskapleg og komplett kunnskapsgrunnlag. Det er nødvendig for å sikre viktige areal for matproduksjon og naturmangfald, unngå auka klimagassutslepp, leggje til rette for nødvendig infrastruktur og bustader og for å ta omsyn til lokalsamfunnet og andre viktige samfunnsinteresser. Regjeringa vil bidra til effektive planprosessar for grøn industri gjennom rettleiing og andre tiltak som styrkjer dialogen mellom aktuelle styresmakter og partar.

Kommunane er viktige medspelarar i utviklinga av nye arbeidsplassar og auka eksport baserte på våre felles naturressursar. I Hurdalsplattformen står det at regjeringa vil:

«Sikre at lokalsamfunn som stiller sine naturressurser til disposisjon for utbygging, får mer igjen for det og sikres en rettmessig del av verdiskapingen, herunder gjennom endret skattlegging av vindkraft.»

Det grønne skiftet vil krevje omfattande arealbruk både til fornybar energi og nye grønne næringar. Ein viktig premis for gjennomføringa av det grønne skiftet, vil nett vere at dei lokalsamfunna som avstår verdifulle areal til slike føremål, blir sikra sin rettmessige del av verdiskapinga.

Regjeringa vil leggje til rette for at lokalsamfunn som stiller sine naturressursar til disposisjon for utbygging, får meir igjen for det og blir sikra ein rettmessig del av verdiskapinga. Sjå nærare omtale i Prop. 1 LS (2022–2023) Skatter, avgifter og toll 2023.

For å sikre landbruk over heile landet auka verdiskaping og redusert klimaavtrykk, er det nødvendig å auke lønsemda i bruk av jordbruksareala. Fiskerinæringa og havbruksnæringa er viktige for norsk økonomi, og for norsk matproduksjon, verdiskaping, busetjing og arbeidsplassar langs kysten. Samisk reindrift er ei viktig distrikts- og kulturnæring som er familiebasert og byggjer på eit unikt levesett. Reindriften har gode moglegheiter for auka verdiskaping, og har som urfolksnæring eit særskilt vern i kraft av folkeretten.

Reiselivet skal bidra til å sikre verdiskaping og arbeidsplassar i heile landet. Regjeringa vil jobbe for å gjere reiselivsnæringa meir berekraftig, for å sikre fleire heilårlege arbeidsplassar i næringa.

Regjeringa vil satse på kunnskap og praktisk læring gjennom heile livet. Regjeringa vil styrkje utviklinga av fleksible og desentraliserte utdannings- og kompetanseutviklande tilbod på alle

utdanningsnivå i distrikta, basert på regionale kompetansebehov. Regjeringa har som mål å mobilisere innbyggjarar og verksemder til kompetanseutvikling, gjennom mellom anna studiesentra som skal leggje til rett for utdanning der folk bur, basert på lokale behov. Regjeringa vil òg leggje til rette for at statleg tilsette kan jobbe desentralisert. Det inneber mellom anna å byggje kompetansmiljø over heile landet gjennom ei jamnare fordeling av offentlege arbeidsplassar.

Infrastruktur som veg, jernbane, hamner, ferjer, flyplassar, breiband og mobilnett bind Noreg saman. Auka framkome og betre tryggleik skal liggje til grunn for samferdslespolitikken.

Hamnene er viktige for verdiskaping og busetjing langs kysten. Regjeringa vil ruste opp hamner og farleier slik at vi kan få meir gods frå veg til sjø og sikre vidare utvikling av fiskeriavhengige kystsamfunn. Regjeringa meiner det er ei viktig oppgåve å sørge for eit godt ferjetilbod og sikre at overføringane til fylkeskommunal ferjedrift samsvargar betre med kva dei reisande og næringslivet treng. Med budsjettforslaget for 2023 vil regjeringa halvere prisane på riksvegferjer og fylkesvegferjer samanlikna med 1. januar 2021. Regjeringa innførte i 2022 ei ordning med gratis ferje som no blir utvida, og som vil gjelde for alle ferjesamband med under 100 000 passasjerar årleg og til øyer og andre samfunn utan vegsamband til fastlandet. Sjå meir i Prop. 1 S (2022–2023) for Samferdselsdepartementet.

Digital infrastruktur er avgjerande for å byggje landet i framtida. Digitalisering og ny teknologi endrar samfunnet. Det kan bidra til mellom anna utvikling i offentlege og private tenester, eit meir effektivt og miljøvenleg næringsliv og transportsystem og samarbeid mellom aktørar over store avstandar. Regjeringa meiner det er eit statleg ansvar at alle i Noreg – husstandar og verksemder – har tilgang til høghastigheitsbreiband.

Regjeringa vil fremje innovasjon i offentleg sektor og eit taktskifte i digitaliseringspolitikken, som også kjem distrikta til gode.

Regjeringa har eit mål om auka bustadbygging i distrikta, og vil derfor styrkje det distriktsretta arbeidet til Husbanken og gi kommunane ei styrkt rolle i arbeidet med å jamne ut sosiale og geografiske skilnader i bustadmarknaden.

Regjeringa vil sikre ei desentralisert helseteneste. Ei sterk offentleg helseteneste er avgjerande for å unngå sosiale og geografiske skilnader og ein todeling av helsetenesta. Ei utvikling og styrking av fastlegetenesta er derfor eit viktig mål.

Regjeringa har revidert retningslinjene for lokalisering av statlege arbeidsplassar og statleg

tenesteproduksjon. Statlege verksemdar bidrar til å styrkje kompetansmiljøa, og til meir breie og solide arbeidsmarknader i regionane der dei ligg. Statlege arbeidsplassar bør derfor kome heile landet til gode.

Regjeringa vil gi folk i heile landet tryggleiken tilbake. Regjeringa vil bidra til betre samarbeid mellom dei ulike naudetatane og andre beredskapsorganisasjonar, og vil arbeide for at dei er til stades i heile Noreg.

Regjeringa vil styrkje det lokale politiet i heile landet, både for å sikre betre førebuing og for raske respons ved alvorlege hendingar. For å oppnå auka lokal beredskap vil regjeringa betre dei lokale polititjenestene, gi meir tilgjengeleg politi for folk i heile landet og opprette nye tenestestader. Polititjenestene skal betrast blant annet gjennom lokalt tilpassa tiltak som kan setjast inn i samarbeid mellom kommune og politidistrikt.

Regjeringa meiner berekraftige småbyar og større tettstader med levande sentrum, variert bustadtilbod, gode nabolag og eit mangfald av tilbod, tenester og møteplassar vil gjere heile regionen attraktiv for befolkning, næringsliv og besøkjande. Utviklingskraftige og attraktive småbyar som samhandlar godt med omlandskommunane sine om mellom anna plan- og utviklingsoppgåver er derfor viktige for distriktpolitikken. Regjeringa er oppteken av at god infrastruktur og eit godt samferdslestilbod bind småby og omland saman. Regjeringa meiner det samstundes må leggjast til rette for lokalt tilpassa transportløyningar.

Regjeringa vil bidra til meir målretta og samordna innsats i regional- og distriktpolitikken ved hjelp av bygdevekstavtaler og regionvekstavtaler. Avtalene har som føremål å styrkje samordninga av ulike offentlege tiltak og verkemiddel, slik at den samla innsatsen treff betre. Regionvekstavta-

ler vil utviklast som eit verktøy for meir effektiv og koordinert innsats frå staten og fylkeskommunen for å møte store samfunnsutfordringar i det enkelte fylke. Målet med bygdevekstavtaler og den understøttande tilskotsordninga er å bidra til busetjing, tilgang på kompetent arbeidskraft og framtidretta næringsutvikling i dei minst sentrale delane av Distrikts-Noreg.

Regjeringa vil fornye og forsterke innsatsen i nordområdepolitikken og har store ambisjonar for Nord-Noreg. Norsk busetjing i Nord-Noreg har vore eit politisk mål i landet vårt i fleire hundre år. Den politikken har gitt Noreg suverenitet over store område på land og i havet, med enorme naturrikdommar av stor verdi. Busetjinga i den nordlegaste landsdelen er i heile landet si interesse. Det er her demografiutfordringane er størst, det er her avstandane er lengst, og her er grensa til fleire av våre naboland, mellom anna til Russland. Utviklinga i folketalet i dei samiske områda er bekymringsfull. Levedyktige samiske lokalsamfunn er ein føresetnad for å styrkje og vidareutvikle samiske språk, kultur og samfunns- liv. Styrking av distriktsnæringslivet og tilgangen på kompetent arbeidskraft er tiltak med høg relevans for samiske område og aktørar. Dette vil bli følgt opp i den nye meldinga om distriktpolitikk. Evalueringa av dei personretta tiltaka i tiltaks- sonen i Finnmark og Nord-Troms vil vere klar ved slutten av 2022, og det blir og samla inn meir kunnskap om omfanget og resultatane av person- retta tiltak i kommunane. Regjeringa har ambisjo- nar om å prøve ut nye tiltak i distriktpolitikken, og dei vil vere særskild viktige i nord. Regjeringa foreslår å styrkje ordningane i tiltaks- sonen med gratis barnehage og auke satsane for avskrivning av studiegjeld. Dette skal bidra til å styrkje til- gangen til arbeidskraft.

2 Det økonomiske opplegget for kommunesektoren

2.1 Kommunesektoren sine inntekter i 2022

I Meld. St. 2 (2021–2022) *Revidert nasjonalbudsjett 2022* blei realveksten i dei samla og frie inntektene til kommunesektoren i 2022 rekna til høvesvis -3,3 mrd. og -8,9 mrd. kroner når ein måler frå anslag for rekneskap for 2021. Ekstraordinære skatteinntekter knytt til utbytte på 14 mrd. kroner og løyvingar knytt til koronapandemien, blei haldne utanom vekstanslaget.

Realveksten i dei samla og frie inntektene til kommunesektoren i 2022 er no rekna til høvesvis -7,4 mrd. og -13,3 mrd. kroner. Skatteinntektene til kommunesektoren i 2022 knytt til inntekt og formue er rekna til å bli 2,4 mrd. kroner høgare enn lagt til grunn i *Revidert nasjonalbudsjett 2022*. Samstundes er pris- og kostnadsveksten for 2022 oppjustert frå 3,7 pst. til 5,3 pst. Bakgrunnen for auken i kostnadsveksten er i hovudsak eit uvanleg høgt anslag for prisvekst gjennom året. Oppjusteringa av kostnadsveksten trekker isolert sett inntektsveksten i 2022 ned med 7,1 mrd. kroner. Denne kostnadsveksten vidareførast i 2023.

Ein må sjå inntektsutviklinga i 2022 i samanheng med den sterke inntektsauken i 2021. Nedgangen i 2022 kjem frå eit høgt inntektsnivå i 2021. Kommunesektoren fekk i 2021 auka skatteinntekter på 18,2 mrd. kroner samanlikna med anslaget i *Nasjonalbudsjettet* for 2021. Mykje av dei ekstra skatteinntektene var eingongsinntekter som ikkje blei vidareført til 2022. Samstundes har det vore ein sterk kostnadsauke i 2022 som dreg ned det reelle inntektsnivået. Kommunesektoren hadde i 2021 høge driftsresultat og disposisjonsfond, noko som gjer dei rusta til å møte strammare økonomiske rammevilkår i 2022.

Ei arbeidsgruppe med representantar for staten og kommunesektoren har levert ei utgreiing om dei økonomiske konsekvensane av koronapandemien for kommunesektoren i 1. halvår 2022. Regjeringa vil i nysalderinga av statsbudsjettet for 2022 kome attende til saka.

2.2 Kommunesektoren sine inntekter i 2023

I Kommuneproposisjonen for 2023 la regjeringa opp til ein realvekst i kommunesektoren sine frie inntekter på mellom 1,8 og 2,3 mrd. kroner. Vidare blei det varsla at veksten ville fordele seg med 1/3 til fylkeskommunane og 2/3 til kommunane.

I kommuneproposisjonen blei det anslått ein vekst i kommunesektoren sine demografikostnader på om lag 1,9 mrd. kroner. Av dette var 1,4 mrd. kroner knytt til tenester som blir finansiert av dei frie inntektene. Når det gjeld pensjonskostnader, var det anslått ein nullvekst utover deflator.

Basert på nye framskrivingar frå SSB har Det tekniske berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) utarbeidd nytt anslag over meirkostnadene til demografi for 2023. Det nye anslaget viser ein auke i demografikostnadene på 3,2 mrd. kroner, av dette er om lag 2,6 mrd. kroner meirutgifter som blir finansiert av dei frie inntektene. Dette er 1,2 mrd. kroner høgare enn anslaget i kommuneproposisjonen for 2023. Veksten er fordelt med om lag 1,7 mrd. kroner på kommunane og vel 0,9 mrd. kroner på fylkeskommunane. Sett under eitt må ein betydeleg del av oppjusteringa sjåast i samanheng med talet på flyktingar frå Ukraina. Anslaget er usikkert, og talet på flyktingar kan auke.

Anslaget for pensjonskostnadene viser no ein nedgang på om lag 0,1 mrd. kroner. Anslaget er usikkert.

Regjeringa legg no opp til ein realvekst i sektoren sine frie inntekter på om lag 2,6 mrd. kroner. Dette svarar til ein realvekst på om lag 0,6 pst. Inntektsveksten er rekna frå inntektsnivået i 2022 slik det blei anslått etter stortingsbehandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2022. Mellombelse og ekstraordinære skatteinntekter på 14 mrd. kroner og løyvingar knytt til koronapandemien i 2022 er haldne utanom. Ved berekning av realvekst i kommunesektoren sine inntekter er det lagt til grunn ein pris- og kostnadsvekst på 3,7 pst.

Regjeringa foreslår, i tråd med kommuneproposisjonen for 2023, at veksten blir fordelt med om lag 2/3 til kommunane og om lag 1/3 til fylkeskommunane. Kommunane får ein vekst i frie inntekter på om lag 1,7 mrd. kroner, medan fylkeskommunane får ein vekst på 0,9 mrd. kroner.

Etter dette er det anslått at kommunesektoren sitt handlingsrom aukar med om lag 0,1 mrd. kroner i 2023. Det er da tatt omsyn til meirutgifter som følgje av den demografiske utviklinga på om lag 2,6 mrd. kroner og vekst i dei samla pensjonskostnadene på om lag -0,1 mrd. kroner.

Tabell 2.1 Auke i kommunesektoren sitt handlingsrom i 2023

	Mrd. kroner
Vekst i frie inntekter	2,6
- meirkostnader demografi	2,6
+ meirkostnader pensjon	0,1
Auka handlingsrom	0,1

Nærare om realveksten i samla inntekter

I tabell 2.2 er realveksten i kommunesektoren sine samla inntekter på 5,2 mrd. kroner dekomponert.

Ved pålegg om nye eller utvida oppgåver for kommunesektoren, avvikling av oppgåver eller regelendringar som har økonomiske konsekvensar, blir kommunesektoren kompensert eller trekt i frie inntekter basert på endring i økonomisk belastning. Desse endringane blir haldne utanom berekna vekst i frie inntekter, men inngår i veksten i samla inntekter. For 2023 utgjer desse endringane i løyvingane samla sett ein auke på om lag 2,8 mrd. kroner. Endringane knyter seg til mellom anna gratis ferjer og takstrabattar, foreldrebetaling SFO/barnehage, saker knytt til sosialhjelp, ny opplæringslov, samværsplan som følgje av ny barnelov, synstolking, lærlingtilskot og auka basistilskot til fastlegar.

Øyremerkte tilskot går ned med netto 0,6 mrd. kroner. Dette må ein sjå i samanheng med mellom anna toppfinansieringsordninga for ressurskrevjande tenester.

Tabell 2.2 Realvekst i kommunesektoren sine samla inntekter i 2023

	Mrd. kroner
Frie inntekter	2,6
Frie inntekter knytt til endringar i oppgåver ¹	2,8
Øyremerkte tilskot	-0,6
Gebyrinntekter	0,5
Realvekst samla inntekter	5,2

¹ Desse midlane blir løyvd som frie inntekter, men er ikkje med i veksten i frie inntekter fordi dei er knytt til endringar i pålagte oppgåver. Midlane er rekna med i veksten i dei samla inntektene.

Nærare om realveksten i frie inntekter

Tabell 2.1 viser anslag på kommunesektoren sine frie inntekter i 2022 og 2023 i løpande prisar. Inntektsnivået i 2022 er anslag på rekneskap i denne proposisjonen. Det inneber at oppjusteringa av skatteanslaget knytt til inntekt og formue på 2,4 mrd. kroner er medrekna. Inntektsnivået i 2022 er korrigert for oppgåveendringar, regelendringar og endringar i finansieringa av kommunesektoren sine oppgåver. Hensikta med å korrigere for oppgåveendringar mv. er å gjere inntektsnivået i 2022 samanliknbart med inntektsnivået i 2023. Vidare er inntektsnivået i 2022 korrigert for ekstraordinære skatteinntekter på 14 mrd. kroner og løyvingar knytt til koronapandemien, som ikkje blir vidareført til 2023. Det er gjort nærare greie for korreksjonar i programkategori 13.70, tabell 5.9.

I kommuneproposisjonen for 2023 blei det varsla at den kommunale skattøyren skal fastsettast ut frå ei målsetting om at skatteinntektene skal utgjere 40 pst. av kommunane sine samla inntekter. Anslaget på kommunesektoren sine skatteinntekter i 2023 bygger mellom anna på ein sysseltjingsvekst på 0,8 pst. og ein årslønnsvekst på 4,2 pst. frå 2022 til 2023.

Forslag til kommunale og fylkeskommunale skattøyrrar for 2023 er lagt fram i Prop. 1 LS (2022–2023) *Skatter, avgifter og toll 2023*. Det er foreslått at den fylkeskommunale skattøyren aukar frå 2,40 pst. til 2,45 pst., medan den kommunale skattøyren aukar frå 10,95 pst. til 11,15 pst.

Etter dette er det anslått at skatteinntektene utgjer om lag 40 pst. av kommunesektoren sine samla inntekter.

Tabell 2.3 Kommunane og fylkeskommunane sine frie inntekter

	Mill. kroner. Nominelle prisar ¹								
	Kommunane ²			Fylkeskommunane ²			Kommunesektoren i alt		
	2022 ³	2023	Pst. endr.	2022 ³	2023	Pst. endr.	2022 ³	2023	Pst. endr.
Skattar i alt	216 062	217 527	0,7	40 120	40 350	0,6	256 182	257 877	0,7
<i>Av dette skatt på inntekt og formue</i>	<i>199 780</i>	<i>200 750</i>	<i>0,5</i>	<i>40 120</i>	<i>40 350</i>	<i>0,6</i>	<i>239 900</i>	<i>241 100</i>	<i>0,5</i>
Rammetilskot ⁴	149 383	160 875	7,7	40 393	43 606	8,0	189 776	204 482	7,7
Sum frie inntekter	365 445	378 403	3,5	80 513	83 956	4,3	445 958	462 359	3,7

¹ Pris- og lønnsveksten i kommunesektoren 2023 (deflator) er anslått til 3,7 pst.

² Oslo er delt i ein kommunedel og ein fylkeskommunedel.

³ Anslag på rekneskap korrigert for oppgåveendringar, ekstraordinære skatteinntekter og verknadene av koronapandemien, jf. tabell 5.8 under programkategori 13.70

⁴ Omfattar ikkje kap. 571, post 21 Spesielle driftsutgifter

For nærare omtale av endringar i rammetilskotet, sjå programkategori 13.70, mellom anna tabell 5.9 og etterfølgjande omtale av dei ulike endringane.

Konsesjonskraft

Regjeringa meiner det ikkje er rimeleg at enkelte skal hente ut store overskot som følgje av ekstraordinært høge straumprisar, samstundes som andre får høge utgifter i den ekstraordinære situasjonen vi står i no. I budsjettet legg regjeringa derfor opp til at dei som kan forventast å ha store inntekter som følgje av høge straumprisar i år og neste år utover det som må seiast å vere normal fortjeneste, må dele nokre av dei ekstraordinære inntektene med fellesskapet. Dette gjeld også fleire kommunar og fylkeskommunar, både som eigarar av kraftverk og som mottakarar av konsesjonskraft.

Dei høge straumprisane gir ein vesentleg høgare verdi på konsesjonskrafta enn i tidlegare år. Verdien av konsesjonskrafta i områda med høge straumprisar er anslått til om lag 13 mrd. kroner i 2022 og 11 mrd. kroner i 2023 basert på prisanslag fastlagt i starten av august i år, opp frå 4 mrd. kroner i 2021.¹ Kor mykje av den auka verdien som blir realisert i form av auka inntekt i den

enkelte kommune og fylkeskommune er samtidig usikkert. Korleis krafta blir disponert og til kva pris den eventuelt blir selt, varierer betydeleg mellom kommunar og fylkeskommunar. Det finst inga samla oversikt over dette. På grunn manglande informasjon og uvisse, har regjeringa lagt opp til å trekke ein avgrensa del av anslått verdi.

Regjeringa foreslår eit eittårig trekk i rammetilskotet på til saman 3 mrd. kroner frå kommunar og fylkeskommunar med inntekter frå konsesjonskraft og som ligg i områda med høgast prisar (høgprisområda NO 1, NO 2 og NO 5), fordelt med 2,2 mrd. kroner på kommunane og 0,8 mrd. kroner på fylkeskommunane. Dette svarar til anslagsvis under ein tredjedel av den anslåtte verdien av konsesjonskrafta i desse områda berre i 2023. Med dette er det er tatt høgde for at kommunar kan ha bunde opp prisen i lange kontraktar.

Regjeringa er oppteken av at bidraget den enkelte kommune og fylkeskommune skal gi tilbake til fellesskapet, skal stå i eit rimeleg forhold til dei faktiske inntektene som kan realiserast. Ingen skal bli trekt for inntekter dei ikkje kan realisere som følgje av juridisk bindande kontraktar som blei inngått før dette forslaget blei kjent. Fordelinga av trekket vil i utgangspunktet bli basert på kommunane og fylkeskommunane sin del av total mengde konsesjonskraft i dei aktuelle prisområda, verdsett til forventa marknadspris. For å få ei meir rimeleg fordeling, vil regjeringa fram til 1. desember gi kommunane høve til å rapportere inn korleis konsesjonskrafta er disponert. Basert

¹ Verdiberekningane baserer seg på at krafta blir selt til spotpris. For 2023 er det lagt til grunn ein pris på 182,73 øre/kWh på Østlandet (NO 1), 193,93 øre/kWh på Sørlandet (NO 2) og 179,93 øre/kWh på Vestlandet (NO 5).

Boks 2.1 Inntektene til kommunesektoren i 2023

Kommunesektoren sine samla inntekter er anslått til om lag 644 mrd. kroner i 2023. Tabell 2.4 viser samansetjinga av inntektene i 2023 og nominell endring frå 2022. Veksten er rekna frå

anslag på rekneskap 2022 i denne proposisjonen, korrigert for oppgaveendringar, ekstraordinære skatteinntekter og tilleggsøyvingar som følgje av koronapandemien.

Tabell 2.4 Kommunesektoren sine inntekter i 2023

	Mrd. kroner	Del av samla inntekter (pst.)	Endring frå 2022 ¹ (pst.)
Frie inntekter	462,4	71,8	3,7
<i>Skatteinntekter</i>	257,9	40,0	0,7
<i>Rammetilskot</i>	204,5	31,7	7,7
Øyremerkte tilskot ²	35,3	5,5	1,8
Gebyr	92,9	14,4	4,3
Meirverdiavgiftskompensasjon	30,2	4,7	4,1
Andre inntekter	23,5	3,7	3,7
Totalt	644,3	100,0	4,1

¹ Nominell endring. Berekningsgrunnlaget er anslag på rekneskap for 2022 korrigert for oppgaveendringar, ekstraordinære skatteinntekter og tilleggsøyvingar som følgje av koronapandemien.

² Ekskl. tilskot til kommunane sitt arbeid med flyktingar, personar med opphald på humanitært grunnlag og asylsøkarar.

Kommunesektoren sine skatteinntekter og rammetilskot er sektoren sine frie inntekter. Dei frie inntektene utgjer 71,8 pst. av dei samla inntektene. Desse inntektene kan disponerast fritt innafør ramma av lover og forskrifter, og gir kommunesektoren rom for lokal tilpassing av verksemda.

Skatteinntekter er kommunesektoren sin del av skatt på alminneleg inntekt frå personlege skattyttarar, formuesskatt og eigedomsskatt i kommunar som har innført det. Ein del kommunar har inntekter frå naturressursskatt frå vasskraftverk. Storleiken på skatteinntektene avheng av mellom anna utviklinga i skattegrunnlaga og av dei kommunale og fylkeskommunale skattøyvrane. Rammetilskot blir løyvd på Kommunal-

og distriktsdepartementet sitt budsjett, kap. 571 og 572.

Øyremerkte tilskot skal nyttast i tråd med føremålet som er angjeve for løyvinga. Øyremerkte tilskot utgjer 5,5 pst. av dei samla inntektene.

Gebyrinntektene er kommunale avgifter og eigenbetalingar for tenester som kommunane leverer, til dømes tekniske tenester, helse- og omsorgstenester og barnehagar, og utgjer 14,4 pst. av dei samla inntektene. Meirverdiavgiftskompensasjon er refusjon til kommunesektoren for anskaffingar som er meirverdiavgiftspliktige, og utgjer 4,7 pst. av dei samla inntektene.

på innsendt informasjon vil regjeringa fastsette den endelege fordelinga. Regjeringa vil gi kommunane og fylkeskommunane meir utfyllande informasjon om innrapporteringa. Regjeringa vil

følgje med på utviklinga, og ved behov komme tilbake til Stortinget i samband med revidert nasjonalbudsjett 2023.

3 Oppfølging av oppmodingsvedtak

Nedanfor er ei oversikt over oppfølging av oppmodingsvedtak under Kommunal- og distriktsdepartementet. Oversikta omfattar alle vedtak frå stortings sesjonen 2021–2022 og alle vedtak frå tidlegare sesjonar som kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 141 S (2021–2022) meinte ikkje var

følgde opp ferdig. I tabellen nedanfor blir det og opplyst om departementet planlegg at rapporteringa knytt til oppmodingsvedtaket no blir avslutta eller om departementet òg vil rapportere konkret på vedtaket i budsjettproposisjonen for neste år.

Tabell 3.1 Oversikt over oppmodingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (Ja/Nei)
2021–2022	4	Mellombels styrking av bustøtte og sosialhjelp	Ja
2021–2022	35 nr. 7	Lokal energiproduksjon, energieffektivisering og ladeinfrastruktur i burettslag	Nei
2021–2022	35 nr. 15	Nullutslepp eller fossilfrie anleggsplassar i planreglar	Nei
2021–2022	35 nr. 27	Levekår i byar	Nei
2021–2022	35 nr. 35	Blankoskøyter og plikt til tinglysing	Nei
2021–2022	35 nr. 41	Offentleg utval om utfasing av kommersiell drift i offentlege velferdstenester	Ja
2021–2022	35 nr. 42	Auka openheit i verksemda til private tilbydarar av offentleg finansierte velferdstenester	Nei
2021–2022	35 nr. 43	Krav om organisering i sjølvstendig rettssubjekt for selskap som leverer offentleg finansierte velferdstenester	Nei
2021–2022	35 nr. 47	Innretting av styrking av bustøtteordninga	Ja
2021–2022	35 nr. 54	Bustader for studentar i kommunale arealplanar	Nei
2021–2022	167	Arbeidsgruppa som kartlegg kommunesektorens meirutgifter og inntektsbortfall som følgje av koronapandemien	Ja
2021–2022	363	Kompensere kommunane og fylkeskommunane som følgje av smitteverntiltak	Nei
2021–2022	413	Leiarlønningar i staten	Nei
2021–2022	495	Kommunal kompensasjonsordning – næringar med særlege utfordringar	Ja
2021–2022	722	Vindkraft på land	Nei
2021–2022	726	Energifleksibel oppvarming	Nei
2021–2022	790	Plan for breibanddekning I	Ja
2021–2022	791	Plan for breibanddekning II	Nei

Tabell 3.1 Oversikt over oppmodningsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (Ja/Nei)
2021–2022	792	Frikommuneforsøk	Nei
2021–2022	817	Lønsutval for lønssystemet i staten	Ja
2021–2022	818	Like hovudtariffavtalar	Ja
2021–2022	828	Meirutgifter til pandemien i kommunane og fylkeskommunane	Nei
2021–2022	833	Mellombelse reglar i bustøtta i juni–september	Ja
2020–2021	736	Krav til IKT-sikkerheit ved tenesteutsetting	Ja
2020–2021	1060	Utgreie rett til høghastigheitsinternett for alle husstandar	Nei
2020–2021	1066	Mobil- og internettdekning langs eksisterande riksvegar	Nei
2020–2021	1125	Behandling av klagesaker der statsforvaltaren er klagar eller part	Ja
2020–2021	1126	Bruk av dispensasjonar i plansaker	Ja
2020–2021	1209	Klarare reglar for krav til sløkkevatn	Nei
2020–2021	1252	Helsetenester nytta utanfor bustadkommunen	Nei
2018–2019	55	Opplysningsplikt for statsrådar og statssekretærar	Nei
2016–2017	700	Stryke listekandidatar	Nei
2016–2017	845	Sørsamisk språk	Nei
2015–2016	646	Unntak frå plan- og bygningslova og grannelova ved nasjonal flyktningkrise	Nei
2015–2016	861	Endringar i vallova	Nei

Stortingssesjon 2021–2022

Mellombels styrking av bustøtte og sosialhjelp

Vedtak nr. 4, 21. oktober 2021

«Stortinget ber regjeringa umiddelbart, innan utløpet av oktober, legge frem forslag om midlertidig styrking av bostøtten og sosialhjelpen for å sikre at folk med dårlig råd har pengar til å betale de høye strømgjeningene som er på vei.»

Til grunn for vedtaket ligg Hans Majestet Kongens tale til det 166. storting ved dets opning og melding om Noregs rikes tilstand og styring.

Regjeringa har følgd opp vedtaket ved å legge fram Prop. 8 S (2021–2022) *Endringar i statsbudsjettet 2021 under Kommunal- og moderniseringsdepartementet (ekstra utbetaling til mottakarane*

av bustøtte som hjelp til å dekke høge strømutgifter). Proposisjonen blei lagt fram 22. oktober 2021 og behandla i Stortinget 9. november 2021. Regjeringa foreslo ei ekstra utbetaling i november på 2 950 kroner per husstand pluss 120 kroner per husstandsmedlem ut over det første, til dei som fekk bustøtte for oktober månad i fylka Vestland, Rogaland, Agder, Vestfold og Telemark, Innlandet, Oslo og Viken, og dessutan Røros kommune i Trøndelag. Regjeringa foreslo ikkje auka midlar til kommunane til sosialhjelp, men varsla at Arbeids- og inkluderingsministeren ville minne kommunane om at dei måtte ta omsyn til høge straumutgifter ved utmålinga av sosialhjelp. Denne oppmodninga kom i eit brev frå statsråden til kommunane 3. november 2021.

Departementet anser med dette at oppmodningsvedtaket er følgd opp.

Lokal energiproduksjon, energieffektivisering og ladeinfrastruktur i burettslag

Vedtak nr. 35 nr. 7, 2. desember 2021

«Stortinget ber regjeringen vurdere ordninger som støtter opp om etablering av lokal energiproduksjon, energieffektivisering og etablering av ladeinfrastruktur i burettslag.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 2 S (2021–2022) Innstilling fra finanskomiteen om nasjonalbudsjettet 2022 og forslaget til statsbudsjett for 2022.

Vedtaket omfattar fleire forhold som fell på fleire departement, og det er overlapp med både gjennomførte og pågåande prosessar. Regjeringa jobbar med fleire tiltak for både auka energiproduksjon og energieffektivisering i bygg. Regjeringa vil kartlegge regulatoriske barrierar for meir etablering av lokal energiproduksjon. I statsbudsjettet for 2023 legg Olje- og energidepartementet fram ein plan med tiltak som skal redusere energibruken med 10 TWh innan 2030. Olje- og energidepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet arbeider med ein langsiktig strategi for energieffektivisering ved renovering av bygningar. Vidare skal Energikommisjonen vurdere potensial og ulike verkemiddel for energieffektivisering i ulike sektorar. Andelseigarar i burettslag er gitt rett til å setje opp ladepunkt. Det er krav i byggteknisk forskrift om at nye bygg skal vere ladeklare, og regjeringa jobbar med ein nasjonal ladestrategi.

Regjeringa vil vurdere heilskapen i verkemidla, og sjå tiltak i samanheng slik at dei gir best mogleg verknad. Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget med ei vurdering av det eventuelle behovet for nye ordningar i samband med dei andre prosessane.

Nullutslipp eller fossilfrie anleggsplassar i planreglar

Vedtak nr. 35 nr. 15, 2. desember 2021

«Stortinget ber regjeringen utrede muligheten for å endre plan- og bygningsloven for å sikre at kommunene har hjemmel til å kunne stille krav om nullutslipp eller fossilfrie anleggsplassar i planbestemmelser.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022* og Innst. 2 S (2021–2022).

Kommunal- og distriktsdepartementet har oppretta ei arbeidsgruppe med Klima- og miljødepartementet for å greia ut korleis kommunane skal kunne stille klimakrav til byggjeplassar, anten gjennom plan- og bygningslova eller forureiningslova. Arbeidsgruppa har gitt Miljødirektoratet i oppdrag å greia ut korleis ein lovheimel kan innrettast. Miljødirektoratet har frist 1. oktober 2022. Etter dette vil departementa følgje opp utgreinga og kome tilbake til Stortinget.

Levekår i byar

Vedtak nr. 35 nr. 27, 2. desember 2021

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en egen sak om levekår i byer innen utgangen av 2022, saken skal blant annet vurdere Jenssen-utvalgets forslag.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022* og Innst. 2 S (2021–2022).

Regjeringa vil leggja fram ei melding til Stortinget i 2023 om levekår i byar. Fleire av forslaga i Jenssen-utvalets utgreiing blir òg følgd opp i egne prosessar.

Blankoskøyter og plikt til tinglysing

Vedtak nr. 35 nr. 35, 2. desember 2021

«Stortinget ber regjeringen utrede bruken av blankoskjøter og plikt til tinglysing ved eiendomskjøp.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022* og Innst. 2 S (2021–2022).

Kommunal- og distriktsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet og Finansdepartementet har teke ei første vurdering av spørsmålet. Departementa fann at det er behov for ei grundigare kartlegging av utfordringane knytte til skjult eigeskap til fast eigedom før det tas stilling til kva regelendringar eller andre verkemiddel som kan være føremålstenlege. Departementa oppfattar det slik at det først og fremst er behovet for å motverke kriminalitet som kvitvasking og skatteunndraging gjennom skjult eigeskap til fast eigedom som gir grunn til å vurdere tiltak. Slike omsyn blir ivaretatt mellom anna med kvitvaskingslova, straffelova, skatteforvaltningslova og politilova, medan føremålet med tinglysingsreglane primært siktar seg inn mot å beskytte rettane til eigarar, panthavarar og

andre som har rettar i fast eigedom. Med denne bakgrunnen har Finansdepartementet gitt Skattedirektoratet i oppdrag å kartleggje og greia ut om problema ved skjult eigeskap til fast eigedom innanfor Skatteetatens ansvarsområde. Fristen for oppdraget er satt til 31. desember 2022.

Regjeringa vil kome tilbake til saka når kartlegginga er ferdig.

Offentleg utval om utfasing av kommersiell drift i offentlege velferdstenester

Vedtak nr. 35 nr. 41, 2. desember 2021

«Stortinget ber regjeringen innen mars 2022 nedsette et offentlig utvalg som skal utrede hvordan kommersiell drift kan utfases i ulike skattefinansierte velferdstjenester, og legge fram en egen nullprofittmodell for hver slik sektor. Utvalget skal også foreslå en juridisk definisjon for ideelle driftsformer.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022* og Innst. 2 S (2021–2022).

Regjeringa oppnemnde i statsråd 12. august 2022 eit offentlig utval som skal greie ut korleis kommersiell drift kan utfasast i ulike skattefinansierte velferdstenester. Departementet meiner med dette at oppmodingsvedtaket er følgt opp.

Auka openheit i verksemda til private tilbydarar av offentlig finansierte velferdstenester

Vedtak nr. 35 nr. 42, 2. desember 2021

«Stortinget ber regjeringen fremme nødvendige tiltak for å sikre økt åpenhet og transparens i virksomheten til private tilbydere av offentlig finansierte velferdstjenester, herunder et offentlig register over alle private virksomheter som leverer offentlig finansierte velferdstjenester.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022* og Innst. 2 S (2021–2022).

Private tilbydarar av offentlig finansierte velferdstenester omfattar både verksemder som driv kommersielt og verksemder som har eit ideelt føremål. Det offentlege utvalet som skal greie ut utfasing av kommersiell drift i offentlege velferdstenester, har som ein del av mandatet sitt å gi ein juridisk definisjon av ideell verksemd og vise korleis ideelle aktørar kan registrerast, eksempelvis etter ein modell lik Frivillighetsregisteret. I etter-

kant av at utvalet har avlevert utgreiinga, vil Kommunal- og distriktsdepartementet i samarbeid med Nærings- og fiskeridepartementet, som har ansvaret for Brønnøysundregisteret, vurdere korleis dette kan følgast opp.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Krav om organisering i sjølvstendig rettssubjekt for selskap som leverer offentlig finansierte velferdstenester

Vedtak nr. 35 nr. 43, 2. desember 2021

«Stortinget ber regjeringen utrede forslag om å stille krav til at selskaper som leverer offentlig finansierte velferdstjenester, organiseres i egne rettssubjekter hvor det ikke er tillatt å drive annen virksomhet enn offentlig finansierte velferdstjenester.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022* og Innst. 2 S (2021–2022).

Det offentlege utvalet som skal greie ut utfasing av kommersiell drift i offentlege velferdstenester har som ein del av mandatet sitt å vurdere korleis kommersielle aktørar kan regulerast sterkare. Eit krav om organisering av slik verksemd som sjølvstendig rettssubjekt, er eitt av fleire tiltak som utvalet skal utgreie.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte i etterkant av utvalet sitt arbeid.

Innretting av styrking av bustøtteordninga

Vedtak nr. 35 nr. 47, 2. desember 2021

«Stortinget ber regjeringen innrette endringen i bevilgning til bostøtte slik at flere med lave inntekter og høye boutgifter får bostøtte og slik at bostøtten dekker en større del av boutgiften.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2021–2022), Prop. 1 S (2021–2022), Prop. 1 S Tillegg (2021–2022) og Innst. 2 S (2021–2022).

Vedtaket viser til at Stortinget vedtok ei auke i løyvinga til bustøtte på 100 mill. kroner. På bakgrunn av auka blei alle buutgiftstak auka med 2 100 kroner frå 1. januar 2022, og progresjonssatsen i eigendelen blei samstundes sett varig ned frå 0,28 pst. til 0,27 pst. Dette var venta å føre til at om lag 1 700 nye mottakarar ville få 130 kroner per månad i snitt. Eksisterande mottakarar blei venta

å få i snitt 90 kroner meir per måned. Tiltaket var venta å koste 100 mill. kroner i 2022 og ha ein heil-års verknad på 109 mill. kroner i 2023.

Departementet meiner med dette at oppmø-dingsvedtaket er følgt opp.

Bustader for studentar i kommunale arealplanar

Vedtak nr. 35 nr. 54, 2. desember 2021

«Stortinget ber regjeringen vurdere forslag til endringer i plan- og bygningsloven om at studentboliger blir et eget formål i kommunale arealplaner, innen utgangen av 2022.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022* og Innst. 2 S (2021–2022).

Kommunal- og distriktsdepartementet har gitt Oslo Economics i oppdrag å vurdere behovet til kommunane for å gjere bustader for studentar til eit eige arealføremål, relevansen av eit lovforslag, og prinsipielle og juridiske problemstillingar knytt til dette. Oslo Economics leverte vurderingane sine til departementet den 6. juli 2022. På grunn av dei økonomiske rammene er notatet ikkje ei fullstendig utgreiing. Mellom anna er ikkje dei samfunnsøkonomiske verknadene av ei lov- endring vurdert, heller ikkje moglege verknader for sentrale aktørar som til dømes studentane sjølve, studentsamskipnadene og byggjeselskap.

Kommunal- og distriktsdepartementet meiner det er nødvendig å kartleggje verknadene av eit lovforslag meir for å kunne konkludere om departementet skal sende eit lovforslag på høyring. Departementet vil hausten 2022 følgje opp vurde- ringane frå Oslo Economics og involvere Kunns- kapsdepartementet og andre sentrale aktørar. Departementet vil deretter kome tilbake til saka.

Arbeidsgruppa som kartlegg kommunesektorens meirutgifter og inntektsbortfall som følgje av koro- napandemien

Vedtak nr. 167, 16. desember 2021

«Stortinget ber regjeringen vurdere å forlenge mandatet til arbeidsgruppen som kartlegger kommunesektorens merutgifter og inntektsbortfall som følge av koronapandemien til hele 2022.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 1 S Tillegg 1 (2021–2022) og Innst. 16 S (2021–2022).

Spørsmålet om å forlenge mandatet til arbeids- gruppa blei vurdert i Prop. 110 S (2021–2022) *Kommuneproposisjonen 2023*. På bakgrunn av at samfunnet i løpet av våren 2022 var på veg tilbake til ein tilnærma normalsituasjon, var vurderinga til regjeringa at det ikkje var behov for å forlenge mandatet til arbeidsgruppa. Det var ikkje merkna- der til dette i innstillinga frå kommunal- og forvalt- ningskomiteen (Innst. 460 S (2021–2022)).

Departementet meiner med dette at oppmø- dingsvedtaket er følgt opp.

Kompensere kommunane og fylkeskommunane som følgje av smitteverntiltak

Vedtak nr. 363, 24. januar 2022

«Stortinget ber regjeringen kompensere kommu- nene og fylkeskommunene for merutgifter og mindreinntekter som følge av nasjonale, regio- nale og lokale smitteverntiltak.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 51 S (2021–2022) *Endringer i statsbudsjettet 2022 (økonomiske tiltak i møte med pandemien og ekstra- ordinære strømutfgifter)* og Innst. 119 S (2021–2022).

Arbeidsgruppa som kartlegg kommunesekto- rens meirutgifter og inntektsbortfall som følgje av koronapandemien, har lagt fram rapport om dei økonomiske konsekvensane av pandemien i 1. halvår 2022. Regjeringa vil i nysalderinga av stats- budsjettet for 2022 komme tilbake til saka.

Leiarlønningar i staten

Vedtak nr. 413, 3. mars 2022

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget på egnet måte når utvalget som skal gjennomgå lederlønnsystemet i staten, har lagt frem sin rapport.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Kirsti Bergstø, Audun Lysbakken, Grete Wold og Freddy André Øvstegård om lønsmoderasjon for høgtlønnte i staten, jf. Dokument 8:22 S (2021– 2022) og Innst. 156 S (2021–2022).

Leiarlønnsutvalet overlevera si rapport til kom- munal- og distriktsministeren 15. juni 2022. Regje- ringa er oppteken av å bidra til å rekruttera og behalda dyktige leiarar i staten, samstundes som det sikrast at leiarlønnsutviklinga ikkje overskrid det som er gjennomsnittleg lønsutvikling i sam- funnet. I Hurdalsplattforma går det fram at regje-

ringa vil lage nye retningslinjer for leiarlønningar og andre type godtgjersler for leiarar i staten, som bidrar til reduserte lønsforskjellar. Utvalets rapport vil være eit viktig bidrag i dette arbeidet.

Regjeringa må halda seg til inngåtte tariffavtalar med hovudsamanslutningane, og kan ikkje einssidig endre systema for korleis ein lønar leiarar i staten. Det vil derfor vere tett dialog med hovudsamanslutningane i dette arbeidet. Kommunal- og distriktsdepartementet har allereie avheldt innleiande møter med hovudsamanslutningane.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Kommunal kompensasjonsordning – næringar med særlege utfordringar

Vedtak nr. 495, 26. april 2022

«Stortinget ber regjeringa ved tildeling fra den kommunale kompensasjonsordningen prioritere næringer som har særlege utfordringar knyttet til etterverkningsene av pandemien, og der det tar tid før driftssituasjonen og omsetningen er tilbake på normalt nivå.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Guri Melby, Sveinung Rotevatn, Grunde Almeland og Alfred Jens Bjørlo om omstillings- og stimulerings tiltak for reiselivet og serverings-, kultur- og utelivsbransjen etter koronapandemien, jf. Dokument 8:94 S (2021–2022) og Innst. 242 S (2021–2022).

Stortinget vedtok den kommunale kompensasjonsordninga for lokale verksemder i januar 2021, (jf. Prop. 195 S (2020–2021) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2021*, og Prop. 79 S (2020–2021) *Økonomiske tiltak i møte med pandemien* og Prop. 51 S (2021–2022) *Endringer i statsbudsjettet 2022 (økonomiske tiltak i møte med pandemien og ekstraordinære strømutfgifter)*). Føremålet med ordninga var å setje kommunane betre i stand til å kompensere lokale verksemder som blei ramma av lokale eller nasjonale smitteverntiltak og som har hatt omsetningsfall og/eller auka kostnader som følgje av dette. Ordninga skulle også verke som ei ventilordning for verksemder som hadde falt heilt eller delvis utanfor den generelle kompensasjonsordninga. Ordninga blei også notifisert i tråd med det mellombelse regelverket for statsstøtte til verksemder som var ramma av pandemien.

Regjeringa har tildelt kommunane midlar i tråd med føremålet til ordninga, slik det er fastsett av

Stortinget. Det kan derfor ikkje tildelast midlar frå ordninga av omsyn til etterverknader frå pandemien. Regjeringa har derfor ført tilbake 250 mill. kroner til statskassa i revidert nasjonalbudsjett for 2023 frå ordninga si ramme. Dette ettersom det ikkje lenger var grunnlag for å kompensere lokale verksemder i tråd med føremålet til ordninga, sidan smitteverntiltaka blei avvikla vinteren 2022.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Vindkraft på land

Vedtak nr. 722, 10. juni 2022

«Stortinget ber regjeringa snarest mulig sende på høring forslag til endringer i plan- og bygningsloven for behandling av vindkraft på land, slik at nye vindkraftanlegg kan behandles etter både energiloven og plan- og bygningsloven, med sikte på ikrafttredelse av lovendringen 1. januar 2023.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 11 (2021–2022) Tilleggsmelding til Meld. St. 36 (2020–2021) *Energi til arbeid – langsiktig verdiskaping fra norske energiresurser* og Innst. 446 S (2021–2022).

Oppfølging av vedtaket må sjåast i samanheng med oppfølging av oppmødingsvedtak nr. 143, 1. desember 2020 om å «innlemme planlegging og bygging av vindkraftanlegg i plan- og bygningsloven». Dette omtalast i budsjettproposisjonen frå Olje- og energidepartementet.

Kommunal- og distriktsdepartementet og Olje- og energidepartementet samarbeider om eit høyringsnotat med forslag til oppfølging av vedtaket. Notatet vil bli sendt på høyring hausten 2022. Det er ikkje realistisk at ei lovendring vil kunne tre i kraft frå 1. januar 2023.

Energifleksibel oppvarming

Vedtak nr. 726, 10. juni 2022

«Stortinget ber regjeringa utrede energieffekten og konsekvenser for byggekostnadene av å stramme inn kravet til energifleksibel oppvarming, og vurdere hvor mye kravet kan strammes inn.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 446 S (2021–2022) Innstilling fra energi- og miljøkomiteen om Meld. St. 36 (2020–2021) *Energi til arbeid – langsiktig verdiskaping fra nor-*

skje energiresurser, Meld. St. 11 (2021–2022) Tilleggsmelding til Meld. St. 36 (2020–2021), representantforslag om å forlenge strømkompensasjonen, representantforslag om å bygge opp ein kraftfull norsk havvindsatsing, representantforslag om energipolitikk for framtida, representantforslag om hurtigspor for flytande havvind, representantforslag om uavhengige konsekvensutgreingar i vindkraftsakar og representantforslag om energi for framtida.

Regjeringa er oppteken av at energikrava til bygg er på eit hensiktsmessig nivå, som balanserer omsyn til energiutfordringar, miljø og klima, samstundes som byggjekostnadane blir haldne så låge som mogleg. Kommunal- og distriktsdepartementet vurderer kva effekt skjerpa krav vil gi, og kva som vil vere konsekvensane for byggjekostnadane.

Plan for breibanddekning I

Vedtak nr. 790, 14. juni 2022

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake i statsbudsjettet for 2023 med status og plan for hvordan det kan legges til rette for at alle husstander og virksomheter i Norge skal ha tilbud om minimum 100 Mbit/s nedlastingshastighet og 10 Mbit/s opplastingshastighet i 2025.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 110 S (2021–2022) *Kommuneproposisjonen 2023* og Innst. 460 S (2021–2022).

Hovudlinja i norsk breibandpolitikk er marknadsbasert utbygging. Slik har det vore i over 20 år, og det har ført til store investeringar i utbygging av breiband frå kommersielle aktørar. Samstundes finst det husstandar og verksemder i område utan kommersielt grunnlag for utbygging som manglar slikt breiband. I Hurdalsplattformen er det varsla at regjeringa meiner staten må ta eit større ansvar for utbygging i slike område. Regjeringa foreslår derfor ein betydeleg auke på kap. 541, post 60 Breibandutbygging.

Regjeringa meiner målet om at alle husstandar og verksemder skal ha tilbod om minst 100 Mbit/s nedlastingshastighet og minst 10 Mbit/s opplastingshastighet innan utgangen av 2025 er mogleg å nå med den foreslåtte løyvinga. 93,6 pst. av husstandane hadde tilbod om minst 100 Mbit/s nedlasting og minst 10 Mbit/s opplasting per første halvår 2022.

Regjeringa sine mål og prioriteringar for utbygging av høghastigheits breiband er nær-

are omtalt i del I pkt. 1.4 og i programkategori 13.40.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Plan for breibanddekning II

Vedtak nr. 791, 14. juni 2022

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake i statsbudsjettet for 2023 med status og plan for hvordan det kan legges til rette for at alle norske nødmeldingssentraler, rådhus og andre viktige offentlige administrasjonsbygg, skoler og transportknutepunkter skal ha tilbud om minst 1 Gbit/s nedlastingshastighet og minst 100 Mbit/s opplastingshastighet innen utgangen av 2025.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 110 S (2021–2022) *Kommuneproposisjonen 2023* og Innst. 460 S (2021–2022).

Dekninga for dei konkrete institusjonane og stadane som er nemnt i oppmødingsvedtaket er tidlegare estimert til å vere svært god, og ein analyse frå 2021 viser at det kan koste i underkant av 100 mill. kroner å dekke dei som manglar gigabithastigheter. Tala er usikre. Derfor arbeider Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit no med å skaffe oppdaterte og detaljerte deknings- tal.

Departementet vil vurdere desse tala når dei er klare og vil vurdere om det er behov for ytterlegare utgreiing, og vil kome tilbake til Stortinget om saka på eigna måte.

Frikommuneforsøk

Vedtak nr. 792, 14. juni 2022

«Stortinget ber regjeringen legge til rette for etablering av frikommuneforsøk etter inspirasjon fra Danmark og komme til Stortinget med en sak om dette senest i forbindelse med statsbudsjettet for 2023.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 110 S (2021–2022) *Kommuneproposisjonen 2023* og Innst. 460 S (2021–2022).

I Hurdalsplattforma varsla regjeringa at den vil gi større fridom til kommunale og regionale myndigheiter, som ein del av tillitsreforma. Forsøk gjer det mogleg å drive innovasjon og utprøving der kommunane får unntak frå krav i lov og forskrift. Forsøkslova gir heimel for å igangsette for-

søk, og ein del andre lover har spesifikke heimlar for å gi unntak frå lovkrav gjennom forsøk.

Regjeringa arbeider no med sikte på å etablere ei frikommuneordning innanfor gjeldande forsøksheimlar. Regjeringa tar sikte på i løpet av første halvår 2023 å invitere kommunar og fylkeskommunar til å søkje om deltaking i forsøk innanfor utvalde lovområder. Særleg aktuelle område kan til dømes vere integrering, helse, omsorg, oppvekst, opplæring, miljø, plan og bygg. Kommunal- og distriktsdepartementet og aktuelle fagdepartement kan etter ei vurdering av søknadene gi unntak frå gjeldande lovkrav med heimel i forsøkslova eller forsøksheimlar i særlover. Forsøka bør ha ein varigheit som er tilstrekkeleg lang til å vurdere om føremålet med forsøket blir oppnådd, normalt tre til fire år.

Regjeringa tar sikte på å etablere eit opplegg for evaluering og erfaringsutveksling som del av ordninga med frikommuneforsøk.

Departementet vil invitere KS til eit samarbeid om oppfølging av kommunar som blir tatt opp i forsøksordninga.

Lønnsutval for lønssystemet i staten

Vedtak nr. 817, 17. juni 2022

«Stortinget ber regjeringen sette ned et lønnsutvalg som ser på lønssystemet i staten og legger fram sine anbefalinger i god tid før hovedforhandlingene i 2024 begynner.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 128 S (2021–2022) *Endringar i statsbudsjettet 2022* under Finansdepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet (*Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet 2022 m.m.*) og Innst. 466 S (2021–2022).

Departementet vil invitere alle hovudsammenslutningane til eit partssammensatt utval med representasjon frå alle hovudsammenslutningane i staten. Utvalet vil kunne gi sine tilrådingar i god tid før hovudtariffoppgjeret i 2024.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Like hovudtariffavtalar

Vedtak nr. 818, 17. juni 2022

«Stortinget ber regjeringen starte et arbeid for å oppnå likelydende hovedtariffavtaler til hovedoppgjøret i 2024.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 128 S (2021–2022) *Endringar i statsbudsjettet 2022* under Finansdepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet (*Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet 2022 m.m.*) og Innst. 466 S (2021–2022).

Regjeringa har som mål å få hovudsammenslutningane til å samle seg om like hovudtariffavtalar på sikt. Partane gjorde viktige tiltak for å oppnå dette i årets tariffoppgjer. Kommunal- og distriktsdepartementet har starta arbeidet, og vil gå i dialog med alle hovudsammenslutningane i staten med sikte på å kome til einigheit om like hovudtariffavtalar i hovudtariffoppgjeret i 2024.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Meirutgifter til pandemien i kommunane og fylkeskommunane

Vedtak nr. 828, 17. juni 2022

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag i nysalderingen av statsbudsjettet for 2022 om å kompensere merutgifter til pandemien i kommunene og fylkeskommunene i perioden 2020 til første halvår 2022.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 2 (2021–2022) *Revidert nasjonalbudsjett 2022* og Innst. 450 S (2021–2022).

Arbeidsgruppa som kartlegg kommunesektorens meirutgifter og inntektsbortfall som følge av koronapandemien, har lagt fram rapport om dei økonomiske konsekvensane av pandemien i 1. halvår 2022. Regjeringa vil i nysalderinga av statsbudsjettet for 2022 komme tilbake til saka.

Mellombelse reglar i bustøtta i juni–september

Vedtak nr. 833, 17. juni 2022

«Stortinget ber regjeringen videreføre det midlertidige regelverket for bostøtte jf. innst. 251 S (2021–2022) for månedene juni, juli, august og september.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 2 (2021–2022) *Revidert nasjonalbudsjett 2022* og Innst. 450 S (2021–2022).

Dei mellombelse reglane i forskrift om bustøtte som var vedteke for månadene mars til og med mai og vidare frå oktober til desember, blei innarbeidd for dei mellomliggende månadene ved endringsforskrift 21. juni 2022.

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

Stortingssesjon 2020–2021

Krav til IKT-sikkerheit ved tenesteutsetting

Vedtak nr. 736, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen etablere strengere nasjonale krav til IKT-sikkerhet ved tenesteutsetting. Disse kan bygge på NSMs anbefalte minimumskrav ved tenesteutsetting og bør utvikles i samarbeid mellom arbeidslivets parter og sektor-ekspertise.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 5 (2020–2021) *Samfunnssikkerhet i en usikker verden* og Innst. 275 S (2020–2021).

Det er stor variasjon i offentlege IKT-system. Kva krav til trygging som skal stillast dersom ein vel å sette ut ei teneste, må derfor vere basert på vurderingar av risiko og sårbarheit for dei aktuelle løysingane og den informasjonen dei skal behandle. Det er generelt strenge krav til data-tryggleik i offentleg sektor. Alle forvaltningsorgan skal blant anna ha internkontroll av informasjons-tryggleik. Det å gjennomføre analyser av risiko og sårbarheit er ein del av internkontrollen. Digitaliseringsdirektoratet har utvikla rettleiing for denne type internkontroll.

Nærings- og fiskeridepartementet og Forsvarsdepartementet ga i 2019 ut *Veileder om ivaretagelse av sikkerhet i offentlige anskaffelser*, som særleg tar føre seg samanhengen mellom tryggingsslova og regelverket for offentlege innkjøp.

Regjeringa er kjent med at det trass dette er mange verksemder som har utfordringar med kompetanse på IKT-innkjøp og digital tryggleik. Desse verksemdene treng ekstra støtte for å stille rette krav til tryggleik når dei sett ut tenester i marknaden. Regjeringa har derfor etablert ein marknadsplass for skytenester hos Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ). Marknadsplassen vil gi offentlege innkjøparar i stat og kommune hjelp til å finne og skaffe seg sikre og kostnadseffektive skytenester.

På nokre område vil marknadsplassen lyse ut felles rammeavtaler med felles, sentrale krav til tryggleik. På denne måten blir det stilt tilstrekkeleg strenge krav, tilpassa dei ulike tenestene og informasjonen dei skal behandle. På andre område vil marknadsplassen sette opp minstekrav til tryggleik som dei ulike verksemdene kan bruke i eigne innkjøp.

DFØ samarbeider med både Nasjonalt tryggingorgan (NSM), Datatilsynet og Digitaliseringsdirektoratet når dei skal utforme krava. Krava blir formidla både til kundar og leverandørar på marknadsplassen. Både det å inngå rammeavtaler og å etablere nye krav til tryggleik skjer fortløpande, slik at tilbodet stadig blir betre. All rettleiing og anbefalingar om krav til tryggleik i offentlege innkjøp finst på DFØ sine nettsider anskaffelser.no.

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

Utgreie rett til høghastighetsinternett for alle husstandar

Vedtak nr. 1060, 1. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen utrede en rett til høghastighetsinternett for alle husstander i Norge.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 28 (2020–2021) *Vår felles digitale grunnmur – Mobil-, bredbånds- og internettjenester*, Dokument 8:151 S (2020–2021) og Innst. 511 S (2020–2021).

Regjeringa har ambisiøse mål for breibanddekning, inkludert at alle husstandar skal ha tilbod om minst 100 Mbit/s nedlastingshastigheit innan 2025. Regjeringa foreslår også ein kraftig auke på kap. 541, post 60 Breibandutbygging i 2023, og denne auken legg til rette for å nå målet om at alle husstandar og verksemder skal ha høghastighets breiband med bruk av eksisterande verkemiddel.

Regjeringa vil i parallell med og i lys av utviklinga dei neste åra greie ut behovet for og moglege innretningar av ein rett til høghastighets internett til alle, jf. Hurdalsplattformen, og vil kome tilbake til Stortinget om saka på eigna måte.

Mobil- og internettdekning langs eksisterande riksveggar

Vedtak nr. 1066, 1. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen utarbeide en plan for utbygging av mobil- og internettdekning langs eksisterende riksveier, som spesifiserer dekningshull og kostnadene for utbedring av disse, og innarbeide dette i revidert nasjonalbudsjett for 2022.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 28 (2020–2021) *Vår felles digitale grunn-*

mur – Mobil-, bredbånds- og internettjenester og Innst. 511 S (2020–2021).

Statsforvalteren sørger for at systemer for kontroll og oppfølging av inntekts- og velferdspolitiske virkemidler blir fulgt, og sikrer likebehandling, rettssikkerhet og kvalitet i lov- og tilskuddsforvaltningen på landbruks- og matområdet.

Statsforvalteren har systemer for internkontroll av tilskudd til reindriftsnæringen, gjennomfører offentlig telling av rein, og skal aktivt følge opp brudd på reindriftsloven og grensereinbeite-loven.

Bærekraftsmålene

Statsforvalteren er en sentral bidragsyter på flere fagområder som understøtter bærekraftsmålene. For å sikre en balansert sosial, økonomisk og miljømessig utvikling skal statsforvalterne bidra til at bærekraftsmålene er godt kommunisert, og til at de ligger til grunn for den kommunale og fylkeskommunale planleggingen.

Særlig viktig er:

- bærekraftsmål 3 om god helse og livskvalitet. Statsforvalternes tilsyn bidrar til å forebygge svikt og til å øke kvaliteten og sikkerheten i helse- og omsorgstjenester, barnevern og sosiale tjenester.
- bærekraftsmål 11 om bærekraftige byer og lokalsamfunn. Statsforvalternes arbeid med oppfølging av reguleringsaker, samferdsel og natur- og kulturvern er relevant for å sikre trygge, robuste og bærekraftige byer og lokalsamfunn.
- bærekraftsmål 16 om fred, rettferdighet og velfungerende institusjoner. Statsforvalterne sørger gjennom sin rolleutøvelse for sikkert rettsvern og velfungerende, ansvarlige og inkluderende institusjoner på alle nivåer.

Kap. 525 Statsforvalterne

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter	1 932 205	1 905 347	1 931 161
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	54 690	179 946	185 294
	Sum kap. 525	1 986 895	2 085 293	2 116 455

Post 01 Driftsutgifter

Bevilgningen skal dekke ordinære lønns- og driftsutgifter for statsforvalterne og for Statsforvalterens fellestjenester (STAF). Bevilgningen skal bidra til forsvarlig oppgavegjennomføring i disse virksomhetene på vegne av 13 departementer.

Rapport 2021–2022

I forbindelse med strukturendringene besluttet regjeringen en gevinstrealiseringsplan for statsforvalterne på det administrative området for perioden 2020–2026. Det er, i tråd med planen, per 2022 realisert årlige innsparinger på 14 mill. kroner.

Utfordringer knyttet til koronapandemien har også preget 2021. Statsforvalterne har under hele pandemien utført et godt arbeid for å få kommunene til å opprettholde tjenestetilbudet til barn og unge så langt det har vært tilrådelig ut fra smittesituasjonen.

Barnevernet ble definert som en samfunnskritisk tjeneste under pandemien, og det var viktig med tett oppfølging av kommunene for å opprettholde virksomheten.

De ansatte ved krisesentrene ble tidlig under pandemien definert som personell i kritisk samfunnsfunksjon, og det har under hele pandemien vært en prioritert oppgave å holde sentrene åpne for voldsutsatte med behov for beskyttelse. Statsforvalternes tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterlova i 2021, viser at det er noe varierende oppfølging av loven i kommunene.

Et viktig oppdrag i 2021 var å bidra til å gjøre kommunene godt kjent med barnevernsreformen og de endringer som trådte i kraft 1. januar 2022. Det ble jobbet godt med dette fra statsforvalters side, med oppfølging og dialog med kommunene gjennom hele året.

Statsforvalterne gjennomførte forskriftsfestede tilsyn med barneverninstitusjonene og behandlet klager på brudd på rettighetsforskriften etter retningslinje om prioriterte tilsynsaktiviteter under pandemien. Det ble gjennomført landsomfattende tilsyn om undersøkelsesarbeid i barneverntjenestene.

Statsforvalterne har i stor grad gjennomført oppdraget på klima- og miljøområdet. Mestring og videreutvikling av digitale hjelpemidler har bidratt til at de har løst samfunnsoppdraget på en god måte, både som iverksetter, samordner, veileder og myndighetsutøver.

Statsforvalteren har hatt en sentral rolle i pandemihåndteringen, og har i stor grad bidratt til god samordning av tiltak regionalt og lokalt. Innsatsen har krevd at ressurser på helseområdet internt har blitt omprioritert til pandemihåndtering.

Statsforvalteren har lagt ned betydelig innsats gjennom en ny rapporteringsløsning for personell og kompetansesituasjonen i kommunene, til bruk regionalt og for nasjonale myndigheter.

Statsforvalteren har tett fulgt opp kommunenes kompetanse- og rekrutteringsstrategier, i tråd med Kompetanseløft 2025.

Statsforvalteren har aktivt støttet kommunene i arbeidet med helsefelleskapene.

Statsforvalteren har styrket overvåking og oppfølging av allmennelegetjenesten i kommunene, både fastlegedekningen og legevaksordningen.

Statsforvalteren har gitt råd og veiledning til kommuner om kommunedelplaner og øvrig planlegging på helse- og folkehelseområdet.

I 2021 ble det opprettet et eget prosjekt under ledelse av Statens helsetilsyn, for å bidra til en varig løsning på restanseutfordringene hos Statsforvalteren i Oslo og Viken når det gjelder tilsynsaker og rettighetsklager for helse- og omsorgstjenesten. Prosjektet ble avsluttet i 2022.

Statsforvalterne hadde også i 2021 behov for å sette av ressurser til oppgaver forbundet med pan-

demien, noe som hadde konsekvenser for deres kapasitet til å utføre planlagt tilsyn på helse- og omsorgsområdet. Barn og unge og psykisk helse har vært prioritert i de tilsynsaktiviteter som er forberedt og/eller gjennomført i løpet av 2021.

Statsforvalterne tok i bruk ny veiledning for behandling av tilsynssaker i helse- og omsorgssektoren fra i september 2021. Formålet med veiledningen er å gi bedre grunnlag for prioritering og valg av virkemidler for å gi best mulig effekt.

På sosialområdet har statsforvalterne gjennomført en landsomfattende undersøkelse om tilgjengeligheten til sosiale tjenester, samt risikobaserte tilsynsaktiviteter.


Statsforvalterne har i stor grad gjennomført oppdraget på landbruks- og matområdet. Digitale fagsamlinger på landbruksområdet har vært en

effektiv måte å gjennomføre dialogen med kommunene på, og gitt mulighet for flere og kortere samlinger. Dette er videreført i kombinasjon med fysiske samlinger.

Statsforvalterne har gjort en stor innsats på barnehage- og opplæringsområdet gjennom koronapandemien. Statsforvalterne har hatt løpende kontakt med Utdanningsdirektoratet med informasjonsutveksling til felles nytte og har håndtert oppdrag og oppgaver som har oppstått i løpet av perioden på en god måte.

For nærmere rapportering vises det til de respektive fagdepartementenes fagproposisjoner.

Figuren nedenfor viser utgifter i 1000 kroner på kap. 525 Statsforvalterne, post 01 i 2021 fordelt på departementsområder.



Figur 5.2 Ressursfordeling per departementsområde for 2021

Administrative utgifter er fordelt likt på departementene etter deres relative størrelse. I kategorien «Andre» inngår Forsvarsdepartementet, Kulturdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Samferdselsdepartementet og Utenriksdepartementet.

Statsforvalterens fellestjenester (STAF)

STAF har fortsatt moderniseringen av IKT-infrastrukturen med anskaffelse av nye servere og opprettelse av overvåkningsteam for å høyne informasjonssikkerheten.

STAF har installert ny versjon av arkivsystemet til alle statsforvalternes ansatte for bedre funksjonalitet og integrasjon mot fagsystemer.

Prioriteringer og budsjettforslag for 2023

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Statsforvalteren skal være en pådriver for god tilgjengelighet til de sosiale tjenestene ved NAV-kontoret, herunder akutte henvendelser samt råd og veiledning etter sosialtjenesteloven § 17. Statsforvalteren skal videre bidra til at alle som fyller vilkårene for deltakelse i kvalifiseringsprogrammet får tilbud om program. I tillegg skal statsforvalteren medvirke til at tiltak i aktivitetsplikten for sosialhjelpsmottakere under 30 år og øvrige aktivitetskrav blir individuelt tilpasset og målrettet mot arbeid eller utdanning for hver enkelt tjenes-

temottaker. Statsforvalteren skal også bidra til å styrke barne- og familieperspektivet i de sosiale tjenestene og gjennomføre landsomfattende tilsyn med NAV-kontorenes ansvar for å ivareta barns behov når familien søker økonomisk stønad. Statsforvalteren skal bidra i planlegging og gjennomføring av program for forebyggende sosialt arbeid og helhetlig forebyggende innsats lokalt.

Barne- og familiedepartementet

Statsforvalteren skal gi veiledning til kommunene om hvordan langsiktige negative konsekvenser av pandemien kan reduseres mest mulig for barn og unge.

Statsforvalteren skal understøtte kommunenes plikt til å samarbeide og samordne velferdstjenestene både på systemnivå og overfor det enkelte barn og ungdom. Statsforvalter skal følge med på hvordan kommunen håndterer plikten til å beslutte hvilken kommunal velferdstjeneste som skal ivareta koordineringsansvaret i den enkelte sak der det er uklarhet eller uenighet om dette.

Statsforvalterne skal bistå og samarbeide med Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet om implementering av ny barnevernlov i det kommunale barnevernet, herunder innføring av kompetansekrav.

Statsforvaltere skal følge opp kompetansestrategien i barnevernet, og bidra til å identifisere og motivere barnevernstjenester med behov for kompetanseheving og veiledning. Statsforvalteren skal videre etablere og følge opp læringsnettverk i kommunene blant annet på fosterhjemsområdet og drøfte tilstanden og utviklingsbehovet i barnevernstjenestene. Statsforvalteren skal også bidra til å styrke styring og ledelse i barnevernet, blant annet ved å etablere nettverk for barnevernsledere.

Statsforvalteren skal gjennomføre landsomfattende tilsyn med barneverntjenestens ansvar for oppfølging av barn som er plassert i fosterhjem.

Statsforvalteren skal føre tilsyn med kommunenes oppfølging av voldsutsatte i reetableringsfasen etter opphold på krisesentre.

Helse- og omsorgsdepartementet

Statsforvalteren skal bistå kommunene med å bidra til å fremme helse og livskvalitet og utjevne sosiale helseforskjeller, blant annet gjennom å øke helsekompetansen i befolkningen. Statsforvalteren skal gi veiledning og bistand til kommunene innen psykisk helse- og rus og vil få en sentral rolle i arbeidet med implementering av den kommende opptrappingsplanen for psykisk helse.

Statsforvalteren skal bistå kommunene i arbeidet med å møte utfordringene i allmennlegetjenestene inkludert legevakt, framfor alt i arbeidet med å rekruttere til og stabilisere fastlegeordningen. Statsforvalteren skal bidra til at pasienter, brukere og pårørende skal oppleve en sammenhengende helse- og omsorgstjeneste.

Statsforvalteren skal prioritere forebyggende tilsyn i så stor grad som mulig. I behandlingen av saker om mulig svikt i tjenestene skal statsforvalteren velge de tilsynsaktivitetene som i størst mulig grad bidrar til økt kvalitet og sikkerhet. Virksomhetenes ansvar for å forebygge, avdekke og rette opp overtredelser av helselovgivningen skal vektlegges. Statsforvalteren skal bidra i å utvikle en sammenhengende tilsynskjede som gir økt kvalitet og effekt av tilsyn, og som sikrer at det ikke er utilsiktede variasjoner mellom statsforvalterne. Risikovurderinger skal ligge til grunn for prioriteringer av tilsyn.

Statsforvalteren skal gjennomføre landsomfattende tilsyn med barne- og avlastningsboliger, og bidra til landsomfattende tilsyn med psykisk helsevern for voksne, hvor temaet omhandler selvmord.

Klima- og miljødepartementet

Statsforvalteren er viktig i omstillingen til et lavutslippssamfunn og i arbeidet med å ta vare på naturmangfoldet. Statsforvalteren skal bidra til å redusere klimagassutslipp og tilpasse samfunnet til et endret klima, samt jobbe for økosystem i god tilstand og å ta vare på den mest truede naturen. Statsforvalteren skal også bidra til å redusere utslipp av miljøgifter og næringsstoffer i naturen. Statsforvalteren skal prioritere arbeidet for ivaretagelse av klima- og miljøhensyn på tvers av sektorer, og særlig prioritere å bidra til at kommunene tar klima- og miljøhensyn i plansaker.

Kommunal- og distriktsdepartementet

Statsforvalterne i Nordland, Vestland og Rogaland skal styrke sitt boligsosiale fagmiljø og sin boligsosiale veiledning av kommunene. Dette er en del av forsøket med overføring av oppgaver fra to regionkontorer i Husbanken.

Kunnskapsdepartementet

Statsforvalteren skal rekruttere til og følge opp deltakere i Læringsmiljøprosjektet. Videre skal statsforvalteren følge opp kommuner og fylkeskommuner som har utfordringer med læringsmiljøet.

Statsforvalteren skal forvalte tilskuddsordning for lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnskole. Tilskuddsordningen inkluderer regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage, desentralisert ordning for kompetanseutvikling i grunnskole og videregående skole samt kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderende praksis.

Statsforvalteren skal støtte, tilrettelegge og stimulere barnehage- og skoleeiere i deres arbeid med lokal kompetanseutvikling. Samarbeid, partnerskap og kompetanse- og kvalitetsvurdering er bærende elementer i dette arbeidet.

Statsforvalteren skal gjennomføre felles nasjonalt tilsyn. Temaet er om kommunen og fylkeskommunen gjennom sin internkontroll sikrer at regelverket for skolemiljø blir etterlevd. Alle tilsyn skal være innrettet og gjennomført på bakgrunn av en risikovurdering slik at tilsynene er treffsikre og effektive. Statsforvalteren må fortløpende følge opp all risiko for brudd på regelverket. Det skal være økt bruk av tilsyn som virkemiddel der risikovurderingene tilsier det.

Statsforvalteren skal bidra til god regelverkssetterlevelse i sektor også på andre områder, slik som for eksempel spesialpedagogisk hjelp, spesialundervisning og opplæring i og på samisk.

Statsforvalteren skal arbeide forebyggende og systematisk for å sikre at alle elever har et trygt og godt skolemiljø og at alle barnehagebarn har et trygt og godt barnehagemiljø.

Justis- og beredskapsdepartementet

Statsforvalteren skal på samfunnssikkerhets- og beredskapsområdet følge opp implementering av læringspunkter etter evalueringer fra pandemi-håndteringen på tvers av sektorer, både på regionalt og lokalt nivå. Pandemi-håndteringen, digitale trusler og den skjerperte sikkerhetspolitiske situasjonen har vist viktigheten av tverrsektorielt samfunnssikkerhetsarbeid. Statsforvalteren skal videreføre sin aktive samordningsrolle og bidra til at totalforsvarsarbeidet integreres på regionalt og lokalt nivå.

Utviklingen av vergemålsfeltet vil fortsette i 2023 for å sikre høy kvalitet. Statsforvalteren skal i 2023 særlig legge vekt på oppfølging av verger og sørge for at de får tilstrekkelig kompetanse og god rolleforståelse. Statsforvalteren skal følge opp at nye verger gjennomfører tilgjengelig e-opplæring. Statsforvalteren skal også bidra til enhetlig informasjon og veiledning om ordningene i vergemålsloven.

Statsforvalteren i Oslo og Viken skal føre tilsyn med omsorgen for enslige mindreårige asylsøkere som bor i asylmottak. Helsetilsynet er overordnet faglig tilsynsmyndighet.

Landbruks- og matdepartementet

Statsforvalteren skal bidra til at oppdatert jordvernstrategi med nye tiltak og et forsterket jordvernmål blir fulgt opp. Statsforvalteren skal vektlegge arbeidet med tilskuddsforvaltning og kontroll på hele landbruksområdet, der skogbruk og reindrift skal være integrert i arbeidet.

Statsforvalteren skal stimulere til god oppslutning om klima- og miljøtiltakene i jordbruket, implementere ny kunnskap i arbeid med miljøvirkemidlene og bidra til at kunnskap når ut til kommunene og jordbruksnæringen.

I Troms og Finnmark, Nordland og Trøndelag skal statsforvalteren prioritere å gjennomføre de endringene i kriseberedskapen i reindriften statsforvalteren har ansvaret for, samt prioritere oppfølgingen av reindriftsloven og grensereinbeite-loven.

Bevilgningsendringer

Det foreslås å overføre 1,7 mill. kroner fra Justis- og beredskapsdepartementet for å dekke helårseffekt av tilsynsordning med omsorgen for enslige mindreårige som bor i asylmottak. Ordningen ble etablert 1. juli 2022, jf. omtale i Prop. 1 S (2021–2022) for Justis- og beredskapsdepartementet.

Det overføres 0,2 mill. kroner fra Helse- og omsorgsdepartementets kap. 762, post 21. Midlene skal brukes til beredskapsarbeid og tilsynsvirksomhet på Svalbard og Jan Mayen av Statsforvalteren i Troms og Finnmark.

Som følge av feil tolkning av trygderegelverket i NAV-sakene fikk statsforvalteren økt sakstiltfang, og statsforvalteren ble midlertidig styrket med tre årsverk fram til 1. juli 2022. Som følge av dette nedjusteres bevilgningen med 1,6 mill. kroner i 2023.

I tråd med gevinstrealiseringsplan som følge av ny geografisk inndeling av embetetene og effektivisering av det administrative området reduseres bevilgningen med 2,5 mill. kroner.

Regjeringen har satt i gang et arbeid med mer effektive leiekontrakter for statlige virksomheter. Bevilgningen reduseres med 4,3 mill. kroner som en konsekvens av nye leiekontrakter i 2023.

Bevilgningen foreslås redusert med 7,3 mill. kroner som følge av endrede jobbreisevaner etter pandemien, jf. omtale i del I pkt. 4.3.

Bevilgningen foreslås redusert med 3,3 mill. kroner som følge av at det i saldert budsjett 2022 ble beregnet for mye i kompensasjon ved innføring av ny premiemodell i Statens pensjonskasse, jf. omtale i del I pkt. 4.4.

Det overføres 0,2 mill. kroner fra kap. 571, post 21 for å dekke utgifter til forvaltning og drift av Prosjektskjønn databasen.

Det foreslås å bevilge 1 931,2 mill. kroner.

Det foreslås at bevilgningen kan overskrides mot tilsvarende merinntekter under kap. 3525, post 02, jf. forslag til romertallsvedtak.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overføres

Bevilgningen skal dekke lønns- og driftsutgifter for tidsbegrensede oppgaver for statsforvalteren som er finansiert av departementer, direktorat, tilsyn og andre virksomheter. Dette gjelder blant annet handlingsplaner og prosjekter av ulik karakter. Midlene inntektsføres på kap. 3525, post 01, og utgiftsføres på post 21 når utgiftene påløper.

Bevilgningen foreslås redusert med 50 000 kroner som følge av at det i saldert budsjett 2022 ble beregnet for mye i kompensasjon ved innføring av ny premiemodell i Statens pensjonskasse, jf. omtale i del I pkt. 4.4.

Det foreslås å bevilge 185,3 mill. kroner.

Det foreslås at bevilgningen kan overskrides mot tilsvarende merinntekter under kap. 3525, post 01, jf. forslag til romertallsvedtak.

Kap. 3525 Statsforvalterne

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Inntekter ved oppdrag	46 279	179 946	185 294
02	Diverse inntekter	7 254		
	Sum kap. 3525	53 533	179 946	185 294

Post 01 Inntekter ved oppdrag

På posten føres inntekter fra andre som gir oppdrag eller prosjekter til statsforvalteren og Statsforvalterens fellestjenester (STAF). Midlene gis fra departementer, direktorater, tilsyn eller andre virksomheter.

Bevilgningen foreslås redusert med 50 000 kroner knyttet til innføring av ny premie-

modell i Statens pensjonskasse, jf. omtale under kap. 525, post 21.

Det foreslås å bevilge 185,3 mill. kroner.

Post 02 Diverse inntekter

På posten føres refusjoner av ordinære driftsutgifter på kap. 525, post 01 som kan gjelde andre statsforvaltere, andre statlige virksomheter eller andre virksomheter og organisasjoner.

Programkategori 13.30 Statlege byggjeprojekt og eigedomsforvaltning

Utgifter under programkategori 13.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023	Endring i pst.
530	Byggjeprojekt utanfor husleieordninga	1 642 974	2 404 600	3 353 450	39,5
531	Eigedomar til kongelege føremål	87 794	68 126	69 433	1,9
532	Utvikling av Fornebuområdet	210 500			0,0
533	Eigedomar utanfor husleigeordninga	345 594	236 162	61 470	-74,0
2445	Statsbygg	1 531 510	5 184 429	8 887 996	71,4
	Sum kategori 13.30	3 818 372	7 893 317	12 372 349	56,7

Inntekter under programkategori 13.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023	Endring i pst.
3533	Eigedomar utanfor husleigeordninga	5 921	2 563	5 140	100,5
5446	Sal av eigedom, Fornebu		16 400		-100,0
5447	Sal av eigedom utanfor statens forvaltningsbedrifter	1 019 250	500 000		-100,0
	Sum kategori 13.30	1 025 171	518 963	5 140	-99,0

Innleiing

Kommunal- og distriktsdepartementet har ansvar for byggje- og eigedomspolitikken i statleg sivil sektor. Departementet har ansvar for reglar og retningslinjer for korleis staten sine byggjeprojekt og leige av lokale skal gjennomførast. I statleg sivil sektor er det eit potensial for ei meir samla tilnærming til byggjeprojekt, eigedomsforvaltning og leige av lokale. Regjeringa vil arbeide etter ambisjonane og tiltaka i strategien Ei berekraftig, kostnadseffektiv og samordna bygg- og eigedomsforvaltning, som blei lagd fram hausten

2021, jf. Prop. 1 S (2021–2022) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

I byggjeprojekt der Statsbygg er byggherre, koordinerer departementet den budsjettmessige oppfølginga av prosjekta frå oppstart til ferdigstilling. I 2023 foreslår regjeringa å starte arbeidet med å utvide Ullersmo fengsel. I tillegg føregår det ti byggjeprojekt der Stortinget har godkjend kostnadsrammene.

Departementet skal leggje til rette for at Statsbygg kan forvalte og utvikle eigedomane på ein god måte. Statsbygg forvaltar ein stor del av eigedomsmassen til staten og hjelper andre statlege

verksemdar i utgreiing av lokalbehov og ved leige av lokale i marknaden.

Det føregår fleire tiltak for auka kostnadseffektivitet i byggje- og eigedomsverksemda i statleg sivil sektor. Statsbygg jobbar målretta med å styrkje prosjektstyringa og dessutan redusere kompleksitet, arealbruk og kvadratmeterprisar i byggjeprosjekt. Ei auka utnytting av eksisterande bygningsmasse kan redusere behovet for nybygg og bidra til redusert klimafotavtrykk og ressursbruk. Eit anna område med stort potensial for effektivisering er leigeutgiftene som staten har til kontorlokale i marknaden, som i dag utgjer om lag 6 mrd. kroner per år. Det er eit mål å redusere desse utgiftene med 15 pst. frå 2020 til 2029. Bruk av Statsbygg som rådgjevar, og koordinering og standardisering av leigeforholda til staten, har allereie gitt staten store reduksjonar i leigeutgifter.

Statsbygg har gjennomført ei rekke digitaliserings- og automatiseringstiltak for å effektivisere verksemda. Etableringa av samhandlingsplattforma www.statensinnleie.no har ført til ein vesentleg meir effektiv framgangsmåte for leige av lokale. Vidare blir det arbeidd med å innføre eit tilsvarende system for tomtesøk i marknaden, noko som vil effektivisere arbeidet både for tilbydarar og Statsbygg. I 2021 starta utrullinga av eit einskapleg styringssystem for bygningsautomasjon på tvers av eigedomsporteføljen til Statsbygg. Systemet vil effektivisere og automatisere eigedomsdrifta. Statsbygg innførte i 2021 også eit nytt energioppfølgingssystem, som gir betre datakvalitet og forbetra høve til å følgje opp og redusere energibruk i eigedomsporteføljen.

Stortinget har slutta seg til Meld. St. 13 (2020–2021) *Klimaplan for 2021–2030*, der det er utarbeidd felles klima- og miljøambisjonar for bygg og eigedomar i statleg sivil sektor.

Verksemda til Statsbygg har vore påverka av pandemien. Konsekvensane av den pågåande krigen i Ukraina, saman med strenge pandemiltak i Kina og andre tilhøve påverkar framleis Statsbyggs anskaffingar, og dei økonomiske konsekvensane av dette er store. Prisane på ei rekke råvarer, mellom anna tre, koppar, stål, jern og plast, har auka dramatisk dei siste åra og det er stor uvisse til framtidig inflasjonsutvikling. I tillegg ser vi no at mangel på arbeidskraft påverkar kostnadene. Prisveksten har no avteke, og flaskehalsane i internasjonal handel blir mindre tronge. Sjølv om det neppe blir ein brå korreksjon i byggjeprisane, er materialkostnadane venta å falle framover. Vedvarande høge energiprisar bidrar samstundes til at byggjekostnadane antakeleg ikkje vil kome heilt ned til nivå frå før pandemien.

Høge materialkostnadar, mangel på arbeidskraft og uvisse til leveringssituasjon gir betydelege utslag i auka prisnivå for byggjeprosjekta. Statsbygg har saman med Prognosesenteret utarbeidd ein analyse for å sjå på dei økonomiske konsekvensane av den ekstraordinære prisveksten på innsatsfaktorane i byggjeprosjekta.

Delar av byggjenæringa har utfordringar med useriøse aktørar. Statsbygg samarbeider med næringa for å etablere rutinar og verktøy for å førebyggje og avdekke brot på regelverk og seriøsitetskrav. Seriøsitetsforum bygg og anlegg er etablert i tråd med regjeringa sin strategi mot arbeidslivskriminalitet. Dette er ein arena der offentlege byggherrar utvekslar kunnskap og deler informasjon om risikoaktørar, og skal bidra til auka samordning, informasjonsdeling og kompetanse i arbeidet mot arbeidslivskriminalitet.

Mål for programkategorien

1. Statlege verksemdar har effektive lokale som støttar verksemdenes føremål
2. Statleg eigedomsforvaltning er verdibevarande, berekraftig og effektiv

Mål 1 Statlege verksemdar har effektive lokale som støttar verksemdenes føremål

Lokale er ein viktig innsatsfaktor og skal vere tilpassa føremåla og funksjonen til verksemdene. For at statlege verksemdar skal levere effektive tenester med høg kvalitet, må lokala vere føremålstenlege, funksjonelle og attraktive. Det er viktig å utvikle staten sine lokale på ein måte som tilfredsstillar behova på kort og lang sikt.

Innanfor eigen sektor skal departementa styrkje styringa av den samla eigedomsporteføljen. Samstundes skal Statsbygg bidra til funksjonalitet, fleksibilitet og attraktivitet i statlege eigedomar. Dette vil redusere ressursbruken og behovet for nybygg. Databasen Statens lokale er eit godt verktøy for analysar og porteføljestyring. Statsbygg tilrårde gjenbruk av eksisterande bygningsmasse i om lag 30 pst. av utgreiingsoppdraga i 2021.

I 2021 inngjekk staten 18 nye leigekontraktar med Statsbygg som rådgivar. Desse gav ein samla reduksjon i leigeutgifter for staten på om lag 786 mill. kroner i noverdi, berekna for levetida på kontraktane på ti år. Staten skal utnytte areala betre, og ikkje betale ei høgare leige enn nødvendig. Utviklinga går i riktig retning, men staten må fortsette arbeidet med å redusere kostnadane. Departementa og Statsbygg skal derfor jamleg gjennomgå porteføljen av lokale. Stats-

bygg utarbeider i 2022 ein rettleiar for leige av lokale i marknaden.

Staten avhendar fast eigedom der det statlege behovet fell bort og det ikkje er andre grunnar for statleg eigarskap. I 2021 selde Statsbygg eigedomar med ein netto salsvinst på om lag 2 mrd. kroner.

Statsbygg har dei siste fem åra (2017–2021) ferdigstilt 74 byggjeprojekt til ein sluttkostnad 4 pst. lågare enn samla kostnadsramme. I 2021 arbeidde Statsbygg med 79 byggjeprojekt, og 18 blei ferdigstilte. Det største var nybygg for Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU) og Veterinærinstituttet på Campus Ås. Bygget er det mest avanserte i Europa innanfor veterinærmedisin, og det er den til no største investeringa i bygg og infrastruktur i norsk universitets- og høskolesektor.

Målt mot minstekrav i byggteknisk forskrift blei klimagassutsleppa for byggjeprojekta i 2021 reduserte med 28 pst. Berekninga inkluderer utslepp frå materiale og frå energi i drift over bygga sine normerte livsløp på 60 år. Omtrent 50 pst. av bygningsarealet i porteføljen blir bygde etter miljøklassifisering BREEAM «excellent» og «very good».

Målretta arbeid med sikkerheit, helse og arbeidsmiljø (SHA) og seriøsitet bidrar til ei tryggare og meir seriøs næring. Skadefrekvensen ved byggjeplassane til Statsbygg viser 30 skadar med og utan fråvær per million arbeidde timar i 2021. Skadefrekvensen har auka til eit bekymringsfullt nivå i løpet av pandemien, sjølv om ingen av skadane ser ut til å gi varige mein. Statsbygg jobbar målretta for å redusere skadefrekvensen. Statsbygg jobbar også målretta med tiltak mot useriøse aktørar, og stiller krav i kontraktane om mellom anna faglærte, lærlingar, innleige og faste tilsetjingar. Det blir gjennomført systematiske kontrollar for å sikre etterleving av krava. Resultat frå desse kontrollane viser at det framleis er stort behov for informasjon og rettleiing i leverandørkjedene.

Ved å stille krav til konsulentar, prosjekterande og entreprenørar i anbuds konkurransane, er Statsbygg ein pådrivar for digitalisering og innovasjon. Det føregår fleire digitaliseringsprosjekt for å effektivisere arbeidsprosessar, auke kvalitet på leveransar, betre sikkerheit og redusere klimapåkjenning. Statsbygg lanserte i 2021 ein ny versjon av krava sine til bygningsinformasjonsmodellering, SIMBA 2.0. Grunntanken med SIMBA er at alle krav som kan sjekkast automatisk, bør sjekkast automatisk, noko som er tidssparande for Statsbygg og for leverandørane og gir betre kontroll på kvaliteten i modellane.

Mål 2 Statleg eigedomsforvaltning er verdi-bevarande, berekraftig og effektiv

Statsbygg er største eigedomsforvaltar i statleg sivil sektor. Eigedomsforvaltninga omfattar forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av bygningar og eigedomar som inngår i den statlege husleigeordninga. I tillegg forvaltar Statsbygg dei statlege kongelege eigedomane under kap. 531 Eigedomar til kongelege føremål og kulturhistoriske eigedomar under kap. 533 Eigedomar utanfor husleigeordninga.

I statleg sivil sektor er det også verksemdar som forvaltar den bygningsmassen dei sjølv nyttar. Regjeringa vil arbeide for at alle eigedomsforvaltarane er samordna og varetar eigedomsmassen på ein berekraftig og kostnadseffektiv måte.

Føringane og krava til Statsbygg si eigedomsforvaltning blir vurderte som godt tatt hand om i 2021. Det blei gjennomført vedlikehaldstiltak for 1 030,8 mill. kroner. Vedlikehaldet utgjorde 356 kroner per kvm for eigedomar i husleigeordninga. Statsbygg har ein godt vedlikehalden eigedomsportefølje, med unntak av fengselsporteføljen og dei kulturhistoriske eigedomane.

Fengselseigedomane blei overførte til Statsbygg i 2009. I perioden 2009–2021 er det gjennomført vedlikehaldstiltak for om lag 2,4 mrd. kroner på fengselseigedomane. Vedlikehaldet har redusert risikoen for uønskt stenging av soningsplassar. Arbeidet med utskifting av gammal og utrangert bygningsmasse bidrar til betre sikkerheits- og soningstilhøve og meir effektiv drift. Det er likevel framleis eit betydeleg vedlikehaldsetterlep i porteføljen, og arbeidet vil fortsetje i 2023.

Statsbygg forvaltar ei rekke verna bygg og eigedomar klassifiserte som kulturhistoriske eigedomar. Forvaltning, drift og vedlikehald blir utført i nært samarbeid med vernestyresmakter. I 2021 blei mellom anna rehabilitering av Rosenkrantzårnet ferdigstilt.

Tilstandsanalysane er eit viktig underlag for utviklings- og vedlikehaldsplanar på eigedomane, og Statsbygg gjennomfører rullerande tilstandsanalysar på eigedomane. I 2021 er det gjennomført tilstandsanalysar for 15 pst. av det bygningsarealet Statsbygg forvaltar.

Statsbygg er i rute med å oppnå at eigedomane, unntatt fengsla, skal vere universelt utforma innan 2025. Det blir ikkje arbeidd vidare med universell utforming på enkelte kulturhistoriske eigedomar, der kostnadane blir svært høge.

Statsbygg har over mange år jobba med å effektivisere eigedomsdrifta og har over tid redusert både driftskostnadar per kvm og auka forvalt-

ningsareal per driftsårsverk. Frå 2020 til 2021 blei driftskostnadar per kvm redusert frå 81 til 74 kroner og forvaltningsareal per driftsårsverk auka frå 9 805 kvm til 10 228 kvm. Reduserte driftskostnadar i perioden skyldast delvis lågare aktivitet som følge av pandemien. Krava til energibruk per kvm i eigedomsporteføljen blei også innfridde.

Statsbygg gjennomførte i 2021 ei rekke tiltak for ei meir berekraftig eigedomsforvaltning. Mellom anna blei det installert 6 000 kvm solcellepanel på taket av Halden fengsel, Høgskolen i Halden og på kontrollstasjonen ved Svinesund. Panela gir energi tilsvarande behovet til i overkant av 60 einebustader. Delen lokalprodusert fornybar solenergi i eigedomsporteføljen utgjorde 0,3 pst. av samla forbruk i 2021.

Statsbygg brukar i fleire tilfelle dronar ved inspeksjon av bygningsmassen. Det gir betre kvalitet på inspeksjonane, effektiviserer eigedomsdrifta og reduserer risikoen for personskadar.

I 2021 hadde Statsbygg åtte lærlingar. Tre var lærlingar i byggdriftarfaget, med læretida på eigedomane.

Berekraftsmåla

Fleire berekraftsmål er relevante for byggje- og eigedomsverksemda. Til dømes arbeider Statsbygg, i samarbeid med andre statlege aktørar, for meir seriøsitet og mot arbeidslivskriminalitet, jf. mål 8 om anstendig arbeid og økonomisk vekst. Dei gir råd om lokalisering som skal bidra til mål 11 om berekraftige byar og lokalsamfunn og dei gir råd om løysingar i bygga som kan bidra til mål 7 om rein energi til alle og mål 13 om å stoppe klimaendringane. Berekraftsmåla er reflekterte i Statsbyggs strategiske mål for 2021–2025 og skal vere retningsgivande for byggje- og eigedomspolitikken i statleg sivil sektor.

Kap. 530 Byggjeprojekt utanfor husleieordninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
30	Prosjektering av bygg, <i>kan overførast</i>	222 325	336 000	87 000
31	Igangsetjing av byggjeprojekt, <i>kan overførast</i>		450 000	
33	Vidareføring av byggjeprojekt, <i>kan overførast</i>	1 110 388	1 356 600	2 505 950
34	Statens eigedom på Adamstuen, <i>kan overførast</i>	9 593		
36	Kunstnarisk utsmykking, <i>kan overførast</i>	15 667	33 400	34 000
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	285 001	228 600	726 500
	Sum kap. 530	1 642 974	2 404 600	3 353 450

Løyvingane på kapittelet gjeld byggjeprojekt der Statsbygg er byggherre, mens oppdragsgivarane har ansvaret for forvaltning, drift og vedlikehald av bygningane etter at dei er ferdigstilte.

Post 30 Prosjektering av bygg, kan overførast

Løyvinga dekkar midlar til prosjektering av ordinære byggjeprojekt fram til fullført forprosjekt.

I 2021 blei løyvinga brukt til vidareføring av prosjektering for rehabilitering av Nationaltheatret. I tillegg blei forprosjekt for Campus NTNU og Ocean Space Centre vidareført, og revidert

forprosjekt for Tromsø Museum ved UiT blei ferdigstilt.

Det blir foreslått å løyve 72 mill. kroner til NTNU Campussamling og 15 mill. kroner til å greie ut prosjektet om Nationaltheatret. Samla blir det foreslått å løyve 87 mill. kroner.

Post 31 Igangsetjing av byggjeprojekt, kan overførast

Løyvinga dekkar midlar til oppstart av nye byggjeprojekt utanfor husleieordninga.

I 2021 blei det ikkje løyva midlar til igangsetjing av byggjeprojekt utanfor husleieordninga. I

2022 blei det løyva midlar til oppstart av Ocean Space Centre.

Det blir ikkje foreslått løyving i 2023.

Post 33 Vidareføring av byggjeprojekt, kan overførast

Løyvinga dekker midlar til vidareføring av prosjekt som Stortinget tidlegare har vedtatt å starte opp. Løyvinga skal sikre optimal framdrift i prosjekt under oppføring.

Rapport

I 2021 blei det brukt 1 110,4 mill. kroner på posten. Dei største prosjekta var Noregs miljø- og bio-

vitskaplege universitet (NMBU) og Veterinærinstituttet på Campus Ås, nytt livsvitenskapsbygg og Vikingtidsmuseet, begge dei to siste ved Universitetet i Oslo. Arbeida med nytt livsvitenskapsbygg blei hausten 2020 stansa for å gjennomføre kostnadsreducerande tiltak. Klinikk for Laboratoriemedisin ved Universitetssjukehuset i Oslo blei inkludert i prosjektet. Samlokaliseringsprosjektet for NMBU og Veterinærinstituttet på Campus Ås blei ferdigstilt i 2021.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2023

Tabellen nedanfor viser prosjekt på kap. 530 der bygging blir vidareført i 2023:

Tabell 5.2 Byggjeprojekt utanfor husleigeordninga – under oppføring

(i mill. kroner)

	Oppstart	Forventa ferdig	Kostnadsramme per 1.7.2023 ¹	Forventa forbruk t.o.m. 2022	Forslag 2023
<i>Prosjekt under Kunnskapsdepartementet:</i>					
UiO, Nytt livsvitenskapsbygg	2018	2026	12 617,2	1 806	1 400
UiO, Vikingtidsmuseet	2020	2026	2 429,9	520	500
<i>Prosjekt under Nærings- og fiskeridepartementet:</i>					
Ocean Space Centre	2022	2028	4 666,2	324	600
Prosjekt i reklamasjonsfase					6
Samla forslag post 33					2 506

¹ Kostnadsrammene er eksklusive midlar til kunstnarisk utsmykking, jf. kap. 530, post 36.

Statsbygg kan fordele midlane på posten mellom dei ulike prosjekta, avhengig av framdrift og likviditetsbehov for det enkelte prosjektet i 2023.

Det blir foreslått å løyve 2 506 mill. kroner.

Post 34 Statens eigeendom på Adamstuen, kan overførast

Som ei følge av samlokalisering av verksemder i nye bygg ved Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU) på Ås, blei lokala som NMBU, Veterinærinstituttet og Mattilsynet tidlegare har brukt på Adamstuen i Oslo, fråflytta i 2021. Hovuddelen av eigedommen blei seld til Oslo kommune i 2021. Den andre delen av eigedommen blei seld i 2022. Sjå omtale under kap. 5447 Sal av eigeendom utanfor statens forvaltningsbedrifter.

Det blir ikkje foreslått løyving på posten i 2023.

Post 36 Kunstnarisk utsmykking, kan overførast

Posten inneheld midlar til kunstnarisk utsmykking i statlege bygg under oppføring, også for byggjeprojekt på kap. 2445 Statsbygg. Løyvinga blir disponert av Kunst i offentlege rom (KORO) som gjennomfører prosjekta. Kostnadar til kunstnarisk utsmykking blir ikkje tatt inn i grunnlaget for husleigeutrekninga.

Det blir foreslått å løyve 34 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga gjeld der Statsbygg får i oppdrag å prosjektere og skaffe brukarutstyr til byggjeprojekta. Det inkluderer også brukarutstyr til byggjeprojekt

på kap. 2445 Statsbygg, òg nødvendige tiltak på Nationaltheatret. Eit brukarutstyringsprosjekt er eit separat prosjekt med eigne økonomiske rammer, og er ikkje del av byggjeprosjektet, sjølv om delar av prosjekta normalt er tett integrerte. Oppdragsdepartementet er ansvarleg for gjennomføring av brukarutstyringsprosjektet, også i dei tilfella Statsbygg hjelper til i anskaffingane.

Rapport

I 2021 blei midlane brukte til å skaffe brukarutstyr for Nasjonalmuseet, NMBU Campus Ås, UiO Nytt livsvitskapsbygg, UiO Vikingtidsmuseet og Fagskulen for brann- og redningspersonell. Vidare blei midlane brukte til prosjektering av brukarutstyr for nytt regjeringskvartal, Nationaltheatret, NTNU Campussamling, Ocean Space Centre og samlokalisering av nasjonalteater i Kau-

tokeino og samisk vgs. Brukarutstyringsprosjektet ved NMBU Campus Ås blei ferdigstilt i 2021.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2023

Løyvingane til brukarutstyr er foreslått vidareførte med 50 mill. kroner til nytt livsvitskapsbygg og 25 mill. kroner til Vikingtidsmuseet, begge ved UiO, 70 mill. kroner til fagskule for brann- og redningspersonell, 1 mill. kroner til NTNU Campussamling, 550 mill. kroner til Ocean Space Centre og 5,5 mill. kroner til Nasjonalmuseet. I tillegg er det foreslått 25 mill. kroner til å vidareføre arbeidet med nødvendige tiltak på Nationaltheatret. Sjå Prop. 1 S (2022–2023) for Kunnskapsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Kulturdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet for ytterlegare omtale av prosjekta.

Det blir foreslått å løyve 726,5 mill. kroner.

Kap. 531 Eigedomar til kongelege føremål

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter	29 126	29 593	30 129
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	58 668	38 533	39 304
	Sum kap. 531	87 794	68 126	69 433

H.M. Kongen har disposisjonsrett til Det kongelege slott, hovudhuset på Bygdø kongsgard med sidebygning og park, Oscarshall slott, Stiftsgården i Trondheim og Gamlehaugen i Bergen. Ved Stiftsgården og Gamlehaugen har Statsbygg ansvaret for bygningar, interiør og utandørsanlegg. Ved eigedomane i Oslo har Statsbygg ansvaret for ytre vedlikehald, tekniske installasjonar og større vedlikehaldsarbeid, medan Det kongelege hoffet har ansvaret for innvendig vedlikehald og parkanlegg. Eigedomane representerer store kulturhistoriske verdiar. Det kongelege hoff og Statsbygg har eit nært samarbeid med Riksantikvaren om forvaltning av eigedomane.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker utgifter til forvaltning, drift og vedlikehald av dei statlege kongelege eigedomane, som H.M. Kongen har disposisjonsrett til. Dette skjer i nært samarbeid med Det kongelege hoff.

Det blir foreslått å løyve 30,1 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga dekker bygningsmessige arbeid av investeringsmessig karakter.

I 2021 blei midlane i hovudsak brukte til ferdigstilling av Logistikkbygg i Stallgården ved Det kongelege slott, restaurering av Ridehallen ved Det kongelege slott og restaurering av fasadar ved Gamlehaugen. Logistikkbygget blei ferdigstilt i 2021.

I 2023 vil bygningsmessig rehabilitering av Gamlehaugen og Stiftsgården, restaurering og rehabilitering av tverrfløy sør og nord i Stallbygget og dessutan istandsetting av Stallgården med omkringliggende areal ved Det kongelege slott bli prioritert.

Det blir foreslått å løyve 39,3 mill. kroner.

Kap. 532 Utvikling av Fornebuområdet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
30	Investeringar, <i>kan overførast</i>	210 500		
	Sum kap. 532	210 500		

Post 30 Investeringar, kan overførast

Løyvinga skal dekke staten sin del av investeringar i infrastruktur og grøntområde på Fornebu og kostnader ved frådelling av tomter etter regulering.

I 2021 blei midlane brukte til å dekke Staten sin del av grunneigarbidraget for baneløysing for kollektivtrafikk til Fornebu.

Det blir ikkje foreslått løyving på posten i 2023.

Kap. 533 Eigedomar utanfor husleigeordninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter	24 763	22 662	26 470
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	320 831	213 500	35 000
	Sum kap. 533	345 594	236 162	61 470

Kapitlet omfattar forvaltning av kulturhistoriske eigedomar utanfor den statlege husleigeordninga. Samla bygningsareal er om lag 32 000 kvm og inkluderer Håkonshallen og Rosenkrantzårnet på Bergenhus festning, Munkholmen, Austråttborgen, Grotten, Bjørgan prestegard, staten sine eigedomar etter Røros koparverk, Villa Stenersen, Klemenskirken, Stavern fort på Citadelløya, Sjømennenes minnehall, fjell- og øydestover, Bygdø kongsgard og den nasjonale minnestaden etter 22. juli på Utøyakaia. Statsbygg skal utøva fagleg godt vedlikehald av eigedomane i nært samarbeid med vernestyresmaktene. Det er konstatert betydeleg vedlikehaldsetterslep ved fleire av eigedomane. Statsbygg utarbeider løpande tilstandsanalyser og har ein plan for ei berekraftig kulturminnefagleg sikring av porteføljen i ein tiårsperiode (2020–2029). Det er frå 2019 satt av 35 mill. kroner årleg til ekstraordinært vedlikehald og oppgradering av bygningsmassen, jf. Prop. 1 S (2018–2019) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker utgifter til forvaltning, drift og vedlikehald av bygningsmassen.

I 2021 blei det utført vedlikehaldstiltak ved mellom anna Bygdø kongsgard, Austråttborgen og Munkholmen.

Det blir foreslått ei permanent omdisponering på 0,9 mill. kroner frå post 24 til forvaltning, drift og vedlikehald for minnestaden etter 22. juli ved Utøyakaia.

Det blir foreslått å løyve 26,5 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarande meirinntekt på kap. 3533, post 02, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga dekker utgifter til restaureringsarbeid ved eigedomane.

Rapport

I 2021 utførte Statsbygg ekstraordinært vedlikehold og oppgradering av bygningsmassen, mellom anna på Bergenhus Rosenkrantzårnet, staten sine eigedomar på Røros, rehabilitering av eigedomane på Bygdøy (Hengsenga og Villa Gjøa), Villa Stenersen og Munkholmen. Minnestaden etter 22. juli på Utøyakaia vart ferdigstilt i 2022.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2023

I 2023 blir det foreslått ei løyving på 35 mill. kroner til ekstraordinært vedlikehold og oppgradering av bygningsmassen. Løyvinga skal mellom anna gå til rehabilitering av bygningsmassen på Bygdøy kongsgard, ved Villa Stenersen, Austråttborgen og Munkholmen.

Det blir foreslått å løyve 35 mill. kroner.

Kap. 3533 Eigedomar utanfor husleigeordninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
02	Diverse inntekter	5 921	2 563	5 140
	Sum kap. 3533	5 921	2 563	5 140

Det blir foreslått å løyve 5,1 mill. kroner.

Post 02 Diverse inntekter

På posten førast i hovudsak inntekter frå parkering ved Bygdøy kongsgard.

Kap. 2445 Statsbygg

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
24	Driftsresultat	-2 804 059	-1 215 263	-324 596
30	Prosjektering av bygg, <i>kan overførast</i>	55 506	130 000	262 700
31	Igangsetjing av ordinære byggjeprojekt, <i>kan overførast</i>	1 970 533	302 300	61 200
32	Prosjektering og igangsetjing av brukarfinansierte byggjeprojekt, <i>kan overførast</i>	166 467	252 000	277 000
33	Vidareføring av ordinære byggjeprojekt, <i>kan overførast</i>	993 335	4 170 350	6 139 450
34	Vidareføring av brukarfinansierte byggjeprojekt, <i>kan overførast</i>	577 011	825 000	850 000
39	Renter på byggjelån, <i>kan overførast</i>		370 000	490 000
45	Større utstyrskjøp og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	290 027	319 869	326 266
49	Kjøp av eigedomar, <i>kan overførast</i>	282 690	30 173	805 976
	Sum kap. 2445	1 531 510	5 184 429	8 887 996

Statsbygg er organisert som ei forvaltningsbedrift og forvaltar 3 mill. kvm bygningsmasse, fordelt på

om lag 2 190 bygningar. Verksemda har 820 årsverk, fordelte på hovudkontoret i Oslo og 4 lokal-kontor og driftspersonale på eigedomane.

Kap. 2445 Statsbygg inneheld både drifts- og investeringsbudsjett. Post 24 Driftsresultat er driftsinntekter fråtrekte driftskostnader og kapitalkostnader, og rørsler til og frå reguleringsfondet. Investeringsbudsjettet, postane 30 til 49, inneheld løyvingar til prosjektering, bygging, kjøp av eigedom, og dessutan byggjelånsrenter. Byggjeprojekta blir finansierte etter to ulike modellar, ordinære og brukarfinansierte byggjeprojekt. Ordinære byggjeprojekt blir fremma for Stortinget med forslag til kostnadsramme for kvart enkelt prosjekt og moglegheit for heil eller delvis

husleigekompensasjon for brukaren. Kostnadsrammene for prosjekta blir rekna ut med basis i gjennomført forprosjekt og fastsett på eit nivå som inneber at ein med 85 pst. sannsyn skal greie å halde dei.

Investeringa for brukarfinansierte byggjeprojekt blir finansiert gjennom husleige som blir dekt innanfor brukaren si eksisterande økonomiske ramme. Desse prosjekta blir behandla etter forenkla prosedyrar i tråd med eiga fullmakt frå Stortinget, jf. forslag til romartalsvedtak.

Statsbygg har ansvaret for forvaltning, drift og vedlikehald av alle byggjeprojekt under kap. 2445 Statsbygg, etter at dei er ferdigstilte.

Post 24 Driftsresultat

		(i 1 000 kr)		
Underpost	Nemning	Rekneskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
24.1	Driftsinntekter	-6 579 988	-5 638 335	-5 820 000
24.2	Driftsutgifter	2 114 238	2 185 122	2 270 404
24.3	Avskrivningar	1 680 585	1 533 000	1 548 000
24.4	Renter av statens kapital	698 773	1 599 450	1 677 000
24.6	Til reguleringsfondet	-717 667	-894 500	
	Sum post 24	-2 804 059	-1 215 263	-324 596

Driftsbudsjettet til Statsbygg skal dekke alle utgifter til forvaltning, drift og vedlikehald av eigedomane, og dessutan avskrivningar og renter av statens kapital.

Underpost 24.1 Driftsinntekter

Inntektene består i hovudsak av husleige. Husleiga dekker forvaltning, drift, vedlikehald av eigedomane, avskrivningar og avkasting på investert kapital. I tillegg blir det rekneskapsført netto inntekter frå sal av eigedom, fakturerte rådgivingstener og inntekter frå andre oppdrag på denne underposten.

Underpost 24.2 Driftsutgifter

Driftsutgiftene består i hovudsak av forvaltning, drift og vedlikehald av eigedomsmassen og administrasjon og løn.

Underpost 24.3 Avskrivningar

Alle eigedelar blir avskrivne lineært. Normal avskrivningstid for nybygg er 60 år. Tekniske anlegg og andre særskilde bygningskomponentar har kortare avskrivningstid. Avskrivningane blir førte som ei driftsutgift i Statsbygg og blir utlikna av ei tilsvarende inntekt på Finansdepartementets kap. 5491 Avskrivningar på statens kapital i statens forvaltningsbedrifter, post 30 Avskrivningar, for å vise staten sine totale kostnader basert på konstantprinsippet.

Underpost 24.4 Renter av statens kapital

Rentene førast som ei driftsutgift i Statsbygg, og motsvarast av ei tilsvarende inntekt på Finansdepartementets kap. 5603 Renter av statens kapital i statens forvaltningsbedrifter, post 80 Renter av statens faste kapital.

Underpost 24.5 Til investeringsføremål

Posten gjeld avsetning til investeringsføremål. Posten blir brukt når investeringar utover løyving blir finansierte frå drifta, til dømes kjøp av eigedom.

Underpost 24.6 Til reguleringsfondet

Føremålet til reguleringsfondet er å utjamne variasjonar i driftsinntekter og -utgifter mellom år. Fondet skal også dekke utgifter ved skadetilfelle på eigedomane. For at fondet skal verke slik det er meint, er det viktig å halde det på eit tilstrekkeleg nivå. Stortinget har slutta seg til at reguleringsfondet over tid bør vere om lag 1 pst. av balansen. Ved utgangen av 2021 utgjorde reguleringsfondet 1 547 mill. kroner, mens balansen var om lag 53 mrd. kroner. Departementet kan godkjenne overskriding av årlege løyvingar på investeringspostane ved bruk av midlar frå fondet. Det gjeld både tilførsel av likviditet for å halde optimal framdrift i byggjeprojekt under arbeid, og kjøp av eigedom på kap. 2445 Statsbygg, jf. forslag til romartalsvedtak.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2023

Kartverkets samarbeid med offentlige og private aktører i Norge og internasjonalt støtter særlig opp om bærekraftsmål 9 om innovasjon og infrastruktur og mål 17 om samarbeid for å nå målene.

Kartverket har om lag 860 ansatte og er organisert i divisjonene geodesi, land, sjø og eiendom. Hovedkontoret er lokalisert i Hønefoss. I tillegg har etaten 10 fylkeskartkontor, en sjødivisjon i Stavanger, tinglysning av borettslagsandeler og kundesenteret for Kartverket i Ullensvang og et jordobservatorium i Ny-Ålesund på Svalbard.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttes under post 21 og 45

Bevilgningen skal dekke Kartverkets utgifter til lønn, varer og tjenester, pensjon, husleie, IKT og andre faste driftsutgifter. Utgiftene er knyttet til hele Kartverkets ansvarsområde, blant annet drift av matrikkel og tinglysning, den geografiske infrastrukturen i Norge og sjømåling.

Deler av utgiftene på posten, blant annet utgifter knyttet til geodataarbeidet og koordinering av samfinansieringsprosjekter, finansieres av inntekter fra salg og abonnement og fra samfinansiering, jf. omtale under kap. 3595, post 02 og 03.

Rapport

Kartverket har levert alle sine tjenester i 2021, til tross for pandemien. Andelen elektronisk innsendte tinglysningsdokumenter steg til 60 pst. i 2021 og forventes å nå 70 pst. i løpet av 2023. Prosjektet «Sikkerhet 2021» ble fullført i 2021, noe som gjør Kartverket godt rustet til å motstå digitale angrep. Kartverket har inngått en strategisk samarbeidsavtale med KS.

Prioriteringer og budsjettforslag for 2023

Kartverkets hovedprioriteringer i 2023 er:

- enkelhet for brukerne og å bidra til at Norge fortsetter å være ledende i bruk av geografisk informasjon.

- gjennom samarbeid, utvikle den geografiske infrastrukturen til å bli fellesskapets «digitale tvilling». En tvilling er en digital kopi av virkeligheten, der kunnskap om sted utgjør grunnmuren. I denne kopien gjengis både naturlige og menneskeskapt forhold som kan hjelpe oss til å ta riktige og bærekraftige beslutninger.
- forbedring av matrikkelen, både kvalitet og fullstendighet. Mange offentlige og private aktører er avhengige av dette registeret. Det er behov for å heve kvaliteten, blant annet ved hjelp av bedre dataflyt og muligheter for brukerregistrering.
- gjennomføre deling av tvangssammenslåtte fylker og kommuner på en trygg måte, slik at andre systemer som er knyttet opp mot matrikkelen vil fungere for alle parter fra 1. januar 2024. Se omtale av dette under kap. 500, post 21.

Bevilgningen foreslås redusert med 10,3 mill. kroner som følge av reduserte inntekter fra salg av abonnement/tjenester og samfinansiering. Det foreslås en reduksjon på 1,6 mill. kroner som følge av at midler tilbakeføres til Samferdselsdepartementet etter utvikling av ny løsning for «Barne-tråkk». Bevilgningen foreslås redusert med 1,8 mill. kroner som følge av endrede jobbreisevener etter pandemien, jf. omtale i del I pkt. 4.3.

Det foreslås å bevilge 901,2 mill. kroner. Det foreslås at bevilgningen kan overskrides mot tilsvarende merinntekter under kap. 3595, post 02 og 03, jf. forslag til romertallsvedtak.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overføres, kan nyttes under post 01 og 45

Bevilgningen skal i hovedsak dekke tidsavgrensede prosjekter og kjøp av tjenester fra private leverandører. Dette gjelder blant annet fotografering og laserskanning fra fly, men også bearbeidelse av data og andre tjenester fra geodatabransjen.

Kartverket har ansvaret for mange samfinansierte kartleggingsprogram over hele Norge. Dette gjelder en rekke lokale og regionale initiativ hvor Kartverket organiserer kartlegging av områder der flere interessenter har sammenfallende behov for oppdaterte data. Grunnlaget er flerårige regionale geodataplaner og Geovekst-samarbeidet. Inntektene fra de samarbeidende partene føres på kap. 3595, post 03.

Deler av utgiftene på posten dekkes også med inntekter fra salg og abonnement over kap. 3595,

post 02. Det gjelder blant annet abonnement til posisjonstjenester og salg av geodata.

Inntektene som Kartverket mottar til samfinansierte prosjekter og fra salg og abonnement, går i all hovedsak til kjøp av varer, utstyr og eksterne tjenester. Kartverket bidrar i prosjektene med ressurser/prosjektledere i form av årsverk som finansieres på post 01.

Rapport

Arbeidet med pilotprosjektet for marine grunnkart er gjennomført. Dette gir nøyaktige og sammenstilte data for Stavanger, Ålesund og Skjervøy/Kvænangen, og en modell som kan videreføres til en senere større satsing. Samlet ramme var 84,6 mill. kroner, noe som anslås å være langt lavere enn de samfunnsøkonomiske gevinstene.

Prosjektet med nasjonal digital høydemodell er fullført, i god tid før planen. Hele landet er nå dekket i en sammenhengende modell med høy presisjon og jevn kvalitet. Prosjektet, som startet opp i 2016, hadde en samlet ramme over syv år på 420 mill. kroner. Dataene benyttes aktivt av mange ulike brukere. Gjerdrumrapporten viser hvordan data fra høydemodellen ble brukt til å avklare erosjonen som fant sted før raset. Slike data har stort potensiale for å hindre tilsvarende framtidige ulykker.

Det har vært gjort flere kartlegginger av kystområder med laser som skanner terrenget over og under vann. Denne kartleggingen gir et godt grunnlag for å lage sammenhengende modeller i den kompliserte overgangen fra land til vann, og er mye rimeligere enn dagens kartleggingsmetoder.

Kartverket er i gang med etableringen av et nytt og samlet system for bearbeidning av data fra sjøkartleggingen (Nautilus). Det vil på sikt gi besparelser for Kartverket, gi brukerne raskere tilgang til dataene og muliggjøre etterlevelse av frislipp av data i grunne farvann etter ny forskrift om gradering.

Prioriteringer og budsjettforslag for 2023

Stedsrelaterte data er en viktig kilde til verdiskaping, innovasjon og tjenesteutvikling i offentlig og privat sektor. God tilgang til og bruk av geografisk informasjon blir stadig viktigere for næringsliv, kommuner og andre brukere. Kartverket styrer mot å bli en mer relevant og attraktiv samarbeidspartner for både offentlige og private virksomheter.

Av pågående prosjekter med bevilgning over 21-posten er utviklingen av Nautilus det største utviklingsprosjektet. Nautilus vil fortløpende gi besparelser for Kartverket og bedre sjødata ut til brukerne. Videre benyttes deler av posten til flyfotografering (omløpsfotografering) ved hjelp av de bidragene Kartverket får fra andre offentlige etater og kommuner over kap. 3595, post 03.

Bevilgningen foreslås redusert med 32,4 mill. kroner som følge av reduserte inntekter fra salg av abonnement/tjenester og samfinansiering.

Det foreslås en reduksjon på 19 mill. kroner etter avslutning av bistandsprosjekter finansiert av Utenriksdepartementet.

Videre foreslås det en reduksjon på 14,4 mill. kroner som følge av at pilotprosjektet for marine grunnkart er ferdig.

Det foreslås en endring i bokføring av PRIMAR som fører til økte utgifter på 29 mill. kroner.

Videre foreslås det en økning på 2,6 mill. kroner som følge av planlagt framdrift i prosjektet Nautilus.

Det foreslås å øke bevilgningen med 20 mill. kroner for å starte opp et prosjekt i matrikkelen for støtte til nytt system for verdisetting av fritidsboliger. Prosjektet er treårig, med samlet 156 mill. kroner til utvikling i Kartverket og faste driftskostnader på 20 mill. kroner fra 2025. Se omtale av dette i Prop. 1 S (2022–2023) for Finansdepartementet.

Det foreslås å bevilge 249,6 mill. kroner.

Det foreslås at bevilgningen kan overskrides mot tilsvarende merinntekter under kap. 3595, post 02 og 03, jf. forslag til romertallsvedtak.

Det foreslås at Kartverket kan sette i gang samfinansierte prosjekter før finansieringen i sin helhet er innbetalt, forutsatt at det er inngått en bindende avtale med betryggende sikkerhet om innbetaling mellom partene og for inntil 90 mill. kroner, jf. forslag til romertallsvedtak.

Det foreslås en fullmakt på inntil 40 mill. kroner til å bestille kartgrunnlag og kartleggingstjenester og inngå avtaler om kartleggingsarbeid som går over flere år, jf. forslag til romertallsvedtak.

Post 30 Geodesiobservatoriet, kan overføres

Midlene går til det tidsavgrensede prosjektet med etablering av nytt geodetisk observatorium i Ny-Ålesund. Prosjektet skal etablere en moderne stasjon for geodetiske målinger som kan virke sammen med et nettverk av tilsvarende målestasjoner fordelt over hele verden.

Rapport

Prosjektet startet opp i 2012. Fra 2020 har arbeidet bestått i å få begge de nye antennene i full drift og gjennomføre en periode med samkjøring av ny og gammel antenne. Dette har vært utfordrende, da den gamle antennen går mot slutten av sin levetid og har vært ute av funksjon i lengre perioder. Videre har det vært krevende å få på plass laser-målingsinstrument (SLR) i Ny-Ålesund, da man er avhengig av framdriften i et større amerikansk prosjekt der Ny-Ålesund er det eneste ikke-amerikanske anlegget. Første del av SLR er nå på plass i Ny-Ålesund.

Prioriteringer og budsjettforslag for 2023

Det foreslås å bevilge 9,6 mill. kroner, i tråd med prosjektets framdriftsplan.

Prosjektet forventes ferdigstilt i 2025 og har en kostnadsramme på 411,7 mill. kroner per 1. juli 2022, jf. vedlegg 3 med oversikt over gjeldende romertallsvedtak fra tidligere år.

Kap. 3595 Statens kartverk

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Gebyrinntekter tinglysing	507 744	509 429	488 000
02	Salg og abonnement m.m.	155 704	116 346	122 302
03	Samfinansiering	199 372	207 765	179 120
	Sum kap. 3595	862 820	833 540	789 422

Post 01 Gebyrinntekter tinglysing

På posten føres inntekter knyttet til gebyr for rettsregistrering av boretter og tinglysing i fast eiendom.

Gebyrene er fastsatt i forskrift, og videreføres på samme nivå som i 2022.

Omfanget av gebyrinntekter er i hovedsak gitt av omsetningen i boligmarkedet. Det er større usikkerhet rundt disse prognosene framover. Inntektene fra gebyrene foreslås redusert med 21,4 mill. kroner.

Det foreslås å bevilge 488 mill. kroner.

Statens utgifter til tinglysing og matrikkel er i statsbudsjettet for 2023 på om lag 460 mill. kroner. Grunnet satsinger på matrikkelen som følge av prosjektene på verdisetting av fritidsboliger i matrikkelen på 20 mill. kroner, og arbeidet med deling av kommuner og fylker på 15,8 mill. kroner, er utgiftene vesentlig høyere enn tidligere år. Statens utgifter til tinglysing og matrikkel er samlet sett anslått å være 28 mill. kroner lavere enn inntektene for 2023.

Post 02 Salg og abonnement m.m.

På posten føres inntekter fra ulike salg og abonnement i Kartverket. Inntektene er i hovedsak knyttet til salg av posisjonstjenester, blant annet CPOS, og salg av geodata. I tillegg kommer inntekter knyttet til internasjonalt arbeid, betaling for deler

av Kartverkets arbeid med formidling av elektroniske sjøkart (PRIMAR) og diverse andre sjøprodukter.

Posten foreslås økt med 29 mill. kroner som følge av at inntekter fra PRIMAR nå bokføres i norske kroner. Inntektene foreslås redusert med 19 mill. kroner som følge av at en større bistandsportefølje for Utenriksdepartementet avvikles. Posten foreslås redusert med 7,8 mill. kroner som følge av noe nedgang i andre prosjekter.

Det foreslås å bevilge 122,3 mill. kroner.

Post 03 Samfinansiering

På posten føres inntekter knyttet til tidsavgrensede prosjekter som skal samfinansieres. Inntektene fra samfinansiering kommer fra statsetater, kommuner og private aktører. Dette er hovedsakelig kartleggingsprosjekter, der Kartverket leder arbeidet og i noen tilfeller også utfører arbeidet selv. Inntektene er blant annet knyttet til Geovekst, vedlikehold av Felles kartdatabase (FKB) og omløpsfotografering.

Det foreslås en reduksjon på 28,7 mill. kroner. Dette skyldes avslutningen av en rekke prosjekter som for eksempel nasjonal detaljert høydemodell på 9,6 mill. kroner og pilotprosjekt marine grunnkart på 4 mill. kroner, samt usikkerhet rundt inntekter på en rekke andre prosjekter.

Det foreslås å bevilge 179,1 mill. kroner.

Del III
Omtale av særlege tema

6 Samfunnstryggleik og beredskap

Regjeringa arbeider heilskapleg og systematisk med samfunnstryggleik. Føringsane som er gitt i Meld. St. 5 (2020–2021) *Samfunnssikkerhet i en usikker verden*, Meld. St. 28 (2020–2021) *Vår felles digitale grunnmur – mobil-, bredbånds- og internettjenester*, Meld. St. 10 (2016–2017) *Risiko i et trygt samfunn – samfunnssikkerhet*, Meld. St. 38 (2016–2017) *IKT-sikkerhet – Et felles ansvar*, Meld. St. 27 (2015–2016) *Digital agenda for Norge – IKT for en enklere hverdag og økt produktivitet*, Meld. St. 21 (2012–2013) *Terrorberedskap* og Meld. St. 29 (2011–2012) *Samfunnssikkerhet og Instruks for departementenes arbeid med samfunnssikkerhet*, er utgangspunktet for Kommunal- og distriktsdepartementet sitt arbeid med samfunnstryggleik. Hovudmålet er:

- Kommunal- og distriktsdepartementet sitt arbeid med samfunnstryggleik styrkjer evna til å førebyggje og handtere alvorlege hendingar innanfor departementet sitt ansvarsområde.

Kommunal- og distriktsdepartementet prioriterer arbeidet med å halde ved like og utvikle evna til å handtere kriser i eiga verksemd og i sektorane. I tillegg prioriterer departementet:

- arbeidet med risiko- og sårbarheitsanalysar
- å lære av øvingar og hendingar, kontinuitetsplanlegging og oppfølging av tilsyn
- å styrkje samordninga internt i departementet, med verksemder i sektorane og med andre departement
- vidareutvikle arbeidet med grunnleggjande nasjonale funksjonar

Departementet har eit mangfaldig og komplekst sektoransvar. Under gir vi ein nærare omtale av ansvarsområde som har særleg betydning for samfunnstryggleik, og av mål, prioriteringar og tiltak.

Elektronisk kommunikasjon (ekom)

Elektroniske kommunikasjonsnett og -tenester, til dømes mobil- og breibandnett, utgjer ein digital grunnmur for det norske samfunnet. Når stadig fleire tenester og funksjonar har blitt digitaliserte,

har slik infrastruktur og slike tenester blitt avgjerande for funksjonaliteten i samfunnet. Elektronisk kommunikasjon er derfor definert som ein kritisk samfunnsfunksjon. Kommunal- og distriktsdepartementet forvaltar og utviklar ekompolitikken. Det overordna målet for området er:

- Eit likeverdig tilbod av sikre elektroniske kommunikasjonsstenester av høg kvalitet og til rimelege prisar over heile landet.

Departementet arbeider med å identifisere og redusere sårbarheiter, handtere hendingar og sørge for tilstrekkeleg beredskap, i samarbeid med Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit og ekomtilbydarane.

Fleire tiltak frå regjeringa støttar opp om auka tryggleik og beredskap i nett og tenester:

- Om lag 90 mill. kroner til forsterka beredskap i mobilnetta i utvalde område i om lag 10 kommunar i Troms og Nordland i 2022. Mobilnetta blir mellom anna styrkte med tre døgn reservestraum som førebyggjer mot utfall ved langvarige straumbrot. Mobildekninga blir styrkt for mobilnett-tilbydarane Ice, Telenor og Telia. Regjeringa foreslår å sette av midlar til slik styrking i nye kommunar i 2023.
- Tiltak for å styrkje transportnetta i sårbare regionar, som mellom anna gir alternative føringsveggar for internett-trafikk. Tiltak som skal ha effekt i Troms blir sette i verk i 2022, og regjeringa foreslår å bruke om lag 25 mill. kroner i 2023 til tiltak som skal ha effekt i Nordland, jf. omtale under programkategori 13.40.
- Arbeidet for styrkt samarbeid mellom kraft- og ekomsektoren, med mål om raskare gjenoppretting ved straumbrot som rammar viktige lokasjonar for ekomnetta, held fram i 2023.

Nasjonale kommunikasjonsmyndigheit er ei utøvande tilsyns- og forvaltningsmyndigheit underlagd Kommunal- og distriktsdepartementet. Vidareføring og vidareutvikling av tilsyn er eit sentralt verkemiddel i samfunnstryggleiksarbeidet. Gjennom det digitale responsmiljøet for ekomsektoren, EkomCERT, bidrar Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit til auka samfunnstryggleik og

beredskap. EkomCERT innhentar, samanstill og analyserer tryggleiksrelatert informasjon, koordinerer og handterer cyberhendingar og utarbeider situasjonsbilete. I 2022 har departementet oppretta Strategisk sikkerhetsforum for elektronisk kommunikasjon, som er ein arena der myndigheiter og tilbydarar skal utveksle erfaringar og diskutere og vurdere den til ei kvar tid gjeldande tryggleikssituasjonen på eit strategisk nivå. Øvingar i sektoren skal forankrast i dette forumet. I tillegg møttest utvalde ekomtilbydarar, Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit, Nasjonalt tryggingorgan (NSM), Politiets tryggleiksteneste (PST) og Etterretningstenesta i Ekomsikkerhetsforum for å utveksle informasjon, som skal bidra til at tilbydarane får eit godt grunnlag for å ivareta forsvaret tryggleik og beredskap.

Departementet har identifisert enkelte funksjonar innanfor ekomsektoren som grunnleggjande nasjonale funksjonar (GNF-ar) etter sikkerheitslova, ettersom eit heilt eller delvis bortfall vil få konsekvensar for statens evne til å ta vare på nasjonale tryggingssinteresser. Det er identifisert tre GNF-ar innanfor elektronisk kommunikasjon: Evne til å vareta talekommunikasjonstenester basert på norsk nummerplan, evne til å vareta tekstbaserte meldingstenester basert på norsk nummerplan og evne til å vareta grunnleggjande internett-tilgang. Evna til å halda ved lag elektroniske kommunikasjonstenester omfattar å sikre tilgjengelegheit, integritet og konfidensialitet.

Departementet har utpeikt skjermingsverdige objekt og infrastruktur og klassifisert desse. Implementering og vidare oppfølging av sikkerheitslova er eit kontinuerleg arbeid, som blir gjort i nært samarbeid mellom tilbydarane som er underlagd lova, departementet og Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit. Departementet vurderer jamleg om nye verksemdar skal underleggast lova.

Nasjonale kommunikasjonsmyndigheit er tilsynsorgan for ekomsektoren etter sikkerheitslova og har inngått ein samarbeidsavtale med NSM.

Satellittbasert kommunikasjon

Satellittbasert navigasjon og kommunikasjon er definert som ein kritisk samfunnsfunksjon. Kommunal- og distriktsdepartementet har ansvar for kommunikasjonsdelen, medan Nærings- og fiskeridepartementet har ansvar for det som omfattar navigasjon. Kommunal- og distriktsdepartementet forvaltar regelverk for satellittbaserte kommunikasjonstenester, mellom anna ekomlova, satellittinnmeldingsforskrifta og fribruksforskrifta.

Departementet deltar òg i Romutvalet og Romtryggleiksutvalet nedsett av Nærings- og fiskeridepartementet, som har ansvaret for norsk rompolitikk og som arbeider med å få på plass ei ny romlov. Romlova vil gi ei ny og utvida regulering av dette feltet.

Satellittbasert kommunikasjon er identifisert som ein GNF i samsvar med sikkerheitslova. Departementet har gitt Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit i oppdrag å levere ei innstilling til departementet om korleis den grunnleggjande nasjonale funksjonen satellittbasert kommunikasjon bør følgast nærare opp. Etaten skal mellom anna identifisere viktigeita av satellittbasert kommunikasjon, gjere ei nærare vurdering av innhaldet i GNF-en, identifisere aktuelle aktørar som bør vurderast underlagt lova og kartlegge aktuelle objekt og infrastruktur som bør vurderast utpeikt som skjermingsverdige. Departementet har elles handtert enkeltsaker som dreier seg om føresegnar i sikkerheitslova og bruk for aktørar som driv satellittverksemd.

Satellittområdet er prega av omfattande internasjonal verksemd. Samstundes er satellittområdet i endring, med framvekst av lågbanesatellittsystem som i aukande grad kan konkurrere med landbasert elektronisk kommunikasjon. Det er derfor viktig å sjå arbeidet med samfunnsstryggleik for satellittbasert kommunikasjon i samheng med arbeidet med elektronisk kommunikasjon.

IKT-tenester til departementa

Departementa har ei viktig rolle i den nasjonale handteringa av kriser og uønskte hendingar. Dei er derfor ein del av den kritiske samfunnsfunksjonen styring og kriseleing. Departementa si verksemd, handlefridom og avgjerdsdyktigheit er også peika ut som ein grunnleggjande nasjonal funksjon etter sikkerheitslova. For å vareta funksjonen sin, er departementa avhengige av ein del understøttande funksjonar, mellom anna IKT. Kommunal- og distriktsdepartementet har ansvar for å levere IKT-tenester til departementa. Det overordna målet for området er:

- Sikre og robuste IKT-system som understøttar departementsfunksjonen.

Kommunal- og distriktsdepartementet prioriterer leveranse av fellestenester som IKT og sak- og arkivsystem til departementa. Departementet vil kontinuerleg forbetre trygginga og robustheita i IKT-systema, mellom anna gjennom responsmiljøet i DSS CERT. Kommunal- og distriktsdeparte-

mentet arbeider med innføring av eit nytt felles arkivsystem for Statsministerens kontor, departementa og DSS.

Objekt- og infrastrukturtryggleik for departementsbygningane

Departementa treng sikre og funksjonelle arbeidslokale for å vareta sin kritiske samfunnsfunksjon og grunnleggande nasjonale funksjon. Kommunal- og distriktsdepartementet har ansvar for arbeidet med forebyggjande objekt- og infrastrukturtryggleik knytt til felles bygningsmasse, fellesområde og utandørsområde i regjeringskvartalet og i departementsbygningar utanfor regjeringskvartalet. Ansvaret gjeld ikkje lokala til Statsministerens kontor og Forsvarsdepartementet på Akershus festning. I mars 2021 blei det vedteke ein instruks som beskriv roller og ansvar i arbeidet med forebyggjande objekt- og infrastrukturtryggleik for departementsbygningane, FOR-2021-02-05-328, Instruks for arbeidet med forebyggjande objekt- og infrastrukturens sikkerhet for departementsbygningane. Departementet sitt tryggleiksmessige ansvar for objekt- og infrastrukturtryggleik for departementsbygningane er avgrensa til felles grunnsikring, og nødvendig samordning og instruksutvikling for å vareta felles grunnsikring. Det overordna målet for området er:

- Forsvarleg tryggleiksnivå for departementsbygningane som skjermingsverdige objekt.

Departementet legg til grunn ei risikobasert tilnærming når det gjeld vurdering og prioritering av eventuelle behov for komplettering og justering av tryggleikstiltaka i felles grunnsikring, med mål om godt sikra departementsbygningar fram til nytt regjeringskvartal kan nyttast.

Kongehuset

I tillegg til ansvaret for departementsbygningane, har Kommunal- og distriktsdepartementet ansvar for å fremje løyvingar til særskilde prosjekt ved Det kongelige hoff, som til dømes sikringsprosjektet. Som hovudregel vil Statsbygg vere byggherre for større bygningsprosjekt ved dei statlege kongelige eigedommane, slik tilfellet var for nytt logistikkbygg.

Valgjennomføring

Kommunal- og distriktsdepartementet har det overordna ansvaret for valgjennomføringa. Det inneber ansvar for regelverket, mellom anna

vallova med tilhøyrande forskrifter, føresegnene i samelova som gjeld val til Sametinget, forskrift om val til Sametinget og etatsstyransvar for Valdirektoratet. Gjennomføring av frie, direkte og hemelege val til Stortinget, kommunestyre, fylkesting og Sametinget er meld inn som ein GNF ettersom heilt eller delvis bortfall vil få konsekvensar for statens evne til å vareta den nasjonale tryggleiksinteressa demokratisk styreform. Det overordna målet for området er:

- Korrekt og sikker valgjennomføring med tillit i befolkninga.

Valgjennomføring har ein avgjerande funksjon i vårt demokratiske samfunn og styresett. Departementet og Valdirektoratet har sidan direktoratet blei oppretta i 2016, utvikla eit tett samarbeid rundt tryggleik og beredskap, mellom anna gjennom risiko- og sårbarheitsvurderingar og rutinemessige beredskaps- og kriseøvingar. Høgt prioritert er tiltak for kontinuerleg å gjere det elektroniske valadministrasjonssystemet (EVA) sikrere og meir robust.

Digitale fellesløysingar

Nasjonale digitale fellesløysingar er byggjeklossar som blir brukte i eit felles økosystem for nasjonal digital samhandling og tenesteutvikling. Fleire av fellesløysingane og systema som bruker dei, er viktige for at samfunnet skal fungere og er knytte til den kritiske samfunnsfunksjonen digital tryggleik i sivil sektor. Kommunal- og distriktsdepartementet har etatsstyringsansvar for Digitaliseringsdirektoratet, som forvaltar ei rekke fellesløysingar, mellom anna ID-porten og Altinn. Det overordna målet for området er:

- Offentleg sektor har sikre, stabile og tilgjengelege digitale fellesløysingar.

Sentrale tiltak er å modernisere den digitale grunnmuren. Dette vil mellom anna redusere risiko og sårbarheit i digitale fellesløysingar som Digitaliseringsdirektoratet har ansvar for å drifte og forvalte. Kommunal- og distriktsdepartementet har utover dette eit koordineringsansvar for alle dei nasjonale fellesløysingane. Ansvar for drifta av andre offentlege fellesløysingar er fordelt på mange aktørar, og styringa av dei statlege løysingane følgjer sektoransvaret og linjestyringa. Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang arbeid for å få på plass eit felles responsmiljø for dei digitale fellesløysingane, i samråd med dei departementa og etatane som har ansvar for slike løysingar.

Kart- og geodata

Kommunal- og distriktsdepartementet har det overordna ansvaret for nasjonal kart- og geodapolitikk og ansvar for etatsstyring av Kartverket. Kartverket opererer i eit samansett teknologisk økosystem for slike data, men har ein heilt sentral rolle som mellom anna nasjonal geodatakoordinator og myndigheit for matrikkel og tinglysing. Kartverket har mange roller som er viktige for samfunnstryggleik, mellom anna leveranse av geografisk informasjon til nødetatar og kriseleiing for den kritiske samfunnsfunksjonen styring og kriseleiing. Vidare er det Kartverket som står for oppmåling av norskekysten, eit arbeid der samfunnstryggleik alltid vil vere høgt prioritert. Det overordna målet for området er:

- Å vere i stand til å levere geografisk informasjon til samfunnet.

Kartverket har i 2021 etablert eit nytt system for IT-tryggleik (NIST-4) og dermed gjort eit viktig steg for å sørge for at etaten sine data er trygg og gir faste leveransar. I 2023 vil Kartverket jobbe med å avklare korleis etaten kan støtte Forsvaret sine behov. Ei viktig oppgåve for Kartverket i 2023 vil vere å sikre at førebuingane til delinga av fylke og kommune ved årsskiftet 2023/2024 skjer på ei måte som sikrar kontinuitet i offentlege teneste.

Plan- og bygningspolitikk

Kommunal- og distriktsdepartementet forvaltar plan- og bygningslova og er fagmyndigheit for areal- og samfunnsplanlegging og bygningspolitikk. Plan- og bygningslova skal mellom anna fremje berekraftig og trygg arealbruk og forsvarleg byggkvalitet. Klimaendringane er i aukande grad ei utfordring for samfunnstryggleiken, fordi endringane blir stadig sterkare, og dermed aukar sannsyn for at hendingar utløyst av naturen kan true liv og helse, materielle verdiar og sentrale samfunnsfunksjonar. Det overordna målet for området er:

- Arealplan og byggjesak skal legge til rette for sikre og berekraftige bygg, bidra til å redusere klimagassutslepp, bidra til at samfunnet blir tilpassa eit endra klima og verne om dyrka mark.

Departementet sitt viktigaste tiltak for å nå målet er å utvikle, forvalte og informere om regelverket i plan- og bygningslova med forskrifter. Gjennom ansvaret for plan- og bygningspolitikken har departementet eit rettleiingsansvar overfor regional og kommunal plan- og bygningsmyndigheit.

Rettleiinga skal bidra til at desse, på best mogleg måte gjennom planlegging og byggjesaksbehandling, kan treffe avgjerder ut frå regional og lokal kunnskap for å førebyggje at naturskapte hendingar får store konsekvensar.

Departementet prioriterer også å fremje og vidareutvikle kunnskap om potensielle fareområder og effektar av klimaendringar. Arbeidet blir gjort i samarbeid med andre departement og underliggande etatar. Dette skal bidra til at kommunal og regional planlegging, byggjesaksbehandling og bustad- og bygningssektoren tar høgde for naturfare og framtidige klimaendringar, og leggje til rette for berekraftige lokalsamfunn og bygg.

Eit viktig bidrag er arbeidet med å etablere ei detaljert høgdemodell for heile landet som vil gi betre grunnlag for konsekvensutgreiingar og risiko- og sårbarheitsanalysar knytt til flaum- og rasfare. Den første komplette høgdemodellen over heile Noreg er ferdigstilt, men Gjerdrumutvalets NOU 2022: 3 *På trygg grunn — Bedre håndtering av kvikkleirerisiko* visar at det vil vere nødvendig å gjere jamlege laserskanningar av utsette område for å sjå kor i landskapet det skjer endringar. Modellen gir kommunar og statsetatar eit godt datagrunnlag for å berekne mellom anna ras- og skredfare eller overvatn.

I Prop. 125 L (2021–2022) *Endringar i plan- og bygningslova (reglar om handtering av overvatn i byggesaker mv.)*, som blei sendt til Stortinget 3. juni 2022, blir det foreslått endringar som gir kommunane betre verkemiddel for å handtere utfordringar knytt til overvatn. Lovforslaga vil gi kommunane heimlar for å kunne krevje at private gjennomfører tiltak for overvatn, både ved nybygging og på eigedommar som er heilt eller delvis utbygde.

Riksrevisjonen har gjennom rapport frå mars 2022 undersøkt myndigheitenes arbeid med å tilpasse infrastruktur og bygningar til eit klima i endring. Riksrevisjonen avdekte fleire områder kor omsynet til framtidige klimaendringar i areal-, plan- og beredskapsarbeid kan forbeistrast, både på lokalt og nasjonalt nivå. Vidare tilrår Riksrevisjonen mellom anna at samordninga mellom departementa blir styrkja og at det utarbeidast ein ny plan på tvers av sektorar for å sikre tilstrekkeleg tilpassing av samfunnet for å møte klimaendringane. Som eit ledd i oppfølginga av Riksrevisjonen si undersøking, deltar departementet i arbeidet med ei ny stortingsmelding om klimatilpassing, som blir leia av Klima- og miljødepartementet.

I mars 2022 la Gjerdrumutvalet fram ei utgreiing om korleis kvikkleirerisiko i Noreg kan hand-

terast, og foreslo fleire endringar. Endringsforslaga er mellom anna meir og betre kartlegging, tydeleggjering av ansvarsfordeling, meir rettleiing til kommunane og fleire og betre sikringstiltak. Departementet samarbeider med Olje- og energidepartementet, som har hovudansvaret for utgreiinga frå utvalet, om vidare oppfølging av anbefalingane frå utvalet.

Den norske mattrygginga er no i dag god, men i den situasjonen verda står i nå er det viktig å leggje til rette for å produsere så mykje mat som mogleg i Noreg. For å oppnå god beredskap og mattrygging må jordbruket sine produksjonsressursar bli tatt vare på over heile landet. Ein effektiv arealbruk med god utnytting av areal som alle-reie er bygd ut, vil kunne bidra til å redusere behovet for å byggje ned dyrka jord. Samstundes skal kommunane ha tilstrekkeleg med handlingsrom slik at det blir tatt avgjerder basert på lokal-kunnskap og tilpassa lokale og regionale forhold. Det overordna målet for området er:

- Omdisponeringa av dyrka jord skal reduserast, og fylkeskommunane og kommunane må leggje ein streng jordvernspolitikkk til grunn for planlegginga.

Nærvær i nord

Kommunal- og distriktsdepartementet har eit koordinerande ansvar for regional- og distriktpolitikken, irekna å leggje til rette for at folk kan bu og leve i heile landet. Spreidd busetjing er viktig for norsk suverenitetshevdning. Dette gjeld særleg i Nord-Noreg og nordområda, som er av sikkerheits politisk tyding for heile Noreg. Ei robust

befolkningsutvikling og god utviklingskraft i Nord-Noreg er ein føresetnad for å hevde Noregs interesser i nordområda.

Informasjonstryggleik i forvaltninga

Kommunal- og distriktsdepartementet har eit samordningsansvar for arbeidet for ei styrkt og meir heilskapleg tilnærming til informasjonstryggleik i forvaltninga. Digitalisering av forvaltninga gir nye moglegheiter og fremmar effektivitet, men skaper også nye bindingar og sårbarheiter. Styrkt kompetanse og systematisk arbeid med informasjonstryggleik er viktig for å motverke dei digitale sårbarheitene. Vidare utvikling av kompetanse- og rettleiingsmaterieil er prioriterte tiltak i dette arbeidet, i tillegg til arbeidet med å auke frekvensen av øvingar innan IKT-tryggleik i verksemdene. Departementet prioriterer å vidareføre Nettverk for informasjonstryggleik (NIFS), som blir forvalta av Digitaliseringsdirektoratet.

Statsforvaltarens fellestenester

Statsforvaltarens fellestenester (STAF) leverer fellestenester som støttar opp om statsforvaltaren si verksemd, og skal leggje til rette for at statsforvaltaren kan utøve samordningsrolla si i kriser. STAF har gjennomført ei modernisering av IKT-infrastruktur og oppgradering av programvare hos statsforvaltarane, som gir betre tryggleik og funksjonalitet. Det er nytta betydelege midlar på dette i 2021–2022.

7 Klima- og miljørelevante saker

Regjeringa sin klima- og miljøpolitikk byggjer på at alle samfunnssektorar har eit sjølvstendig ansvar for å leggje miljøomsyn til grunn for aktivitetane sine og for å bidra til at ein kan nå dei nasjonale klima- og miljømåla. For omtale av regjeringa sine samla klima- og miljørelevante saker, sjå Klima- og miljødepartementet sin fagproposisjon.

Kommunal- og distriktsdepartementet har ansvar for byggje- og eigedomspolitikken i statleg sivil sektor. Måla for politikken er at statlege verksemdar har effektive lokale som støttar føremålet til verksemdene og at statleg eigedomsforvaltning er verdibevarande, berekraftig og effektiv.

Ei berekraftig, kostnadseffektiv og samordna bygg- og eigedomsforvaltning, som er ein ny strategi for bygg og eigedom i statleg sivil sektor, blei lagt fram i 2021. Strategien inneheld fire ambisjonar om klima, miljø og energi, og den peikar på tiltak som vil bidra til å nå ambisjonane. Departementet er i gang med å implementere tiltaka.

Det har blitt utarbeida felles klima- og miljøambisjonar for bygg og eigedom i statleg sivil sektor i Meld. St. 13 (2020–2021) *Klimaplan for 2021–2030*. Ambisjonane gjeld for staten som byggherre, eigedomsforvaltar og leigetakar:

- Staten skal utnytte noverande bygningsmasse og sikre gjenbruk av fråflytta eigedom.
- Staten skal bruke tidlegare bygningsmaterialar om att og leggje til rette for at også andre kan bruke materialar frå statlege bygningar om att.
- Staten skal samarbeide med bransjen for å fremje klimavenlege materialar.
- Staten skal etablere felles metodikk for å måle den samla klima- og miljøpåverknaden frå bygg og eigedom i statleg sivil sektor, med sikte på framtidig forbetring og å etablere felles mål.
- Statlege etatar skal leggje stor vekt på miljøgevinstane ved gjenbruk av allereie utbygde areal og noverande bygningar. Dette skal gjelde når etatane byggjer, kjøper eller leiger lokale.

Strategien for bygg og eigedom i statleg sivil sektor byggjer på ambisjonane i klimaplanen.

Bygg- og eigedomsnæringa er den nest største næringa i Noreg. Staten er ein stor aktør innanfor denne næringa, både som eigar og leigetakar i marknaden. Statsbygg forvaltar ein stor del av den statlege eigedomsmassen og gir råd til andre statlege verksemdar med behov for lokale. Statsbygg skal sørge for ei berekraftig og effektiv forvaltning av eigedomane. I byggjeprosjekta gir Statsbygg råd til oppdragsdepartementa om til dømes energiløysing, miljøambisjon og arealeffektivitet. Statsbygg gir òg råd i leigesaker om til dømes miljøkvalitetar, og dei skal i rådgivinga leggje vekt på lokalisering som gir lav miljøbelastning. Statsbygg skal vareta viktige omsyn som energi, miljø og klima innanfor alle verksemdsområde. Høg miljøfagleg kompetanse er ein føresetnad for å kunne redusere klimagassutslepp, og skal vere rettleiande ved lokaliserings- og konseptval, i byggjeprosessen og i eigedomsforvaltninga.

I 2021 var klimagassutsleppa i byggjeprosjekt gjennomført av Statsbygg reduserte med 28 pst. målt mot minstekrav i byggt teknisk forskrift. Berekninga inkluderer utslepp frå materiale og standard materialvalg frå energi i drift over bygga sine normerte livsløp på 60 år. Om lag 50 pst. av bygningsarealet i porteføljen til Statsbygg blir bygde etter miljøklassifisering BREEAM «excellent» og «very good».

Statsbygg gjennomførte i 2021 ei rekke tiltak for ei meir berekraftig eigedomsforvaltning. Det blei installert 6 000 kvm solcellepanel på taket av Halden fengsel, Høgskolen i Halden og på kontrollstasjonen ved Svinesund. Delen lokalproduisert fornybar solenergi i eigedomsporteføljen utgjorde 0,3 pst. av samla forbruk i 2021. Krava frå Kommunal- og distriktsdepartementet til energibruk per kvm i eigedomsporteføljen blei også innfridde. Dette kan delvis skyldast lågare aktivitet som følgje av pandemien.

I dei leigeavtalane Statsbygg har vore rådgivar for, har areal per tilsett blitt redusert med 53 pst. i 2021. Arealeffektivisering bidrar til redusert energibruk, klimagassutslepp og utbyggingspress i byar og tettstadar.

Statsbygg har samarbeida med Oslo kommune, Pådriv og Resirqel om etablering av ein ombrukssentral for byggjeverar på Økern. Sirkulær Ressurssentral er forventa å starte opp i løpet av 2022, og blir den største ombrukssentralen i Europa. Sentralen bidrar til å auke ombruk av byggjemateriale og redusere byggjeavfallet frå byggjenæringa.

Bygg- og anleggsnæringa står for ein stor del av klimagassutsleppa og om lag 29 pst. av avfallet i Noreg. Byggjenæringa har eit stort potensial for å kutte utsleppa, mellom anna ved å bruke klimavenleg materiale og ombruk av byggjeverar. Bygningsregelverket skal sørge for at bustader og bygg er sikre, energieffektive og miljøvenlege.

Kommunal- og distriktsdepartementet vedtok 29. mai 2022 endringar i Byggteknisk forskrift (TEK17) og tilhøyrande endringar i byggjesaksforskrifta som skal vere med å redusere klima- og miljøavtrykket frå bygg. Endringane inneheld mellom anna krav om at nye bygg seinare kan bli demonterte, at materiala er klarlagd for ombruk ved større arbeid i eksisterande bygg og at kravet til sortering av avfall på byggjeplassar aukar frå 60 til 70 pst. Det er òg krav om klimagassrekneskap for bustadblokker og yrkesbygg.

1. juli 2022 blei forskrift om dokumentasjon av byggjeverar (DOK) endra slik at det blir enklare å få tak i dokumentasjon på eigenskapane til brukte byggjeverar. Endringane inneber at utbyggjaren som skal bruke byggjevarene eller aktørar som bringar vidare brukte byggjeverar, kan få tak i dokumentasjonen, heller enn at den som sel må gjere det. Dette er ei meir fleksibel ordning som oppnar for grøn vekst i marknaden for brukte byggjeverar.

Å fremje berekraftig byggjeverksemd er ein prioritert oppgåve for Direktoratet for byggkvalitet (DiBK). DiBK har fått i oppdrag å utarbeide eit kunnskapsgrunnlag om klimagassutslepp frå bygging, korleis klimagassutsleppa kan reduserast og korleis dette verkar på byggjekostnadane.

DiBK har sekretariatsfunksjonen til Samordningsrådet for digitalisering som blei etablert i 2021. Føremålet med rådet er å leggje til rette for effektive prosjekterings- og byggjeprossar, berekraftig forbruk, ombruk og digitalisering. Rådet skal arbeide for at bygg- og anleggsnæringa har god flyt av digitale og maskinleselege varedata. Det vil gjere at ein kan lage betre klimarekneskap for bygg, gjere ombruk av byggjeverar enklare og gi mindre avfall frå byggjeprossar.

Distrikts- og regionalpolitikken skal skape grunnlag for gode liv i heile landet og bidra til ei berekraftig samfunnsutvikling.

Kommunal- og distriktsdepartementet forvaltar to tiltak under distrikts- og regionalpolitikken som har miljø i målsetting og/eller rapporterer på miljøeffektar. Investeringsstilskot for store grøne investeringar er ei investeringsordning retta mot berekraftige industriprosjekt med mål om klimaomstilling. Ordninga har krav om 100 pst. del prosjekt med positiv miljøeffekt. Mobiliserande og kvalifiserande næringsliv har tiltak for utvikling av næringslivet. Rapportering syner at 49 pst. av dei prosjekta som får stønad frå Innovasjon Noreg har ein positiv miljøeffekt.

Areal- og samfunnsplanlegginga legg ramme for bruk av areala i Noreg, og har gjennom det stor innverknad på korleis naturen blir ivareteke og kor mykje klimagassar som blir sloppen ut. Som planmyndigheit har kommunane ei viktig rolle i å bidra til at Noreg når våre nasjonale natur- og klimamål, samstundes som ulike sektorar, oppgaver og interesser blir sett i samanheng.

Nye utbyggingar av næring, bustader og infrastruktur kan føre til inngrep i naturen. Blant omsyna som må takast i arealplanlegginga, er planen sin verknad på naturmangfald, landskap, jordvern, friluftslivsinteresser og for samisk natur- og kulturgrunnlag. I regionale planar, kommuneplanar og reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal planen sine verknader for miljø og samfunn konsekvensutgreiast i tråd med regelverket om konsekvensutgreiingar. Der planane får følgjer for naturmangfald eller vannmiljø, skal dei òg vurderast etter naturmangfaldlova og vassforskrifta.

Areal- og samfunnsplanlegging og byggjesakshandsaming etter plan- og bygningslova kan vere med på å avgrense utslepp av klimagassar frå transport, arealbruksendringar, bygg og energibruk. Planar etter plan- og bygningslova skal ta klimaomsyn. For storbyane er nullvekstmålet viktig i planlegginga. Her er avtalane om byvekst eit sentralt verkemiddel.

Arealplanlegginga er også avgjerande for å førebyggje framtidige skader forårsaka av klimaendringar. Planmyndigheita må ta klimaomsyn gjennom tilpassing til framtidige klimaendringar. Kommunar og fylkeskommunar skal søkje å unngå eller avgrense risiko, sårbarheit og ulemper, og dra nytte av eventuelle fordelar som følgjer av endringar i klimaet. Planmyndigheita skal leggje dei høge klimaframskrivingane til grunn når dei vurderer korleis eit planområde vil bli påverka av framtidige klimaendringar.

Kommunal- og distriktsdepartementet har eit ansvar for rettleiing innanfor ansvarsområdet sitt, og har i 2021 arbeidd målretta med å forbetre rett-

leinga for å styrkje kommunanes planlegging. Det er lagt stor vekt på at rettleinga skal vere tilgjengeleg digitalt og nettsida planlegging.no har gjennomgått ein stor omlegging i 2022. Rettleingsarbeidet gjeld alle deler av planlegging, også miljø og klima. I 2021 er det arbeidd særskild med rettleiar om fritidsbustader.

For å styrkje klima- og miljøomsyn i planlegginga, vil regjeringa betre kompetansen og praktiseringa av regelverk om konsekvensutgreingar. Kommunal- og distriktsdepartementet held mellom anna kurs om konsekvensutgreingar i samarbeid med KS og NMBU, retta mot kommunane. I løpet av året 2022 skal kursa ha blitt gjennomført i alle fylker.

Vidare har departementet sett i gang eit prosjekt som skal leggje grunnlaget for felles metodikk og lettare tilgang til relevante data om arealutvikling. I samarbeid med kommunar og fylkeskommunar i prosjektet blir arealrekneskap prøvd ut i reelle planprosessar, og det skal utviklast rettleiingsmateriell.

Statlege planretningslinjer for forvaltning av strandsona blei reviderte i 2021. Regjeringa vil sikre ein meir differensiert forvaltning av strandsona. Arealbruken må i størst mogleg grad avklarast gjennom planlegging, og ikkje gjennom dispensasjonar.

Kommunal- og distriktsdepartementet samarbeider med Klima- og miljødepartementet om plan- og bygningslova som verkemiddel for å ta vare på naturmangfald og oppfølging av dei regionale planane for villrein fjella. Det er òg samarbeid om naturavtalen, heilskapleg tiltaksplan for Oslofjorden og regionale planar etter vassforskrifta.

Betre planlegging i kystnære sjøområde er òg eit tema som blir følgt tett opp mellom anna med

ein kortfatta introduksjon til planlegging i kystnære sjøområde på nettsida planlegging.no. Sjølv om det er utarbeida rundskriv og rettleiar om planlegging i sjø, er det nødvendig å sjå vidare på arbeidsdelinga mellom arealplanar og behandling etter sektorlover. Departementet har bestilt ein rapport om bruk av kunnskapsgrunnlaget, konsekvensutgreingar og planføresegn.

God planlegging er nøkkelen til berekraftig bruk og vern av fjell- og utmarksområda. Fritidsbustader og reiseliv er viktig for verdiskaping og økonomisk berekraft i mange distriktskommunar, men kan òg kome i konflikt med andre næringsinteresser som reindrift og landbruk. Ein del stader gir omfattande hyttebygging også negative konsekvensar for friluftsliv, landskap og naturmangfald. Kommunal- og distriktsdepartementet er i slutfasen med ein ny rettleiar om planlegging av fritidsbustader. Rettleiaren vil klargjere prinsippa for god planlegging og styrkje kommunanes kompetanse på området.

Bevaring av dyrka mark er ein nasjonal interesse. For å oppnå styrka beredskap og matsikkerheit må vi ta vare på jordbruket sine produksjonsressursar over heile landet. Noreg har lite dyrka mark grunna topografi og klima, og kornarealet per innbyggjar er lågare enn gjennomsnittet i Europa. Dei beste jordbruksareala ligg ofte der utbyggingspresset er størst og desse areala er det særskilt viktig å ha ein høg terskel for å eventuelt tillate nedbygging av. Ein effektiv arealbruk med god utnytting av areal som allereie er byggja ut, vil kunne bidra til å redusere behovet for å byggje ned dyrka jord. Samstundes skal kommunane ha tilstrekkeleg med handlingsrom slik at avgjersle blir tatt basert på lokalkunnskap og blir tilpassa lokale og regionale forhold.

8 Oppfølging av berekraftsmåla i Kommunal- og distriktsdepartementet

Berekraftsmåla blei vedtatt av FN's medlemsland i 2015. Det er til saman 17 mål og 169 delmål. Måla handlar om vekst og velstand, helse og utdanning, miljø og klima, fred, sikkerheit og samarbeid. Alle land har eit ansvar for å oppfylle berekraftsmåla innan 2030. Kommunal- og distriktsdepartementet har frå 2020 ansvar for den nasjonale koordineringa av arbeidet med berekraftsmåla. I juni 2021 blei Meld. St. 40 (2020–2021) *Mål med mening. Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030* lagt fram. I juli 2021 la Noreg fram den andre rapporten til FN-landa om implementeringa av agendaen for berekraft nasjonalt. Kommunal- og distriktsdepartementet er også koordinerande departement for berekraftsmål 11. Kapitlet omtaler innsatsen for å nå berekraftsmåla som er finansierte over budsjettet til Kommunal- og distriktsdepartementet.

Delmål 1.3) Innføre nasjonalt tilpassa sosiale velferdsordningar og tiltak for alle, inkludert minstestandardar, og innan 2030 oppnå ei vesentleg dekning av fattige og sårbare

Trygge og gode buforhold er viktig for å jamne ut forskjellar i levekår og sikre gode oppvekstvilkår for barn og unge.

Den statlege bustøtta skal sikre personar med låge inntekter og høge buutgifter ein høveleg bustad. Nærare 100 000 husstandar med låg inntekt får bustøtte kvar månad. I 2022 er ordninga styrkt fleire gonger. Nokre av tiltaka har vore mellombelse for å møte høge straumprisar, men for barnefamiliar og andre husstandar med fleire personar har ordninga blitt varig styrkt. I mai 2022 tok regjeringa imot ein rapport frå ei ekspertgruppe som har evaluert bustøtteordninga. Rapporten vil bli viktig i arbeidet med å vidareutvikle bustøtta.

Startlån skal bidra til at personar med langvarige bustadfinansieringsproblem kan skaffe seg ein eigna bustad og behalde han. Barnefamiliar som leiger bustad, er ei prioritert målgruppe for startlån.

Delmål 4.1) Innan 2030 sikre at alle jenter og gutar fullfører gratis og likeverdig grunnskule og vidaregåande opplæring av høg kvalitet som kan gje dei eit relevant og reelt læringsutbytte

Romane er éin av fem nasjonale minoritetar i Noreg. Kommunal- og distriktsdepartementet finansierer ordninga «Skulelostjenesten» som blir drifta av Oslo kommune. Skulelosane følger opp romske elevar som bur i Oslo, Lørenskog og andre nærliggande kommunar. Skulelosane arbeider for å styrkje læringsutbyttet for elevane, redusere fråvær og auke talet på elevar som fullfører grunnopplæringa. Skulelosane hjelper mellom anna i koordineringa mellom skulen, eleven og heimen. Skulelostjenesten har hjulpet elevar, familiar og skular for å auke skuledeltakelsen under pandemien, og for å få elevane tilbake på skulen etter pandemien.

Delmål 5.5) Sikre kvinner fullstendig og reell deltaking og like moglegheiter til leiande stillingar på alle nivå der det blir teke avgjerder, i det politiske, det økonomiske og det offentlege livet

Regjeringa arbeider kontinuerleg med å oppnå likestilling i det politiske livet og i leiande stillingar spesielt. Som eit av dei første landa i verda innførte Noreg stemmerett for kvinner og rett til å stille til val ved kommunestyreval. Det var ein viktig milepæl for å bli eit fullverdig demokrati.

Etter lokalvalet i 2019 er delen kvinner i kommunestyra for første gang på 40 pst. og 35 pst. av ordførarane i landet er kvinner. Utviklinga går rett veg, og Noreg har kome langt også når det gjeld å bruke dei formelle rettane i praksis. Vi er likevel ikkje i mål når det gjeld kjønnsbalanse i politiske verv i lokalpolitikken. Det er store variasjonar mellom kommunane. For å få merksemd og bli meir bevisste om dette, laga departementet eit representasjonsbarometer på regjeringen.no.¹ Barometeret viser kjønnsammansetninga i kom-

¹ Representasjonsbarometeret er tilgjengeleg på regjeringen.no: <https://www.regjeringen.no/id2691281/>

munestyre og formannskap, og om ordføreren er kvinne eller mann, i alle kommunane i landet. I tillegg viser det delen kvinnelege kandidatar som partia ga stemmetillegg på vallistene til 2019-valet.

Kommunal- og distriktsdepartementet relanserte representasjonsbarometeret 8. mars 2022, for å skape merksemd om kjønnsbalansen i lokal-demokratiske organ og i leiande verv i lokalpolitikken fram mot nominasjonane som er i gong fram mot lokalvalet neste år. Departementet vil også lage ein engelsk versjon meint for interesserte frå utlandet. Representasjonsbarometeret viser at det framleis er stor variasjon mellom kommunar når det gjeld delen kvinner i kommune-styra og i leiarverva i lokalpolitikken, og at partia framleis prioriterer menn når dei gir stemmetillegg på vallistene.

Målet om å oppnå likestilling og sikre kvinners deltaking i det politiske, det økonomiske og det offentlege liv, kan sjåast i samanheng med verdier og ansvar i den statlege arbeidsgjevarepolitikken. Eit sentralt tema er likeløn. Hausten 2021 blei det sett i gong ei kartlegging og eit aktivt arbeid for å følgje og gi råd til utvalde statlege verksemder i staten i deira arbeid med likeløn. Prosjektet har blitt gjennomført av Oslo Economics, på oppdrag frå Kommunal- og distriktsdepartementet og hovudsamanslutningane i staten (LO stat, Akademikerne, Unio og YS stat). Målsettinga er at også andre statlege verksemder skal kunne bruke rapporten i eige arbeid med likeløn. Rapporten blei offentleg hausten 2022.

I hovudtariffavtalane i staten er det nedfelt i punkt 5.8 at «Partene lokalt skal arbeide aktivt, målrettet og planmessig for å fremme likestilling og mangfold og hindre diskriminering i henhold til likestillings- og diskrimineringsloven. De til-litsvalgte skal involveres i arbeidet med arbeidsgivers aktivitets- og redegjæringsplikt (ARP), herunder planlegging og oppfølging av likelønns-kartleggingen».

Delmål 8.2) Auke den økonomiske produktiviteten gjennom diversifisering, teknologisk framgang og innovasjon, mellom anna med vekt på lønsame og arbeidsintensive sektorar

Departementet gir Innovasjon Noreg og Forskingsrådet i oppdrag å forvalte verkemiddel som bidrar til innovasjon, verdiskaping og omstillingsevne, gjennom samarbeid mellom bedrifter, forskingsmiljø, næringsliv og offentleg sektor. Verkemidla omfattar det nasjonale klyngeprogrammet Norwegian Innovation Clusters og Kapasitetsløft i Forskingsrådet. Sjå nærare

om dei ulike ordningane under programkategori 13.50.

Delmål 8.3) Fremje ein utviklingsretta politikk som støttar produktive aktivitetar, oppretting av anstendige arbeidsplassar, entreprenørskap, kreativitet og innovasjon, og stimulere til formalisering av og vekst i talet på svært små, små og mellomstore bedrifter, mellom anna ved å gi dei tilgang til finansielle tenester

Departementet bidrar til næringsutvikling i regionar og distrikt gjennom innsats som er tilpassa regionale moglegheiter og utfordringar. Gjennom løyve frå departementet finansierer fylkeskommunane verkemiddel for å mobilisere og utvikle eit verdiskapande næringsliv i distrikt og regionar. Sjå nærare om dei ulike ordningane under programkategori 13.50.

Delmål 9.1) Utvikle påliteleg, berekraftig og solid infrastruktur av høg kvalitet, inkludert regional og grensekryssande infrastruktur, for å støtte økonomisk utvikling og livskvalitet med vekt på overkomeleg pris og likeverdig tilgang for alle

Norske mobil- og breibandnett har høg kvalitet og sikkerheit, og tilknyttinga til utlandet har også blitt betre i form av fleire alternative føringsvegar. Utbygging i Noreg er basert på kommersielle investeringar, men i enkelte område er det behov for statlege bidrag for å sikre utbygging eller styrkje sikkerheita og beredskapen.

Regjeringa foreslår å auke tilskotsnivået til breibandutbygging betydeleg i 2023, for å bidra til likeverdig tilgang for alle, jf. omtale under programkategori 13.40. Vidare foreslår regjeringa å sette av midlar til mellom anna å styrkje transportnetta, som fører internett-trafikk over lange avstandar mellom regionar, og dette vil bidra til auka sikkerheit og beredskap. Regjeringa vidarefører også programmet for å forsterke mobilnetta i sårbare kommunar. Samla vil tiltaka knytt til sikkerheit og beredskap bidra til å oppnå dette del-målet.

Delmål 9.c) Auke tilgangen til informasjons- og kommunikasjonsteknologi vesentleg og arbeide for at dei minst utvikla landa får allmenn og rimeleg tilgang til internett innan 2020

Tilgangen til kommunikasjonsteknologi i Noreg er god for dei aller fleste. Per første halvår 2022 hadde 93,6 pst. av husstandane tilbod om breiband med nedlastingshastigheiter på minst 100 Mbit/s. Over to tredelar av husstandane i landet

har tilbud om 5G, og det er forventet dekning om lag på nivå med 4G-dekninga i løpet av 2024. Sjølv om dekninga generelt sett er god i Noreg, er det enkelte som har for dårleg dekning. Regjeringa foreslår derfor ein betydeleg styrking av det statlege bidraget til utbygging i område utan kommersielt grunnlag for utbygging.

Ny teknologi, som for eksempel satellitt-teknologi, gjer at det er stort potensiale for auka dekning i dei minst utvikla landa. FN-organet Den internasjonale telekommunikasjonsunion (ITU) og satellittorganisasjonane ITSO og EUTELSAT arbeider mellom anna for universell og rimeleg tilgang til informasjons- og kommunikasjonsteknologi. Noreg støttar dette arbeidet gjennom medlemskapet i desse organa.

Delmål 10.3) Sikre like moglegheiter og redusere skilnader i levekår, mellom anna ved å avskaffe diskriminerande lover, politikk og praksis og ved å fremje lovgiving, politikk og tiltak som er eigna til å nå dette målet

Den raske og utbreidde digitaliseringa av offentlege tenester gjer at det er viktig å leggje til rette for at alle blir inkludert i det digitale fellesskapet. I februar 2022 forankra regjeringa strategien for *Digital heile livet*. I mars 2022 inngjekk Kommunal- og distriktsdepartementet og KS ein ny samarbeidsavtale om etablering av kommunale hjelpe-tilbod for å auke den digitale kompetansen til innbyggjarane. Avtalen varer ut 2025. Kommunal- og distriktsdepartementet vil utarbeide ein handlingsplan basert på strategien *Digital heile livet* i løpet av hausten 2022. Departementet forvaltar ei tilskotsordning om etablering av kommunale Digihjelpen-tilbod, som blir foreslått med ei ramme på 8 mill. kroner i 2023.

Rekrutteringsarbeidet i staten skal ha ei brei og inkluderande tilnærming, jf. Statens personalhandbok pkt. 1.6. I Hurdalsplattforma er det også tydeleg uttrykt at folk med nedsett funksjonsevne og helsemessige utfordringar skal møte eit arbeidsliv som er ope og inkluderande.

Fleire tiltak skal bidra til dette. Forskrift til statstilsettelova slår mellom anna fast at statlege verksemder skal kalle inn minst ein kvalifisert søkjar med nedsett funksjonsevne, og minst ein kvalifisert søkjar med fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring («hol i CV-en») til intervju. Etter forskrifta er det òg høve, men ikkje plikt, til å tilsetje ein søkjar med funksjonsnedsetjing eller hol i CV-en dersom vedkommande er noko nær like godt kvalifisert som den best kvalifiserte søkjaren (moderat kvotering). Det er nyleg vedteke ei endring i forskrifta til statstilsettelova, der det er gitt

høve til å tilsetje personar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en, og som har førebels lønstilskot, i inntil to år utan offentleg utlysing. Staten har òg eit eige traineeprogram for personar med funksjonsnedsetjing og hol i CV-en.

Auka rekruttering av personar med innvandrarbakgrunn er òg viktig i eit mangfaldsperspektiv. Det følgjer av forskrifta til statstilsettelova at statlege verksemder skal innkalle minst ein kvalifisert søkjar som er innvandrar eller som er norskfødd og der begge foreldra er utanlandskfødde til intervju.

I hovudtariffavtalane for staten for perioden 2022–2024 er det nedfelt at partane i staten vil støtte kompetansetiltak mellom anna innanfor opplæring om aktivitets- og utgreiingsplikta (ARP). Dette vil kunne bidra til at statlege verksemder får eit auka medvit kring korleis ein skal jobbe med likestilling og på sikt bidra til å sikre like moglegheiter og hindre diskriminering på bakgrunn av kjønn, etnisitet, religion mv., jf. likestillings- og diskrimineringslova.

Delmål 11.1) Innan 2030 sikre at alle har tilgang til tilfredsstillande og trygge bustader og grunnleggjande tenester til ein overkomeleg pris, og betre forholda i slumområde

Regjeringa er oppteken av at det skal vere tilgang på eigna bustader i heile landet. Noreg har få bustadlause, og dei fleste bur godt og trygt. Nesten 80 pst. av husstandane i Noreg bur i ein bustad dei sjølv eig.

Det er fleire bustadmarknader i landet. Høge bustadprisar i pressområde gjer det vanskeleg for personar med låg inntekt og barnefamiliar å etablere seg i ein eigna bustad. Dei bustadsosiale verkemidla til Husbanken, startlån og lån til utleigebustader gjer at fleire kan kjøpe ein eigna bustad, og at det blir tilgang på fleire eigna utleigebustader. I mange distriktskommunar er det få eller ingen nye bustader som blir bygd, og det er få utleigebustader. Husbanken skal prioritere å gi lån til bustadkvalitet og lån til utleigebustader i distriktskommunar.

Regjeringa vil leggje fram ei melding til Stortinget om ein heilskapleg bustadpolitikk. Meldinga vil både ta for seg leige- og eigarmarknaden og distrikts- og pressområdeutfordringar.

Bustader og bygg skal vere tilgjengelege for personar med funksjonsnedsettingar, og eldre personar skal få bu heime lengst mogleg dersom dei kan og vil. Byggteknisk forskrift stiller minimumskrav til kvalitetar i bygg, og DiBK gir informasjon og rettleiing om universell utforming og tilgjengelegheit til kommunar og privat-

personar. Vidare gir Husbanken lån til livsløpsbustader.

Den sosiale bustadpolitikken skal førebyggje at folk får utfordringar på bustadmarknaden, og gi hjelp til dei som ikkje klarar å skaffe seg og halde på ein eigna bustad. I juni 2022 la regjeringa fram eit lovforslag om ei ny bustadsosial lov, som skjerper ansvaret kommunane har når det gjeld plikta til å ta bustadsosiale omsyn i planlegginga.

Det er i dag ingen område i norske byar og tettstader som kan kategoriserast som slum, men enkelte område i dei største byane har ei opphoping av dårlege levekår. Regjeringa er oppteken av at alle lokalsamfunn skal vere inkluderande og trygge, og har derfor eit samarbeid om område-satsingar med fem av dei største byane, og vil inngå samarbeid med fleire byar som har levekårsutfordringar. Regjeringa skal leggje fram ei melding om levekår i byar våren 2023.

Delmål 11.2) Innan 2030 sørge for at alle har tilgang til trygge, tilgjengelege og berekraftige transportsystem til ein overkomeleg pris og betre tryggleiken på vegane, særleg ved å leggje til rette for kollektivtransport og med særleg vekt på behova til personar i utsette situasjonar, kvinner, barn, personar med nedsett funksjons-evne og eldre

Noreg har få trafikkulykker og eit forholdsvis godt kollektivtilbod, men det er ei utfordring å få til eit godt tilbod i område med spreidd busetjing. Kommunal- og distriktsdepartementet har initiert prosjektet Smart mobilitet i distriktene, som skal samle erfaringar knytte til løysingar for kollektivtilbod i spreiddbygde strøk og kartlegge potensialet for nye løysingar. Effektiv arealbruk skal bidra til å redusere klimagassutslepp, kø, forureining og støy, og til at veksten i persontransporten i storbyområdene blir tatt med kollektivtransport, sykkel og gonge. Regjeringa legg vekt på universell utforming for å sikre omgivelser som er tilgjengelege og kan brukast av alle.

Delmål 11.3) Innan 2030 styrkje inkluderande og berekraftig urbanisering og leggje til rette for deltakande, integrert og berekraftig samfunnsplanlegging og forvaltning i alle land

Byar og lokalsamfunn skal vere for alle og gi grunnlag for at også barn, eldre og personar med funksjonsnedsetting kan delta. Medverknad er integrert i all planlegging og sikra i plan- og bygningslova.

Delmål 11.4) Styrkje innsatsen for å verne og sikre kultur- og naturarven i verda

Gjennom arbeidet for urfolk sine språk, kultur og tradisjonelle næringar, bidrar Sametinget og Internasjonalt reindriftssenter til å oppfylle berekraftsmålet.

Delmål 11.5) Innan 2030 oppnå ein vesentleg reduksjon i talet på dødsfall og talet på personar som blir ramma av katastrofar, inkludert vassrelaterte katastrofar, og i vesentleg grad minske dei direkte økonomiske tap i det samla bruttonasjonalproduktet i verda som følgje av slike katastrofar, med vekt på vern av fattige og personar i utsette situasjonar

Eit endra klima med meir nedbør og høgare havnivå aukar risikoen for flaum og ras og skaper utfordringar for vass- og avløpsnett. Fortetting bidrar også til eit større omfang av overvassskadar i byar og tettstader. I 2018 blei det utarbeidd statlege planretningslinjer for klima- og energi-planlegging og klimatilpassing. Det er eit behov for å auke innsatsen for å førebyggje og gjere norske kommunar mindre sårbare for klimaendringar som kjem og i betre i stand til å handtere dei. Kommunal- og distriktsdepartementet la i juni 2002 fram Prop. 125 L (2021–2022) *Endringar i plan- og bygningsloven (reglar om handtering av overvatn i byggjesaker mv.)*. Som oppfølging av utgreiinga frå overvassutvalet, NOU 2015: 16 *Overvann i byer og tettsteder*, har regjeringa lagt fram forslag til endringar i plan- og bygningslova med nye reglar om handtering av overvatn i byggjesaker mv.

Det er forholdsvis få dødsfall i Noreg på grunn av naturkatastrofar, men naturhendingar som for eksempel ras og flaum fører til store tap av samfunnsverdiar kvart år. Det er behov for å gjere informasjon om risiko og sårbarheit lettare tilgjengeleg for kommunar og statsforvaltarar i arbeidet deira med risiko- og sårbarheitsanalyser. Direktoratet for samfunnsstryggleik og beredskap (DSB) har derfor utvikla ei teknisk løysing, Kunnskapsbanken, for innhenting, samanstilling og tilgjengeleggjing av data, i tillegg til støtte til analyseprosessar på samfunns-sikkerheitsområdet.

Tilgang til geografiske data er avgjerande for å tilpasse seg eit endra klima. Kommunal- og distriktsdepartementet har vore med på å finansiere prosjektet nasjonal detaljert høgdemodell (NDH), der heile Noregs landareal blir skanna med laser for å produsere høgdedata. Slike data kan gi informasjon om område som er sårbare for flaum,

skred og ras, og utgjør eit viktig kunnskapsgrunnlag for å redusere konsekvensane av forventa klimaendringar.

Delmål 11.6) Innan 2030 redusere negativ påverknad på miljøet frå byar og lokalsamfunn (målt per innbyggjar), med særleg vekt på luftkvalitet og avfallshandtering i offentleg eller privat regi

For å bidra til å nå målet om nullvekst i persontrafikken i byane og redusere utslepp av lokal forureining og klimagassar, har regjeringa inngått byvekstavtalar med dei fire største byregionane. Den forventa vidare veksten i og rundt dei største byane vil krevje effektiv arealbruk og ei relativt sterk utbygging av alle typar infrastruktur. Kompakt storbyutvikling er ein viktig strategi for å redusere klimagassutsleppa og fremje gode livsvilkår for innbyggjarane.

Norske byar har i internasjonal samanheng relativt lite luftforureining, og Noreg er blant landa i Europa som har minst risiko for tidleg død på grunn av lokal luftforureining frå vegtrafikken.

Delmål 11.7) Innan 2030 sørgje for at alle, særleg kvinner og barn, eldre og personar med nedsett funksjonsevne, har tilgang til trygge, inkluderande og tilgjengelege grøntområde og offentlege rom

Regjeringa er oppteken av å sikre gode og tilgjengelege grøntområde for alle. Gjennom eigne tilskotsordningar blir det gitt tilskot til kjøp og varig sikring og tilrettelegging av attraktive grøntområde for friluftsliv og rekreasjon. Ei rekke attraktive grøntområde i byar og tettstader er dei siste åra lagde til rette og varig sikra for allmenta som følgje av denne ordninga. Kartleggingar utførte av Statens kartverk tyder på at opp mot 40 pst. av turvegane er tilgjengelege og kan brukast av personar med funksjonsnedsetting.

Kommunal- og distriktsdepartementet sendte i 2021 forslag til endringar i reglane om utbyggingsavtalar mv. i plan- og bygningslova på høyring. Utbyggingsavtalar, som blir inngått mellom kommunar og utbyggjarar, inneber at grunneigaren eller utbyggjaren er med på å finansiere nødvendig offentleg infrastruktur, for eksempel vegar, parkar og friområde. Dei nye reglane skal gi kommunane eit betre verktøy for gjennomføring av planar og legg til rette for at utbygginga kan skje raskare. Departementet har motteke om lag 90 svar frå høyringsinstansane. Svara viser at det er behov for justeringar i høyringsforslaget, og departementet arbeidar derfor nå med eit justert forslag.

Delmål 11.a) Støtte positive økonomiske, sosiale og miljømessige samband mellom byområde, omland og spreiddbygde område ved å styrkje nasjonale og regionale planar

Planlegging er det viktigaste verktøyet kommunen og fylkeskommunen har når dei skal prioritere oppgåver og fastsette areal for utbygging i by og bygd. Gjennom dokumentet *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023* blir det lagt vekt på at fylkeskommunane og kommunane legg berekraftsmåla til grunn for planlegginga. Departementet har i 2022 lagt ut oppdatert rettleiing om korleis berekraftsmåla kan takast i bruk i planlegging etter plan- og bygningslova på sine nettsider planlegging.no.

Dei siste åra har Distriktsenteret arbeid mykje med lokalt og regionalt arbeid for berekraftig samfunnsutvikling. Gjennom prosjektet *Berekraftig utvikling i distriktskommunar (2020–2022)* utforskar dei korleis innbyggjarar i distriktskommunar forstår berekraft, og korleis distriktskommunar arbeider med berekraftig samfunnsutvikling i praksis. Våren 2022 la Distriktsenteret fram ein rapport om dette arbeidet.

Delmål 11.b) Innan 2030 oppnå ein vesentleg auke i talet på byar og lokalsamfunn som vedtek ein integrert politikk og gjennomfører planar med sikte på inkludering, betre ressursbruk, avgrensing av og tilpassing til klimaendringar og evne til å stå imot og handtere katastrofar, og dessutan utvikle og setje i verk eit heilskapleg system for risikostyring og katastrofehandtering på alle nivå, i tråd med Sendai-rammeverket for katastrofeberedskap for 2015–2030

Kommunane har ei nøkkelrolle i arbeidet med samfunnssikkerheit. Dei har eit generelt ansvar for å ta vare på sikkerheita for befolkninga innanfor sine geografiske område. Samfunnssikkerheitsarbeidet i kommunane skal vere heilskapleg, systematisk og kunnskapsbasert. Kommunane skal kartleggje uønskte hendingar som kan inntreffe, vurdere kor sannsynleg det er at desse hendingane inntreffer, og korleis dei i så fall kan påverke kommunen. Resultatet av dette arbeidet skal vurderast og samanstillast i ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse), jf. sivilbeskyttelseslova § 14. Undersøkingar viser at 98 pst. av norske kommunar har heilskaplege ROS-analysar og beredskapsplanar.

Delmål 11.c) Støtte dei minst utvikla landa i å føre opp berekraftige og solide bygg ved bruk av lokale materiale, mellom anna gjennom økonomisk og fagleg støtte

Rask urbanisering bidrar til meir luftforureining, utilstrekkeleg infrastruktur og mangel på nødvendige tenester. Noreg støttar arbeidet for robuste og berekraftige byar gjennom dei multilaterale utviklingsbankane og ulike FN-organisasjonar.

Delmål 12.7) Fremje berekraftige ordningar for offentlege innkjøp, i samsvar med politikk og prioriteringar i dei enkelte landa

Programmet for innovasjonsskjøp frå oppstartsselskap, *StartOff*, er eit døme på korleis det offentlege kan anskaffe berekraftige innovative løysingar. Kjernen i programmet er at offentlege verksemder formulerer utfordringar og behov som oppstartsmiljø og andre innovative aktørar utarbeider løysingar på. Programmet har vært operasjonelt frå 2021. Ein offentlig verksemd som lyser ut eit prosjekt gjennom *StartOff* får i gjennomsnitt 15 forslag til løysing på utfordringa si. I 2022 blir det tatt sikte på å gjennomføre 12 prosjekt i *StartOff*.

Delmål 13.1) Styrkje evna til å stå imot og tilpasse seg til klimarelaterte farar og naturkatastrofar i alle land

Flaum, skred og overvatn er naturhendingar som kan få store menneskelege og økonomiske konsekvensar. Gjennom areal- og samfunnsplanlegging kan kommunane førebyggje skadar. Riksrevisjonen leverte i mars 2022 ein rapport som mellom anna viste at samordninga mellom departementa er for svak for å kunne tilpasse samfunnet til klimaendringar og at kommunane ikkje i tilstrekkeleg grad legg klimaframskrivningar til grunn i si langsiktige planlegging. Departementet følgjer opp rapporten i samarbeid med andre departement, og har starta arbeidet med ei stortingsmelding om klimatilpassing.

Klimaendringar krev robuste nybygg og tilpassa vedlikehald. Staten skal unngå å byggje der risikoen er stor. Statlege eigedomsforvaltarar skal analysere behovet og leggje planar for gjennomføring og finansiering av nødvendige klimatilpassingstiltak.

Kvart år blir samfunnet utsett for store skader på grunn av overvatn. Våtare og villare ver, sentralisering og fortetting kan auke problema. Regjeringa vil at overvatn skal vere ein ressurs, og ikkje berre eit problem. I juni 2022 fremja regjeringa

forslag om endringar i plan- og bygningslova, som skal gi kommunane betre verkemiddel for tiltak mot overvatn.

Delmål 13.2) Innarbeide tiltak mot klimaendringar i politikk, strategiar og planlegging på nasjonalt nivå

Det er viktig for regjeringa at bustader og bygg skal vere sikre og berekraftige. Byggjenæringa har eit stort potensial for å kutte utslepp, mellom anna ved bruk av klimavenlege materiale og ombruk av byggjeverar. Direktoratet for byggkvalitet (DiBK) skal fremje berekraftig byggjeverksemd. I tillegg gir Husbanken lån til å oppgradere bustader og byggje miljøvenlege bustader.

Staten skal vere ein pådrivar for ei grønar og meir klimavenleg næring. Statlege bygg og eigedommar skal ha låge klimagassutslepp, og staten skal gå føre for ei meir sirkulær byggje- og eigedomsnæring.

Gjennom planlegging etter plan- og bygningslova kan kommunane påverke utslepp frå mellom anna endra arealbruk og transport. Regjeringa slår i Hurdalsplattforma fast at omsynet til natur og klima skal bli varetatt i plan- og bygningslova. Departementet følgjer opp dette i sitt rettleings- og lovutviklingsarbeid.

13.3) Styrkje evna enkeltpersonar og institusjonar har til å redusere klimagassutslepp, tilpasse seg til og redusere konsekvensane av klimaendringar og varsle tidleg, og dessutan styrkje utdanninga og bevisstgjeringa om dette

Gjennom planlegging etter plan- og bygningslova kan kommunane påverke klimagassutslepp frå mellom anna endra arealbruk og transport. Departementet arbeider med å rettleie og leggje til rette for at kommunane tar slikt omsyn i sin planlegging, og arbeider med å betre verktoya kommunane har til å gjere dette arbeidet.

Partane i staten har i hovudtariffavtalane for 2022–2024 blitt einige om at dersom Noreg skal nå berekraftsmåla, må staten gå fremst, og alle statlege verksemder må bidra. Dette skal mellom anna skje ved at dei lokale partane må finne løysingar for å fremje berekraft og redusere miljøavtrykket i den enkelte verksemd. Dei sentrale partane i staten vil i tariffperioden kartleggje korleis dei lokale partane kan støttast i dette arbeidet. Ei slik kartlegging vil bli gjort av ei partssamansett gruppe. Det skal også leggjast til rette for kompetanseheving kring berekraft, klima og miljøspørsmål på tvers av statlege verksemder, jf. hovudtariffavtalane punkt 5.3.2.

Delmål 16.6) Utvikle effektive, ansvarlege og opne institusjonar på alle nivå

Noreg var i 2010 éin av åtte initiativtakarar til Open Government Partnership (OGP). Målet med OGP er at offentleg sektor og det sivile samfunnet skal samarbeide om å skape ei meir ope, velfungerande og brukarvenleg forvaltning. Det viktigaste verkemiddelet i OGP er dei nasjonale handlingsplanane som blir utarbeidde i samråd med det sivile samfunnet. Kommunal- og distriktsdepartementet er samordnar og pådrivar for OGP-arbeidet i Noreg. Det er oppnemnt eit eige OGP-råd som skal gi regjeringa råd om arbeidet med openheit i forvaltninga. Noreg har starta arbeidet med ein ny handlingsplan som skal vare frå 2023 til 2027. Regjeringa ser mellom anna meir openheit om offentlege innkjøp, antikorrupsjonsarbeid, reelt eigarskap og tillit til og openheit i forvaltninga som prioriterte område i denne planen. Det sivile samfunnet er bede om å kome med innspel til forpliktingar i handlingsplanen. Invitasjonen er også lagd ut på ålmenn høyring kor alle kan kome med forslag til forpliktingar.

Opne data er viktig for effektivisering og innovasjon, for næringsutvikling og for å fremje eit ope og demokratisk samfunn. I Meld. St. 22 (2020–2021) *Data som ressurs – Datadrevet økonomi og innovasjon* løftast ambisjonen om at Noreg skal skapa verdiar, fleire nye arbeidsplassar i heile landet og ein effektiv offentleg sektor basert på data. Opne data handlar om å gi næringsliv, forskarar og sivilsamfunn tilgang til data som offentleg forvaltning har, på ein slik måte at dei lett kan brukast i nye samanhengar. Digitaliseringsdirektoratet har ansvar for data.norge.no, som er Noregs offisielle nettstad for opne offentlege data. Her kan verksemdene sjølv registrere datasett som er gjorde tilgjengelege for vidare bruk, og finne rettleiingsmateriell og informasjon om Norsk lisens for offentlege data.

Delmål 16.7) Sikre lydhøyre, inkluderande, deltakingsbaserte og representative avgjerdsprosessar på alle nivå

Moglegheita til å medverke i planprosessar styrkar og utviklar lokaldemokratiet. Det sikrar at viktige omsyn kjem fram og gir den enkelte moglegheit til å påverke avgjerder om samfunnsutviklinga. Planprosessar som er opne og kan etterprøvast er dessutan viktig for tilliten mellom innbyggjarar og styresmakter. Medverknad gir såleis betre planar, færre konflikhtar og ei meir effektiv gjennomføring av vedtekne planar.

For spørsmål som kan påverke samiske interesser, er det egne reglar om konsultasjonar. Stortinget vedtok våren 2021 å lovfeste plikta til å konsultere Sametinget og samiske interesser i saker som gjeld dei. Lova, som vart sett i kraft 1. juli 2021, forankrar konsultasjonsplikta for alle forvaltningsnivå, også kommunar og fylkeskommunar. Lova legg til rette for gode demokratiske prosessar og skal sikre at samiske interesser kjem tidleg inn i prosessane, slik at dei har moglegheit til å påverke avgjerdene.

Myndigheitene bidrar til å styrkje organisasjonane til nasjonale minoritetar, mellom anna gjennom drifts- og prosjekttilskot, slik at dei sjølv kan delta og påverke i saker som angår dei. Dialogen mellom myndigheitene og organisasjonane skjer i Kontaktforum mellom nasjonale minoritetar og sentrale myndigheiter, gjennom årlege dialogmøte med organisasjonane enkeltvis og gjennom kontakt i konkrete spørsmål som organisasjonane er opptekne av.

Delmål 17.17) Stimulere til og fremje velfungerande partnarskap i det offentlege, mellom det offentlege og det private og i det sivile samfunnet som byggjar på erfaringar med partnarskapa og ressursstrategiar

Departementa har dialog med dei nordlegaste fylkeskommunane og Sametinget gjennom Regionalt nordområdeforum. Dette dialogforumet skal bidra til å styrkje samordninga mellom nordområdepolitikken og annan nasjonal og regional innsats i Nord-Noreg.

9 Lønsvilkår o.a. til leiarar i heileigde statlege verksemdar

Electronic Chart Center AS

Lønnskostnaden for administrerande direktør utgjorde 1 166 976 kroner i 2021. Andre ytingar utgjorde 10 310 kroner mens pensjonskostnaden var 23 340 kroner. Pensjonsordninga er sikra gjennom Statens Pensjonskasse. Det er ikkje avtalt nokon etterlønnsordning for administrerande direktør.

Kommunalbanken AS

Administrerande direktør tok imot 3 121 000 kroner i fastløn for 2021. Andre ytingar utgjorde 59 000 kroner. Pensjonskostnaden var 191 000 kroner. Administrerande direktør har som andre tilsette ei innskotsbasert pensjonsordning inntil 12 G, og er omfatta av den same ordninga for resultatbasert variabel løn som andre tilsette. Ordninga er

avgrensa til 1,5 månadsløner og føreset at styrefastsette måltal er nådde. Administrerande direktør har ein etterlønnsavtale på inntil tolv månadsløner som blir utløyst etter særskilde vilkår. Opplysningar om godtgjersle til administrerande direktør går fram av Kommunalbankens årsmelding for 2021.

Norid AS

Dagleg leiar tok imot 1 198 303 kroner i fastløn for 2021. Andre ytingar utgjorde 25 910 kroner. Pensjonskostnaden var 158 930 kroner. Leiande tilsette er på lik linje med andre tilsette med i den kollektive pensjonsordninga til verksemda. Dette er ei innskotsbasert pensjonsordning på inntil 12 G. Det er ikkje avtalt etterlønnsordning for dagleg leiar. Norid AS nyttar ikkje variabel løn og heller inga form for opsjonsprogram eller bonusutbetalingar.

10 Likestilling

10.1 Likestilling i staten

Likestilling inneber at alle personar skal ha like rettar og moglegheiter i samfunnet, uavhengig av mellom anna kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, alder, etnisitet og religion.

Likestilling i det statlege tariffområdet

Kommunal- og distriktsdepartementet har ansvaret for staten sin sentrale arbeidsgivarfunksjon og er tariffpart i det statlege tariffområdet. Departementet har i kraft av denne rolla eit særleg ansvar for å leggje til rette for at den statlege personalpolitikken bidrar til likestilling og hindrar diskriminering, mellom anna når det gjeld rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, forfremming, utviklingsmoglegheiter og tilrettelegging for å kombinere arbeid og familieliv. Å leggje til rette for at alle får like moglegheiter i arbeidslivet, er ein viktig føresetnad for likestilling, og er mellom anna nedfelt i staten si personalhandbok pkt. 1.6:

«Staten skal speile mangfoldet i befolkningen når det gjelder kjønn, alder, funksjonsevne, etnisk bakgrunn, seksuell orientering mv. Mangfold i den statlege personalstyrken støtter opp under mulighetene for god måloppnåelse og bidrar til at staten kan yte gode tjenester til alle samfunnsborgere uansett bakgrunn og livserfaring».

I Hurdalsplattforma er det tydeleg uttrykt at folk med nedsett funksjonsevne og helsemessige utfordringar skal møte eit arbeidsliv som er ope og inkluderande. Innvandrarak skal få bidra med sine ressursar. Kvinner og menn skal ha dei same moglegheitene, og ingen skal bli utsette for trakassering eller vald i arbeidslivet.

Staten må ta sin del av ansvaret for å bidra til auka mangfald og inkludering. Ei rekkje verke-middel blir nytta for å oppnå dette.

Eit eige traineeprogram er ein del av staten si satsing for å inkludere personar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en. Eit sentralt mål med traineeprogrammet er å utvikle rekrutteringsar-

beidet i verksemdene, slik at eit inkluderings- og mangfaldsperspektiv er integrert i alle rekrutteringsprosessar i staten. Det er viktig å spreie kunnskap, styrkje erfaring og utvikle medvit hjå HR og rekrutterande leiarar. I 2021 blei 29 personar i målgruppa for programmet tilsett i ei statleg verksemd (kjelde: DFØ årsrapport 2021).

Statlege verksemdar skal kalle inn minst ein kvalifisert søkjar med nedsett funksjonsevne, og minst ein kvalifisert søkjar med fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring («hol i CV-en») til intervju. Dette er det gitt reglar om i forskrifta til statstilsettelova.

Etter forskrifta er det også høve, men ikkje plikt, til å tilsetje ein søkjar med funksjonsnedsett-ning eller hol i CV-en dersom vedkommande er noko nær like godt kvalifisert som den best kvalifiserte søkjaren (moderat kvotering). Det er nyleg vedteke ei endring i forskrifta til statstilsettelova, der det er gitt høve til å tilsetje personar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en, og som har førebels lønstilskot, i inntil to år utan offentleg utlysing. Dette skal gjere det enklare for statlege verksemdar å ta i bruk kompetansen og arbeidskrafta til personane som er i målgruppa for denne ordninga.

Også auka rekruttering av personar med innvandrarakgrunn er viktig i et mangfaldsperspektiv. Det følgjer av forskrifta til statstilsettelova at statlege verksemdar skal innkalle minst ein kvalifisert søkjar som er innvandrarak eller som er norskfødd og der begge foreldra er utanlandskfødde til intervju.

Kjønnslikestilling i det statlege tariffområdet

I tråd med likestillings- og diskrimineringslova § 26 a skal det gjerast greie for den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling. I tabell 10.1 er det gjort greie for delen kvinner og menn mellom leiarar i staten, og i tabell 10.2 tal på menn og kvinner og gjennomsnittleg løn for menn og kvinner i utvalde yrkeskategoriar. Likestillings-tiltaka innanfor det statlege tariffområdet dei siste åra har særleg vore retta mot å fremje likeløn mellom kvinner og menn og mot målet om 40 pst.

representasjon av begge kjønn i leiarstillingar. Etter endringar i likestillings- og diskriminerings-

lova blir det òg lagt særleg vekt på likeløn og spørsmål om deltid.

Tabell 10.1 Prosentdelen kvinner og menn i alle leiarstillingar og toppleiarstillingar i statleg sektor 2017–2021¹

Leiargrupper	Kjønn	2017	2018	2019	2020	2021
Alle leiarar i staten	Kvinner	48 %	49 %	49 %	51 %	51 %
	Menn	52 %	51 %	51 %	49 %	49 %
	Totalt	10 361	10 323	10 310	9 958	10 114
Leiarar som er omfatta av leiarlønssystemet	Kvinner	34 %	37 %	38 %	39 %	39 %
	Menn	66 %	63 %	62 %	61 %	61 %
	Totalt	248	242	234	232	224
Leiarar som er omfatta av hovudtariffavtalane	Kvinner	48 %	49 %	50 %	51 %	52 %
	Menn	52 %	51 %	50 %	49 %	48 %
	Totalt	10 113	10 081	10 076	9 726	9 890

¹ Prosentdelen kvinner og menn i leiarstillingar inkluderer både leiarar som er omfatta av hovudtariffavtalane i staten per 1. oktober, og leiarar som er omfatta av statens leiarlønssystem per 31. desember. Tala for leiarar som er omfatta av hovudtariffavtalane, baserer seg på yrkeskode / STYRK-kode 1 administrative leiarar.

Kjelde: Statens lønsstatistikk og innrapporterte opplysningar frå departementa per 31.12.

Tabell 10.1 gir ei oversikt over delen kvinner og menn i alle leiarstillingar, inkludert toppleiarstillingar, i staten. Mellom alle leiarar var det i 2021 49 pst. menn og 51 pst. kvinner. Dersom vi berre ser på leiarar som er omfatta av leiarlønssystemet, var delen kvinner 39 pst. Leiarlønssystemet omfattar ein rekkje leiarstillingar i staten, slik som departementsrådar og ekspedisjonssjefar i departementa, toppleiarar i større etatar og institusjonar, statsforvaltarar og politimeistrar. Leiarlønssystemet blei etablert i 1991, mellom anna for å

kunne rekruttere og halde på dyktige leiarar i staten. Den største gruppa av leiarar på leiarlønssystemet er ekspedisjonssjefane. Per 31. desember 2021 var 43 pst. av desse kvinner. Det var også 43 pst. kvinner som er øvste leiar i eit direktorat.² Av departementsrådene var det 8 kvinner og 8 menn.

² Nokre av dei øvste leiarane i direktorata er ikkje omfatta av statens leiarlønssystem, men av hovudtariffavtalane i staten.

Tabell 10.2 Tal på menn og kvinner og gjennomsnittleg løn for menn og kvinner i utvalde yrkeskategoriar

Kjønnsbalanse					Løn		
Yrkeskategoriar	År	Menn	Kvinner	Totalt	Menn, md.løn i alt	Kvinner, md.løn i alt	Kvinnerens del av menn si løn
Administrativ leiar ¹	2020	4 754	4 972	9 726	72 276	68 857	95 %
	2021	4 774	5 116	9 890	74 311	70 484	95 %
Rådgivar	2020	5 229	10 969	16 198	49 822	46 293	93 %
	2021	5 694	11 850	17 544	50 997	47 585	93 %
Seniorrådgivar	2020	5 759	7 584	13 343	58 318	54 747	94 %
	2021	6 160	8 295	14 455	59 741	56 027	94 %
Reinhaldar	2020	143	923	1 066	34 507	34 240	99 %
	2021	132	900	1 032	36 048	35 219	98 %
Ingeniør, høgskule	2020	2 905	1 323	4 228	49 306	44 859	91 %
	2021	2 910	1 322	4 232	50 657	45 795	90 %
Sosionom	2020	103	209	312	45 367	46 902	103 %
	2021	108	225	333	46 142	47 336	103 %
Førstekonsulent	2020	864	1 986	2 850	44 333	41 220	93 %
	2021	915	2 021	2 936	45 161	42 386	94 %
Miljøarbeidar	2020	251	222	473	43 751	42 142	96 %
	2021	247	222	469	44 918	43 765	97 %
Lektor, inkl. høgskulelektor og universitetslektor	2020	2 232	3 312	5 544	52 812	51 397	97 %
	2021	2 339	3 425	5 764	54 137	52 647	97 %

¹ Administrative leiarar betyr her at dei er omfatta av hovudtariffavtalane, og uttrekket er gjort ved hjelp av STYRK-kode 1 (administrative leiarar) i statens lønssystem.

Kjelde: Statens lønssystem. Fleire STYRK-kodar er brukte.

Eit sentralt tema innanfor likestilling er likeløn. Likestillings- og diskrimineringslova § 34 slår fast at kvinner og menn i same verksemd skal ha lik løn for same arbeid eller arbeid av lik verdi. Løna skal fastsettast på same måte, utan omsyn til kjønn. Ser vi på samfunnet under eitt, har gjennomsnittsløna for kvinner og menn nærma seg kvarandre over tid. Det har skjedd samstundes med ein auke i yrkesdeltakinga og i utdannings-

nivået blant kvinner. Lønsskilnaden er minst i kommunal sektor, deretter følgjer stat og til slutt privat sektor (kjelde: Bufdir.no). Tabell 10.2 viser gjennomsnittleg løn for kvinner og menn i det statlege tariffområdet innanfor utvalde yrkeskategoriar, medan tabell 10.3 viser gjennomsnittleg månadsløna for høvesvis kvinner og menn og prosentvis auke i månadsløna frå 2016 til 2021.

Tabell 10.3 Tal på årsverk og gjennomsnittleg månadsforteneste per årsverk 2016–2021

	Tal på årsverk ¹		Prosent endring 2016–2021	Gjennomsnittleg md.forteneste ² for heiltidstilsette		Prosent endring 2016–2021
	2016	2021		2016	2021	
Årsverk som er omfatta av hovudtariffavtalane	151 070	153 521	1,6 %	46 718	53 157	13,8 %
Kvinner	73 240	78 031	6,5 %	44 139	50 409	14,2 %
Menn	77 830	75 490	-3,0 %	49 144	55 998	13,9 %

¹ Tal på årsverk i 2016 og 2021 er henta frå rapportane frå Statistikk- og berekningsutvalet i samband med revisjon av hovudtariffavtalane i staten.

² Tala for månadsforteneste er for heiltidstilsette, og ikkje per årsverk.

For tilsette i det statlege tariffområdet samla, var kvinner sin del av menn si løn i 2021 på 90,2 pst. (månadsforteneste i alt). Ser vi på fastløn var den på 96,1 pst. når det gjeld kvinner sin del av menn si løn (Statistikk- og berekningsutvalet i samband med revisjon av hovudtariffavtalane i staten 2022). I perioden mellom 2016 og 2021 auka talet på årsverk i staten omfatta av hovudtariffavtalane med 1,6 pst. Talet på årsverk knytt til kvinner auka med 6,5 pst. medan talet på årsverk knytt til menn gjekk ned med 3 pst. Tabell 10.3 viser at frå 2016 til 2021 var den prosentvise auken i månadsforteneste noko større for kvinner enn for menn.

Både tabell 10.2 og 10.3 viser at det er kjønnskilnader i løn, men tala seier ikkje noko om årsakene til desse skilnadene. I samband med den forsterka aktivitets- og opplysningsplikta er offentlege verksemdar pålagde å gjere nærare greie for likeløn annakvart år, forstått som lik løn for arbeid av lik verdi. Ei slik kartlegging vil på sikt kunne gi større innsikt i kva dei konkrete lønsskilnadene i det statlege tariffområdet kjem av. 2021 er første gong med likelønsrapportering etter den nye plikta. Departementet vil følgje med på denne rapporteringa framover.

Når det gjeld bruken av deltid, er skilnaden mellom kvinner og menn liten. 9,2 pst. menn og 10,9 pst. kvinner arbeidde deltid i 2021 (kjelde: Rapport frå Statistikk- og berekningsutvalet i samband med revisjon av hovudtariffavtalane i staten 2022 pkt. 7). Endringane frå 2020 til 2021 er også

små, i 2020 arbeidde høvesvis 8,5 pst. menn og 10,8 pst. kvinner deltid i staten. I 2022 er første gong dei statlege verksemdene skal rapportere om ufrivillig deltid (for 2021), jf. aktivitets- og opplysningsplikta i likestillings- og diskrimineringslova. På same måte som for likeløn, er dette eit tema departementet vil følgje med på framover.

For ytterlegare informasjon om likestillingsstoda i staten viser vi til budsjettproposisjonane frå dei enkelte departementa.

10.2 Likestilling i verksemdene

Tabell 10.4 gir ei tilstandsrapportering om likestillingssituasjonen i Kommunal- og distriktsdepartementet og underliggende verksemdar.

Kjønnsbalansen i departementet når ein ser alle stillingskategoriar under eitt, er 61 pst. kvinner og 39 pst. menn. Departementet arbeider for lik løn mellom kjønna innan alle stillingskategoriar. Delen som arbeider deltid har gått ned for kvinner frå 2020 til 2021 i en del verksemdar, mens delen har økt noko for menn. Talet på melombelse tilsette har gått ned for både kvinner og menn. Både kvinner og menn tar ut foreldrepermisjon og har høve til å tilpasse arbeidstida i småbarnsperioden. Framleis har kvinner noko høgare legemeld sjukefråvær enn menn.

For nærare omtale av dei underliggende verksemdene viser vi til årsrapportane deira.

Tabell 10.4 Tilstandsrapportering i Kommunal- og distriktsdepartementet og underliggende verksemder

		Kjønnsbalanse			Kvinner løn i % av menn	Deltid		Mellom- bels tilset- ting		Foreldre- permisjon (fordeling)		Legemeld sjukefråvær	
		M%	K%	Total	(kr/%)	M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%
Kommunal- og distriktsdepartementet	2021	39	61	395	99	1,2	2,5	1,7	1,7	72	28	2,3	5,3
	2020	39	61	384	99	1,0	3,6	2,0	2,0	41	59	2,1	3,7
Datatilsynet	2021	42	58	72	96	10,0	4,8	20,0	19,0	6	94	1,9	4,0
	2020	41	59	58	103	4,3	5,9	17,4	8,8	27	73	0,0	3,8
Departementas sikkerhets- og serviceorganisasjon	2021	60	40	733	102	1,0	2,0	3,0	3,0	64	36	3,3	5,6
	2020	60	40	737	100	1,0	4,0	5,0	7,0	40	60	2,7	4,5
Direktoratet for byggkvalitet	2021	38	62	93	95	2,9	1,7	0,4	1,2	0	100	7,0	3,0
	2020	43	57	84	91	6,0	0,0	0,0	2,0	66	33	2,0	6,0
Digitaliseringsdirektoratet	2021	54	46	342	92	1,1	4,5	1,1	4,5	38	62	2,8	6,4
	2020	53	47	320	92	1,0	2,0	3,0	3,0	47	53	0,8	4,2
Distriktssenteret - Kompetansesenter for distriktsutvikling	2021	35	65	27	99	3,7	0,0	3,7	0,0	0	0	0,0	9,2
	2020	36	64	28	93	0,0	0,0	1,0	0,0	0	100	1,9	1,8
Statsforvaltaren	2021	30	70	2 618	95	5,5	7,7	6,8	7,6	24	76	2,4	3,9
	2020	32	68	2 460	94	6,3	8,3	5,9	6,7	21	79	1,9	4,7
Statsforvaltarens fellestenester (STAF)	2021	37	63	213	88	0,0	8,9	6,3	2,2	50	50	2,4	5,4
	2020	37	63	219	91	1,0	9,0	8,0	4,0	29	71	1,6	4,8
Husbanken	2021	45	55	284	88	3,1	10,3	2,3	0,6	58	42	3,0	4,8
	2020	44	56	298	88	2,3	9,5	0,8	1,8	57	43	2,4	3,5
Husleigetvistutvalet	2021	27	73	41	85	33,0	67,0	0,0	0,1	0	100	1,0	5,1
	2020	29	71	38	74	0,0	0,0	0,0	0,8	33	67	8,2	4,0
Internasjonalt reindriftssenter	2021	56	44	9	80	22,2	11,1	22,2	33,3	0	0	0,0	0,0
	2020	45	55	11	64	18,0	27,0	9,0	9,0	0	0	9,0	0,0
Kartverket	2021	53	47	833	86	1,9	6,5	1,6	1,9	45	55	1,0	2,9
	2020	46	54	861	88	1,9	7,3	2,3	1,4	31	69	2,1	5,3
Nasjonal kommunikasjonsmyndighet	2021	66	34	178	96	0,8	1,7	1,7	3,3	32	68	1,3	3,2
	2020	66	34	176	97	0,9	1,7	1,7	3,4	29	71	1,1	2,7
Statsbygg	2021	62	38	838	111	2,5	6,7	2,1	1,5	33	67	3,1	3,9
	2020	63	37	867	110	3,1	6,8	1,1	2,5	34	66	3,1	3,9
Valdirektoratet	2021	61	39	32	104	0,0	0,0	9,1	14,3	41	59	0,3	5,9
	2020	67	33	25	110	0,0	0,0	0,0	0,0	89	11	0,9	0,9

11 Gjennomgang av byggjeprojekt mv. i statleg sivil sektor

Regjeringa varsla i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2022 ein gjennomgang av byggjeprojekt i statleg sivil sektor. Målet er å redusere kostnadane til slike prosjekt, få betre kostnadskontroll og unngå ytterlegare press i norsk økonomi. Bakgrunnen er at statens samla investeringar på dette området har auka over fleire år og er kome opp på eit høgt nivå. Enkelte prosjekt er særleg store og kostbare. Vi er også inne i ein periode med høgt press i norsk økonomi og rask kostnadsauke. Prisauka har vore særleg høg innanfor bygg- og anleggsnæringa. I ein slik periode er det behov for å dempe statleg byggjeaktivitet.

Samtidig er det venta at handlingsrommet i budsjetta vil bli redusert framover. Det er derfor behov for å innrette bygga meir nøkternt og kun igangsette dei mest nødvendige prosjekta. Regjeringa har allereie vedtatt fleire tiltak og foreslår fleire i statsbudsjettet for 2023. Desse er nærmare omtalt under. Avslutninga av prosjektet for samlokalisering av Havforskningsinstituttet og Fiskeridirektoratet gir innsparingar på budsjettet allereie i 2023. Andre tiltak vil gi betydelege innsparingar på sikt.

Nytt regjeringskvartal

Det nye regjeringskvartalet er eit av dei største byggjeprojekta i norsk historie. Arbeidet med nytt regjeringskvartal består av fleire prosjekt, herunder tre byggjetrinn. Nytt regjeringskvartal skal etter planen stå ferdig i 2030.

Regjeringa har gjennomgått premissar og innretning av prosjektet med mål om å redusere kostnadane. Tre tilhøyrande prosjekt er i gjennomføringsfasen, og moglegheitene for vidare bearbeiding av prosjektet avgrensast av avgjerder som er tatt i tidlege fasar.

